



Møteinnkalling

Utval:	Ulvik herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Sentrumsbygget, Møterom
Dato:	13.02.2025
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Anders Kristoffer Oppheim
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/25	Godkjenning av protokoll frå møte 28.11.2024	2024/8	
	Politiske saker		
PS 1/25	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet	2022/226	
PS 2/25	Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad	2022/329	
PS 3/25	Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad.	2024/109	
PS 4/25	Prosjektplan forvaltningsrevisjon rekruttering og kompetanse	2025/5	
PS 5/25	Vestlandsrevisjon presenterer interimrevisjon for Ulvik herad 2024	2024/56	
PS 6/25	Årsmelding 2024 for kontrollutvalet	2024/21	
	Referat saker		
RS 1/25	Utkast til prosjektplan og uavhengighetserklæring for Ulvik 2025	2024/27	
RS 2/25	Sv: Frå kontrollutvalet	2024/18	
RS 3/25	VS: FKT - medlemsinformasjon januar 2025	2022/221	
	Politiske saker		
PS 7/25	Eventuelt	2023/503	

GK 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2024/8-18
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	2/25	13.02.2025

Godkjenning av protokoll frå møte 28.11.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 28.11.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll Ulvik 281124

**Møteprotokoll**

Utval:	Ulvik herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Ulvik herad, Møterom biblioteket
Dato:	28.11.2024
Tid:	09:00 - 12:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Kristoffer Oppheim	Leiar	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleiar	AP
Harald Gorm Johnsen	Medlem	SV
Hans Åge Ohnstad-Johansen	Medlem	H

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Maria de Fatima Vestrheim-Gomez	MEDL	V

Det var ikkje mogleg å kalle inn vara grunna kort frist.

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Tommy Aarethun, forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS
Thore Hopperstad, kommunedirektør (Til PS 21-23/24)
Trygve Solberg, økonomisjef (Til PS 21-23/24)

Anders Kristoffer Oppheim
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 10/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 11/24	Godkjenning av protokoll frå møte 05.09.2024	2024/8	
	Politiske saker		
PS 21/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet	2022/226	
PS 22/24	Orientering frå kommunedirektør, Ulvik herad sine rutinar for varsling.	2023/503	
PS 23/24	Orientering frå kommunedirektør, Ulvik herad sitt arbeid med KI	2023/503	
PS 24/24	Bestilling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.	2023/418	
PS 25/24	Møteplan for kontrollutvalet - første møte i 2025	2024/27	
	Referat saker		
RS 6/24	NKRFs kontrollutvalskonferanse 2025.	2023/503	
RS 7/24	Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland	2023/503	
RS 8/24	Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren	2023/503	
	Politiske saker		
PS 26/24	Eventuelt	2023/503	

GK 10/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 11/24 Godkjenning av protokoll frå møte 05.09.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 05.09.2024 vart godkjent.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 05.09.2024

Vedtak:

Protokoll frå møte 05.09.2024 vart godkjent.

PS 21/24 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Thore Hopperstad orienterte og var mellom anna innom slike punkt:

- Konesjonskrafta er seld for 63,2 øre
- Snart ferdigstilt innkjøpsreglement, dette er nytt for heradet.
- Tilsett ingeniør på bygg og plan
- Barnevern/spira er no på plass, og målsetting om oppstart 1. januar 2025
- Barnevern, sender refusjonskrav til Ullensvang kommune i starten av 2025
- Dokumentasjon frå Ullensvang kommune til Ulvik herad i høve barnevern er framleis mangelfull. Ulvik herad legg avtale frå 2020 til grunn.

Presentasjon vert sendt ut saman med protokoll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 22/24 Orientering frå kommunedirektør, Ulvik herad sine rutinar for varslings.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Thore Hopperstad orienterte.

- Saka har bakgrunn i spørsmål frå Ulvik SV
- Kommunedirektør håpar at spørsmål frå politiske parti i framtida kan gå direkte til administrasjon.
- Personalpolitiske retningslinjer inkludert varslingsrutinar vert sendt utvalet etter møtet.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 23/24 Orientering frå kommunedirektør, Ulvik herad sitt arbeid med KI

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Thore Hopperstad orienterte og svara på spørsmål.

- Har starta med innføring av KI i heradet.
- Forenkla prosessar og kommunale tenester
- Dataavtale med ChatGpt.
- KI utarbeiding av turnusplan i helse
- KI til å svare ut spørsmål - informasjon til innbyggjarar
- Ulvik herad ønskjer å vere ein føregangskommune på KI

Presentasjon vert sendt ut saman med protokoll

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering

PS 24/24 Bestilling av prosjektplan for forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Forslag til vedtak

- 1.Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan.....
- 2.Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
- 3.Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2025, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 13.02.2025

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariat orienterte om prosess i starten av saka. Heradsstyret vedtek endeleg plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i møte i desember.

Bestilling av prosjektplan vert slik med atterhald om vedtak i heradsstyret.

Etter sams drøfting frå utvalet vart følgjande prosjekt vedteke.

Prosjekt 1, Rekruttering og kompetanse.

Kontrollutvalet vil spele inn slike moment/problemstillingar til prosjektplan:

Føremål:

Korleis kan Ulvik herad rekruttere og behalde kompetanse? Korleis legg Ulvik herad til rette for at folk vert i stillingane sine over tid?

Stikkord:

- Fadderordningar, onboarding
- Turnus - langturnus - endringar i turnus
- Heiltid - deltid
- Kompetansopolitik - etter og vidareutdanning
- Rekrutteringskompetanse hjå leiarar
- Omdøme
- Systematisert sluttsamtale?
- Avvik som vert rapportert - vert desse følgt opp?
- Medarbeidardemokrati

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan rekruttering og kompetanse.
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2025, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 13.02.2025

PS 25/24 Møteplan for kontrollutvalet - første møte i 2025

Forslag til vedtak

1. Første møte i kontrollutvalet 2025 vert torsdag 13. februar 2025
2. Sekretariatet legg fram forslag til møteplan for heile 2025 i første møte.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter sams drøfting i kontrollutvalet vart slikt forslag til møteplan 2025 samrøystes vedteke.
Dato:

13.02
28.05
03.09
13.11

Alle møta startar kl. 09.00

Vedtak:

Møteplan for kontrollutvalet i Ulvik herad 2025

13.02
28.05
03.09
13.11

Alle møta startar kl. 09.00

RS 6/24 NKRFs kontrollutvalskonferanse 2025.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 7/24 Årsmelding 2023-2024 Mobbeombodet i Vestland

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 8/24 Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

PS 26/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 28.11.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen saker meldt.

Vedtak:

Ingen saker meldt.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/226-19
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	1/25	13.02.2025

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Samandrag

Kommunedirektør er invitert til dette møte. Målsettinga med denne saka er å ha eit fast møtepunkt mellom administrasjon og kontrollutvalet. Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka, vert det tilrådd å ta saka til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Ulvik herad har gjort vedtak om at utvalet ønskjer at kommunedirektør kan kome og orientere utvalet om «nytt frå heradet» i kvart møte.

«Kontrollutvalet ønskjer sak «Nytt frå heradet». Målsettinga er å ha eit fast møtepunkt mellom administrasjon og kontrollutvalet».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøter framover. Det er ikkje sikkert kommunedirektør har moglegheit til å møte kvar gong i kontrollutvalet, men kommunedirektør vil med dette verte invitert til kvart møte.

Konklusjon

Informasjonen vert teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/329-8
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	2/25	13.02.2025

Kommunedirektør orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering gjeldande kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad til orientering
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2026, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2026

Samandrag

Kontrollutvalet vil i dette møte få ei orientering gjeldande Ulvik herad sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Økonomisk berekraft 2025-2028

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk berekraft (KØB). Det blir i den samanheng vist til kommunelova §§ 14-1 og 14-2.

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommunen.

Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunal økonomisk berekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk berekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta:

- a) *økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) *årsregnskapene og årsberetningene*
- c) *finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) *regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) *regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Videre står det i kommunelova § 23-2 m.a. dette:

Kontrollutvalget skal påse at:

- a) *Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *Det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

Kontrollutvalet behandla sak gjeldande kommunaløkonomisk berekraft i møte 16.01.2024 og vedtok følgjande:

1. Kontrollutvalet tek kommunedirektør si orientering gjeldande kommunaløkonomisk berekraft i Ulvik herad til orientering.
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå kommunedirektør i første kontrollutvalsmøte i 2025, med frist for levering av notat eller alternativt skriftleg tilfang til sekretariatet innan 15.01.2025.

Tidlegare har utgreiinga fokusert på ma.

1. Finansielle måltal
2. Aktuelle regelverk
3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Heradet sine bygg?
 - b) Heradet sine veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Heradet sine kaianlegg?
 - d) Annan infrastruktur i heradet som vatn og avløp

4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at utvalet skal sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og kontrollere at den økonomiske forvaltninga vert ivareteken i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I tråd med vedtaket i kontrollutvalet 16.01.2024 er det avtalt at kommunedirektør kjem i dette møtet for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Ulvik herad. Sekretariatet har motteke eit notat i saka som er vedlagt. Kommunedirektør kjem til møtet og orienterer om saka. (Sjå vedlegg)

Konklusjon

I tråd med vedtaket i kontrollutvalet 16.01.2024 er det avtalt at kommunedirektør kjem i dette møtet for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Ulvik herad.

UTGREIING AV KOMMUNALØKONOMISK BEREKRAFT ULVIK HERAD

1. Finansielle måltal og premiss Kommunelova har eigne reglar for økonomisk berekraft:

- «Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handlevnen blir ivaretatt over tid.»
- «...på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko...» • «...samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets utvikling.»

Måltal Heradet har hatt nokre måltal over lengre tid, men frå og med budsjettåret 2021 har fire tall vore formalisert på overordna nivå:

Netto driftsresultat: Mål om at dette over tid skal vera over 1,75% av driftsinntektene. – Målet er brote for einskilde år i økonomiplanperioden - Måtalet er noko unyansert og me vurderer om det skal gjerast korreksjon for midlertidige inntekter/kostnader som ikkje utliknast i innteningsåret. For budsjettåret 2025 er dette ikkje gjort. - Vurderer om økonomiplanperioden bør ta omsyn til vidare løn og prisvekst og prognose for storleik på rammetilskot utover prognose frå KS – For budsjettåret 2025 er dette ikkje gjort då avvik mellom prognose og tal har vore for store dei siste åra til at dette hadde skapa meirverd eller auka kvaliteten.

Disposisjonsfondsgrad: Mål om at dette over tid skal vera over 10% av driftsinntektene. Måltal for å sikra at heradet har nok tilgjengelege midlar til å klara seg gjennom eitt-to dårlege år der inntekter svikter eller kostnader er vesentleg høgare enn normalt. Etter 2023 er dette målet broten, og det er lagt opp til at målet skal vera henta inn att innan 2028 i planperioden.

Brutto renter og avdrag: Mål om at dette over tid skal vera lågare enn 10% av driftsinntektene. Måltal for å kontrollera at finanskostnader over tid ikkje legg beslag på for stor del av inntektene som skal nyttast til tenester. Neste fireårsperiode klarar knapt å oppfylla målet.

Netto lånegjeld: Mål om at dette over tid skal vera lågare enn 95% av driftsinntektene Måltal for å simulera at den totale gjeldsbyrda til heradet i teorien kan nedbetalast på eitt år med tilgjengelege inntekter. Større og større låneopptak i planperioden gjeld sjølvkost, slik at dette talet går ned gjennom planperioden.

Me har lagt inn premissar i budsjettdokumentet frå og med budsjettåret 2021. Etter erfaring frå 2022, særleg innan helsesektoren, samt plan og bygg har me sett eit behov for meir detaljerte premiss. Me har ambisjonar om å få betra detaljnivå på alle einingane men arbeid med å få på plass nytt rekneskapssystem har vore for krevjande til å kvalitetssikra dette arbeidet og er på vent fram til prosessen for 2026. Alle einingane har Premissane me har lagt vekt på i budsjettet for og 2024 2025 er fylgjande: - Tal årsverk - Tal elevar og barnehageplassar - Plassar på omsorgstunet med historisk gjennomsnittsinntening - Pasientliste for legekantoret - Historisk gjennomsnittsinntening for kjøkken og fysioterapeut - Faktisk prisvekst på eksterne tenester (legevakt, barnevern, institusjonsplass, mv) - Straumprisar - Pris- og lønnsvekst - Pensjonsprognose - Gjeldsrenter - Sjølvkostprinsipp på gebyrsatsar der dette er mogleg. Per 2025 er det for lågt omfang av byggjesøknadar til at det er råd å unngå subsidiering. For helse og omsorg har kommunalsjef fått i oppgåve å konkretisera minimumsbemanning og naudsynt auke/reduksjon i kostnad og bemanning med tanke

på brukarar i heimetenesta og pasientar på omsorgstunet fram mot budsjettarbeidet for 2025. Mykje av arbeidet vart gjennomført og Helse har gjort og vil gjernomføra ein stor omstilling i 2024 og 2025. Det er her starta ein prosess for også å sjå på moglegheit for sal av plassar til andre kommunar, men foreløpig har me landa på at det er meir gunstig å omgjera ein av avdelingane til omsorgsbustader.

2. Aktuelle regelverk Ulvik herad har eit vedteke økonomireglement, som også omfattar finansreglement. Reglementet er revidert i 2021, der endringar i gjeldande lovverk på økonomi- og finansområdet vart teke inn. Det vart også gjort endringar gjeldande frå 2020, med bakgrunn i ny kommunelov.

Kommuneplanens samfunnsdel er under revidering og skulle etter planen vedtakast etter neste kommuneval, dvs hausten 2023. Som ein del av dette planarbeidet vert det no jobba med å utarbeide eit omfattande kunnskapsgrunnlag for Ulvik herad. Me har tilsett eigen ressurs for dette kommuneplanarbeidet.

Berekraftsmål, herunder økonomiske vil vera ein sentral del av den nye samfunnsdelen til kommuneplanen. Kommuneplanen er «alle planers mor», og vil verta førande for alle andre planar framover, herunder budsjett- og økonomiplan, som i praksis er handlingsdelen til kommuneplanen.

Planen vart utsett til 2024 og vil vera del av folkevaldopplæringa i januar som ein «workshop». Me har gått til innkjøp av Stratsys for å få ei betre rapportering på økonomiområdet. Me vurderer no å utvide Statsys til ein full planplattform, der kommuneplanen vert knytt opp mot øvrige planar, heilt fram til budsjett- og økonomiplan. Dette vil vera ei forbetring, der systemet kvalitetssikrar arbeidet me gjer. I ljøs av behov for utskifting/oppgradering av økonomisystem vurderast det også å gå for andre tilsvarande løysingar, som t.d. Framsikt.

Me har også ein gjennomgang av vårt økonomisystem (Agresso), då det har vist seg å vera lite oppdatert i høve dagens krav og standardar. I tillegg er vi ein av få kommunar i vår region som framleis nyttar Agresso. Leverandøren har varsla at vår versjon ikkje lenger vil støttast etter utgangen av 2024, og heradet utlyste difor anbodskonkurranse for nytt system i november 2023. Konkurransen er enno ikkje avslutta, men er no over i prekvalifiseringsfasen som skal vera avslutta med tilbod til vurdering 23. februar. Endeleg utfall vil etter planen vera avklart 12. mars. Visma, X-ledger og TietoEvry som er dei tre største leverandørane på marknaden vart alle særskilt inviterte til å deltaka. X-ledger tok i forkant av konkurransen kontakt og sa at dei ikkje ville deltaka

3. Vedlikehaldsetterlepet i kroner på f.eks.:

a) Heradet sine bygg?

Oppgraderingsplan 2019-2031 gjeld heradet sine bygg. Sjå meir omkring estimerte kostnader i pkt. 4 nedanfor. Heradet er stort sett i rute med gjennomføring av tiltak, i tråd med planen.

Det vart gjennomført tilsyn med miljøretta helsevern i skule og barnehage i 2022, og nye tilsyn vart gjennomført hausten 2023. Det vart utarbeidd eigne planar i 2023 for å få godkjent skule og barnehage. Mange tiltak er allereie gjennomført, medan nokon er meir omfattande og må innarbeidast i vedlikehaldsplan, evt. løyvast som ekstra-ordinært

tiltak. Planlegging av ny barnehage er ein konsekvens av den samla tilstanden på dagens barnehage.

Ny barnehage og brannstasjon er omfattande tiltak som pr i dag ikkje er ein del av denne oppgraderingsplanen.

b) Heradet sine vegar, inkludert tunnelar og bruer?

Heradet har ein eigen handlingsplan for vegar, tunnelar og bruer. Denne var sist vedteken i budsjetthandsaminga desember 2024. I planen er det estimert vedlikehaldsbehov med kr 2,8 millionar i perioden 2025-2028. Planen har enno ikkje innarbeid kostnad for bruer (og kaiar). Nokre av tiltaka er allereie gjennomført, i tråd med planen. Det vart og i 2024 gjennomført ekstra vedlikehaldsarbeid (asfaltering) på Osafjellsvegen for 2 millionar, der heradet dekkar halvparten og Statkraft den andre halvparten. Det vart utarbeidd eit excel-ark som viste planlagt vedlikehaldsarbeid på kommunale vegar i 2023, der kostnaden var estimert til i underkant av kr 2 mill. Tiltaka er delvis gjennomførte.

Hallanger bru er eit eige investeringsprosjekt som ikkje er ein del av denne handlingsplanen pr. dags dato. Kostnaden her vil koma på eit seinare tidspunkt.

Heradet har ingen kommunale tunnelar.

c) Heradet sine kaianlegg?

Heradet har gjennomført kartlegging av kaiar og bruer i 2024. Behovet etter denne kartlegginga vil verta lagt inn i handlingsplan for veg, kaiar og bruer så snart ein har kostnadsoverslag for oppgraderinga. Løyvinga er gjort i samband med at Handlingsplan for kommunale vegar, kaiar og bruer i samband med årleg budsjetthandsaming. Tyssevikskaiaen vart oppgradert i 2024.

d) Annan infrastruktur i heradet, som vatn og avløp

Investeringsbudsjettet inkluderer kostnadar til gradvis utskifting av det kommunale vatn- og kloakknettet. Løyving til dette føremålet vert gjort årleg i samsvar med VA-planen vedteken i 2024. I tillegg vert utskifting av røyr gjort i samband med tiltak som krev rehabilitering av bygg eller veg, som allereie er knytt til nettet. Reinse- og vassanlegg er frå 2017 og har enno ikkje behov for omfattande vedlikehald.

4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?

Heradet har ein vedteken oppgraderingsplan (2019-2031) og denne vert rullert jamleg. I planen er det estimert eit oppgraderingsbehov tilsvarande kr 17,8 mill fram til 2031.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/109-4
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	3/25	13.02.2025

Vurdering om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå forvaltningsrevisor Tommy Aarethun vedrørende om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad. Vedlagte uavhengighetserklæring frå Tommy Aarethun ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uavhengighetserklæring til KU -forvaltning-Ulvik-2025-taa

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar løpande vurdere sin uavhengighet. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommunelova § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet. Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til egenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Forvaltningsrevisor hjå Vestlandsrevisjon IKS, Tommy Aarethun har sendt over slik egenvurdering dagsett 14.01.2025. Egenvurderinga ligg ved som vedlegg til saka.

Som det går fram av kommunelova har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at heradet har ein tryggande revisjon.

Kontrollutvalet si handsaming av forvaltningsrevisor si egenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at heradet har ein tryggande revisjon.

Sekretariatet viser og til uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor, Janne Eraker som vart handsama i kontrollutvalet 05.09.2024.

Konklusjon

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad. Vedlagte uavhengighetserklæring frå Tommy Aarethun ligg til grunn for saka.

Til Kontrollutvalet i Ulvik

Stadfesting av forvaltningsrevisor sin uavhengigheit

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, gjer med dette underteikna oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av vår uavhengigheit til kontrollutvalet. Underteikna er kjend med at kravet til uavhengigheit og objektivitet også gjeld for revisor sine medarbeidarar. Krava til uavhengigheit og objektivitet gjeld for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I Vestlandsrevisjon IKS sine revisjonsplanar inngår ei vurdering av uavhengigheiten til kvar einskild revisor i verksemda sitt revisjonsteam som eit eige punkt i revisjonsplanen.

Ifylgje kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. Denne eigenvurderinga fylgjer nedanfor.

Oppdragsrevisor si eigenvurdering av krava

Forskriftskrav	Eigenvurdering
1. Krav til revisor si uavhengigheit, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Underteikna stadfestar at det ikkje føreligg særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisoren si uavhengigheit og objektivitet.
2. Revisor si tilknytning til den reviderte verksemda, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har ei slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte verksemda eller verksemda sine tilsette eller tillitsvalde at den er eigna til å svekke revisoren si uavhengigheit og objektivitet. Heller ikkje revisor sine nærstående har slik tilknytning.
3. Revisor sine stillingar, verv og tenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 a. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i kommunen
	§ 18 b. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i ei verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i, eller er eigar av utover at

	Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjon og er organisert som eit interkommunalt selskap
	§ 18 c. Underteikna stadfestar at revisor ikkje er medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i eller er eigar av, utover at revisor si verksemd utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
	§ 18 d. Underteikna stadfestar at revisor ikkje deltek i, eller har funksjonar i noko anna verksemd, som medfører at revisor sine interesser kjem i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på anna måte er eigna til å svekke tilliten til revisoren
	§ 18 e. Underteikna stadfestar at revisor ikkje utfører rådgjevingstenester eller andre tenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er eigna til å svekke revisor sin uavhengigheit og objektivitet
	§ 18 f. Underteikna stadfestar at revisor ikkje yter tenester som høyrer inn under den reviderte verksemda sine egne leiings- og kontrolloppgåver
	§ 18 g. Underteikna stadfestar at revisor ikkje opptrer som fullmektig for den reviderte verksemda, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Voss, 14.01.2025

Tommy Aarethun
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor



Saksframlegg

Saksnr: 2025/5-1
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	4/25	13.02.2025

Prosjektplan forvaltningsrevisjon rekruttering og kompetanse

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon rekruttering og kompetanse i Ulvik herad frå Vestlandsrevisjon IKS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.25. Dersom korrigeringar, har kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan inkludert presentasjon i kommunestyret.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Vestlandsrevisjon IKS si side innan 20.01.2026 , ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Samandrag

Føremålet med denne saka ar at kontrollutvalet skal ta stilling til vedlagt forslag til prosjektplan frå Vestlandsrevisjon, på kva forvaltningsrevisjonen innan rekruttering og kompetanse bør innehalde og korleis dei har tenkt å gjennomføre arbeidet

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Prosjektplan Ulvik rekruttering og kompetanse

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Ulvik herad gjorde slikt vedtak i møte 28.11.2024, PS 24/24

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan rekruttering og kompetanse.
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2025, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 13.02.2025

I møtet kom det fram slike moment/stikkord til føremål og problemstillingar:

Føremål: Korleis kan Ulvik herad rekruttere og behalde kompetanse? Korleis legg Ulvik herad til rette for at folk vert i stillingane sine over tid?

Stikkord:

- Fadderordningar, «onboarding»
- Turnus - langturnus - endringar i turnus
- Heiltid - deltid
- Kompetansepolitikk - etter og vidareutdanning
- Rekrutteringskompetanse hjå leiarar
- Omdøme
- Systematisert sluttsamtale? –
- Avvik som vert rapportert - vert desse følgt opp?
- Medarbeidardemokrati

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er heradsstyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Vestlandsrevisjon levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke i kva grad Ulvik herad lukkast med å rekruttere og behalde naudsynt kompetanse i organisasjonen. Vidare er det ein del av føremålet å sjå på korleis Ulvik herad legg til rette for at folk vert verande i stillingane sine over tid.

Med bakgrunn i føremålet, er det formulert følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad lukkast Ulvik herad med å rekruttere naudsynt kompetanse til organisasjonen?
2. Kva system, rutinar og praksis har Ulvik herad for oppfølging og utvikling av tilsette i heradet, med mål om at desse skal vera motiverte til å halda fram i jobben?
3. Kva system, rutinar og praksis har ein for å fange opp læringspunkt frå tilsette som sluttar, og i kva grad nyttar ein dette til læring og utvikling i organisasjonen?

Som ein del av arbeidet med å belyse desse problemstillingane vil revisjonen blant anna sjå på: - Aktuelle rekrutteringsprosessar - Medarbeidaroppfølging - Avtale- og planverk - Tillitsvalte si rolle i organisasjonen - Skrifteleg rutinar, system, mm. – Læringar

Metode. Revisor skriv ma. slik.

I samsvar med god kommunal revisjonsskikk vil det verta gjennomført oppstartsmøte med administrasjonen i kommunen. På oppstartsmøtet vil det bli gjort greie for bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen, problemstillingar, aktuelle kriterium, informasjonsbehov og gjennomføringa av kontrollen.

Vi vil samle inn data frå ulike kjelder. I dette prosjektet vil det verta gjennomført dokumentanalyse av sentrale dokument og dokumentasjon vi innhentar frå Ulvik herad. I tillegg vil vi gjennomføre intervju med nøkkelpersonar i organisasjonen, tillitsvalte og med utvalde tilsette. Alle intervju vil bli verifiserte. Vidare meiner vi det i dette prosjektet vil vera naturleg å gjennomføre ei eller fleire spørjeundersøkingar retta mot tilsette i heradet for å bidra til ei breiare belysning av problemstillingane. Vi trur dette vil vera eit viktig bidrag og kan tilføre prosjektet nyttig informasjon.

Vi vil som ein del av prosjektet også sjå på andre kommunar for å samanlikne tiltak og grep i Ulvik med desse.

Gjennomføring**Revisor skriv slik:**

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i Vestlandsrevisjon IKS er Tommy Aarethun. Prosjektet er estimert til ca. 300 timar, og revisor føreslår oppstart i februar 2025 med mål om ferdigstilling innan årsslutt og politisk handsaming i kontrollutvalet våren 2026.

Undervegs i prosjektet vil oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor orientere om framdrift, og avklare eventuell endringar i prosjektet.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette.

PROSJEKTPLAN

Forvaltningsrevisjon – rekruttering og kompetanse



14.01.24

Ulvik Herad

Bakgrunn

Framlegg til prosjektplan er utarbeidd med grunnlag i bestilling frå kontrollutvalet i Ulvik herad i sak 24/24 der det vart fatta følgjande vedtak:

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan rekruttering og kompetanse.
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2025, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 13.02.2025

Vedtaket i kontrollutvalet og prosjektplanen byggjer på «Plan for forvaltningsrevisjon» som vart vedteke i heradsstyret i Ulvik i sak 086/24 i samsvar med krava i Lov om kommuner og fylkeskommune (Kommunelova) ¹ § 23-3.

Om forvaltningsrevisjon

Definisjonen av forvaltningsrevisjon følgjer av Kommunelova § 23-3 første ledd.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Etter kommuneloven § 23-2 første ledd bokstav c skal kontrollutvalet sjå til at

«det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser»

Revisor skal etter kommuneloven § 24-2 gjennomføre forvaltningsrevisjon bestemt i lov eller i medhald av lov.

¹ Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>

Føremål, problemstillingar, og revisjonskriterier

Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke i kva grad Ulvik herad lukkast med å rekruttere og behalde naudsynt kompetanse i organisasjonen. Vidare er det ein del av føremålet å sjå på korleis Ulvik herad legg til rette for at folk vert verande i stillingane sine over tid.

Tilgang på nok og riktig arbeidskraft er kanskje den aller største utfordringa for norske kommunar, og framover vil kampen om arbeidskrafta truleg tetne seg enno meir til. I kampen om arbeidskrafta er det viktig å ha ei systematisk og kunnskapsbasert tilnærming til korleis ein arbeider med rekruttering for å sikre at ein greier å tileigne seg den naudsynte kompetansen.

Vidare er det viktig at kommunane har gode system, planar og rutinar for korleis ein følg opp og utviklar dei tilsette ein allereie har for å sikre at ein beheld og utviklar denne kompetansen. Og kva læringspunkt kan ein hente ut når ein tilsett vel å slutte til fordel for tilsvarande jobb ein annan stad?

Forvaltningsrevisjonen vil ha eit overordna blick på kompetansepolitikken i Ulvik herad – frå rekruttering, via oppfølging og utvikling av tilsette, til læring frå dei som vel å avslutte til arbeidsforhold i heradet.

Problemstillingar

1. *I kva grad lukkast Ulvik herad med å rekruttere naudsynt kompetanse til organisasjonen?*
2. *Kva system, rutinar og praksis har Ulvik herad for oppfølging og utvikling av tilsette i heradet, med mål om at desse skal vera motiverte til å halda fram i jobben?*
3. *Kva system, rutinar og praksis har ein for å fange opp læringspunkt frå tilsette som sluttar, og i kva grad nyttar ein dette til læring og utvikling i organisasjonen?*

Som ein del av arbeidet med å belyse desse problemstillingane vil revisjonen blant anna sjå på:

- Aktuelle rekrutteringsprosessar
- Medarbeidaroppfølging
- Avtale- og planverk
- Tillitsvalte si rolle i organisasjonen
- Skrifteleg rutinar, system, mm.
- Læringar

Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav, normer og/eller standardar som kommunen skal vurderast opp mot. Kriteria skal vere basert på autoritative eller anerkjente kjelder innanfor det reviderte området og skal vere relevante, konkrete og i samsvar med dei krav som kan stillast til kommunen.

Relevante kjelder for revisjonskriterium i samband med forvaltningsrevisjonsprosjektet kan vere:

- Relevant nasjonalt lovverk, retningslinjer mm.
- Lokale vedtak, planar og dokument knytt til kompetansepolitikk
- Hovudtariffavtale og anna avtaleverk

Tilnærming og gjennomføring

Metode

Etter kommunelova § 24-2 andre ledd skal revisor «*planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk*».

Vestlandsrevisjon IKS arbeider i tråd med «RSK 001 standard for forvaltningsrevisjon»² vedteken av Norges Kommunerevisorsforbund (NKRf) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonar. Dette er ein standard som definerer god kommunal revisjonsskikk for forvaltningsrevisjon innanfor rammene av kommunelova, og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon. Standarden byggjer vidare på internasjonale prinsipp og standardar fastsett av INTOSAI og IIA.

I samsvar med god kommunal revisjonsskikk vil det verta gjennomført oppstartsmøte med administrasjonen i kommunen. På oppstartsmøtet vil det bli gjort greie for bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen, problemstillingar, aktuelle kriterium, informasjonsbehov og gjennomføringa av kontrollen.

Vi vil samle inn data frå ulike kjelder. I dette prosjektet vil det verta gjennomført dokumentanalyse av sentrale dokument og dokumentasjon vi innhentar frå Ulvik herad. I tillegg vil vi gjennomføre intervju med nøkkelpersonar i organisasjonen, tillitsvalte og med utvalde tilsette. Alle intervju vil bli verifiserte.

Vidare meiner vi det i dette prosjektet vil vera naturleg å gjennomføre ei eller fleire spørjeundersøkingar retta mot tilsette i heradet for å bidra til ei breiare belysning av problemstillingane. Vi trur dette vil vera eit viktig bidrag og kan tilføre prosjektet nyttig informasjon. Vi vil som ein del av prosjektet også sjå på andre kommunar for å samanlikne tiltak og grep i Ulvik med desse.

Dei innsamla data vil bli vurdert og analysert for å svare på etablerte revisjonskriterium og problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Gjennomføring

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i Vestlandsrevisjon IKS er Tommy Aarethun. Prosjektet er estimert til ca. 300 timar, og revisor føreslår oppstart i februar 2025 med mål om ferdigstilling innan årsslutt og politisk handsaming i kontrollutvalet våren 2026.

Undervegs i prosjektet vil oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor orientere om framdrift, og avklare eventuell endringar i prosjektet.

² RSK 001 – Standard for forvaltningsrevisjon, revidert 08/20

https://www.nkrf.no/filarkiv/File/Publikasjoner/RSK_RevisjonsStandard_Kommune/RSK_001_Standard_for_forvaltningsrevisjon_200812.pdf



Saksframlegg

Saksnr: 2024/56-20
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	5/25	13.02.2025

Vestlandsrevisjon presenterer interimrevisjon for Ulvik herad 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2024 for Ulvik herad frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Vestlandsrevisjon IKS skal presentere resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen i Ulvik herad for rekneskapen for 2024. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein trygg måte.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Ulvik herad Interimsrapport 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Ulvik herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

Videre har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det bl.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
c) *regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskaperen vert revidert på ein betryggende måte og halde seg laupande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklaras slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollera at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde områder.

I møte i kontrollutvalet 05.09.2024, PS 18/24 orienterte Vestlandsrevisjon IKS om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjon så langt i 2024 og presenterte risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskaperen for 2024.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera eit ledd i å sjå til at Ulvik herad sine rekneskaper vert revidert på ein betryggende måte og at Ulvik herad har ein forsvarleg revisjon.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å komme med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønsker det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på.

Oppsummeringa etter interimsrevisjonen ligg ved.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimsrevisjonen for 2024 frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Til kontrollutvalet i Ulvik herad

Kopi: Kommunedirektør
Økonomisjef

Isdalstø, 20. januar 2025

REVISJONSRAPPORT INTERIM 2024



Vi har gjennomført interimsrevisjon i Ulvik herad for 2024 og i samband med det har vi nokre kommentarar til arbeidet vi har utført.

Kartlegging av rutinar og implementerte kontrollar

Vi har gjennomgått og oppdatert tidlegare kartlagde rutinar og implementerte kontrollar som er i bruk i heradet si administrasjon. For å kunne bygge vidare på heradet sine interne kontrollar i revisjonen, har vi innhenta revisjonsbevis for at rutinar og implementerte kontrollar fungerer tilfredsstillande. Dette gjer vi ved bruk av utvalsbasert testing. Dersom heradet har gode interne kontrollar, kan vi bygge på dette i revisjonen og utføre mindre detaljtesting. Om heradet har svake rutinar og ikkje fungerande interne kontrollar på eit område, må vi i større grad teste detaljar i revisjonen. Hensikta er å gje oss tilfredsstillande sikkerheit for at det ikkje oppstår vesentlege feil i rekneskapen for 2024.

Test av kontrollar

Heradet driv ei mangearta og kompleks verksemd med mange transaksjonar, og det er derfor viktig at det er etablert god økonomisk intern kontroll og at dei etablerte kontrollane fungerer som føresettt. For å sikre oss at internkontrollen fungerer, har vi i samband med interimrevisjonen testa følgjande kontrollar i Ulvik herad:

- Attestasjon og tilvising knytt til innkjøp (både innan drift og investering)
- Løn / reiserekningar
- Avstemmingsrutinar på ulike område
- Inntekter / brukarbetalingar
- Gjennomgang av investeringsprosjekt

Resultat ved test av kontrollar 2024

Attestasjon og tilvising knytt til innkjøp

- For å blant anna sikre at utgifter vedkjem heradet er det innført arbeidsdeling med to-steps signatur for godkjenning og tilvising av rekningar til betaling.
- Våre kontrollar syner at dette i all hovudsak fungerer tilfredsstillande.

Reiserekningar

- Vi har kontrollert eit utval reiserekningar i heradet. Vi har funne nokre avvik ved at alle pliktige opplysningar ikkje går fram av reiserekninga. Vi rår til at rutine på området blir gjennomgått. Elles blei ingen vesentlege feil eller manglar avdekka i vår kontroll.

Avstemming bank

- Avstemming av bank blir utført i henhold til rutinar. Heradet er ajour med avstemmingar og har ingen opne uavklarte postar i banken pr 30.9.24.

Inntekter / brukarbetalingar

- Det er tilfredsstillande rutinar knytt til eksport og import av filer frå andre system til Agresso.
- Det er ikkje dokumentert utført intern kontroll på alle inntektsområde. Vi rår til at det blir inkludert i rutinen for fakturering av brukarbetalingar og kommunale gebyr at det blir dokumentert ein intern kontroll der grunnlag er korrekt før fakturering blir utført.
- Vi har ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar i vår gjennomgang på inntektsområdet.

Resultat detaljtesting 2024

Meirverdiavgift

- Vi har gjennomgått rutinar og analysert meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon i høve til aktuelle tenesteområde og prosjekt i rekneskapen. Vi har ikkje avdekka vesentlege feil med behov for korreksjonar i samband med gjennomgangen. Vi kontrollerer bilag og meirverdiavgiftskompensasjon ved terminvise kontrollar gjennom heile året. Våre kontrollar har ikkje avdekt vesentlege feil. Eventuelle avvik vi har funne er kommunisert til økonomikontoret og har blitt korrigert på ein rask og ryddig måte.

Løn

- Vi har utført detaljtest på løn, der vi blant anna har kontrollert at løn til fast tilsette er registrert riktig i lønssystemet på bakgrunn av signerte arbeidsavtaler. Det vart ikkje avdekka avvik. Revisjonen fekk gjennom detaljkontrollen ei oppfatning av at det var god orden og kontroll på lønsområdet. Lønsavstemmingar vert utført jamleg, og heradet er ajour på området pr interim.
- Kontroll av refusjon av sjukepengar stemmer i økonomi og lønn.

Investeringsprosjekt

- Vi har innhenta og gått gjennom oversikt over dei ulike investeringsprosjekta i heradet og planlegg oppfølgande arbeid på dette området i samband med årsoppgjeret.
- Mange av prosjekta blir skriftleg vurdert og gjennomgått av administrasjonen. Vi rår til at denne rutina blir vidareutvikla slik at alle prosjekt blir vurdert på denne måten.
- Vi har ikkje funne vesentlege feil på området med tanke på vurdering og skilje mellom drift og investering. Vi opplever ein god dialog med administrasjonen på dette området.

Hovudkonklusjon etter interimrevisjon 2024

- Ingen vesentlege feil er avdekka i løpet av interimrevisjonen.
- Mindre avvik er korrigert løpande gjennom året.
- Heradet er i hovudsak ajour med både løpande oppgåver og avstemmingar.

Årsavslutning:

Vi minnar om at frist for å avleggje årsrekneskap er 22. februar og årsmelding den 31. mars. Føreligg årsrekneskap og årsmelding innan fristen, vil vi avgje vår revisjonsmelding innan fristen 15. april 2025. Avlagt rekneskap inneber at alle avstemmingar og underdokumentasjon er motteke til revisjon.

Med venleg helsing,

Vestlandsrevisjon IKS
Janne Eraker
Revisjonssjef/statsautorisert revisor



Saksframlegg

Saksnr: 2024/21-3
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	6/25	13.02.2025

Årsmelding 2024 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2024. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til heradsstyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Årsmelding Ulvik KU 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2024. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til heradsstyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»


Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til heradsstyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der, slik det og har vore gjort i ei årrekke.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at heradsstyret godkjenner årsmeldinga.

Årsmelding
2024
for
kontrollutvalet



- 1. Føremål og oppgaver for kontrollutvalet.**

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

2. Samansetnad av utvalet i valperioden 2023 – 2027

Medlemar:	Varamedlemar i rekkefølge:
Anders Kristoffer Oppheim (Leiar)	1. Arild Opheim
Alf Gunnar Sortland (Nestleiar)	2. Lars Helge Ljone
Harald Gorm Johnsen (Medlem)	3. Hulda Run Thorbjørnsen
Hans Åge Ohnstad-Johansen (Medlem)	
Maria de Fatime Vestrheim Gomez (Medlem)	

Anders Kristofer Oppheim har sete i heradsstyret. Lovkrav om at minst ein i kontrollutvalet er med der.

3. Om verksemda til kontrollutvalet i 2024

- Kontrollutvalet hadde 4 møter og handsama 29 politiske saker og 7 referatsaker.
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre frå administrasjonen har møtt når dei har vore innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4. Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet som tilfredsstillar utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå kommunelova § 23-7:

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Ulvik herad. Kjartan Haugsnes og Helge Inge Johansen har vore sekretær på alle møta i 2024.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane (utanom Eidfjord): Stord, Bømlo, Fitjar, Tynes, Austevoll, Ulvik, Kvinnherad, Kvam, Ullensvang, Øygarden, Samnanger, Vaksdal og Askøy.

I tillegg til dette er sekretariatet valgt som sekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kontrollutval i 2024 til 2026.

5. Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av heradsstyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Vestlandsrevisjon IKS er revisor for Ulvik herad. Vestlandsrevisjon IKS har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot heradet, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med heradsstyret, administrasjonen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Ansvarleg revisor har vore Janne Eraker. Arne Gilbakken og Tommy Aarethun har hatt ansvaret for forvaltningsrevisjon. Vestlandsrevisjon IKS har i tråd med regleverket lagt fram eigenvurdering for at revisjonen er uavhengig i høve Ulvik herad.

6. Forvaltningsrevisjon.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

7. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028

Heradet skal etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at heradsstyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”

Plan for forvaltningsrevisjon vart samrøystes vedteke i heradsstyremøte 11.12.2024, PS 86/24

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Ulvik herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, satt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.

Prioritering som er vedteke i plan for forvaltningsrevisjon i Ulvik herad 2024 – 2028:

Prioritet	Risiko	Område	Aktuelle tema i forvaltningsrevisjon
1	Middels	Heile organisasjonen	Rekruttere og behalde kompetanse
2	Høg	Stab	Økonomistyring, budsjettering og analyse.
3	Høg	Samfunn og plan	Sjølvcost innan VA og <u>septikktømming</u>
4	Høg	Samfunn og plan	Oppfølging plan for vedlikehald av bygg
5	Middels	Stab	Internkontroll, avvikshandtering og kvalitetskontroll
6	Middels	Stab	IKT-tryggleik knytt til GDPR og dataavtalar
7	Middels	Samfunn og plan	Forsyningstryggleik av vatn
8	Middels	Samfunn og plan	Kommunen si rolle i næringsutvikling
9	Høg	Skule (oppvekst)	PPT tenesta, spesialundervisning og samhandling (SPIRA)
10	Høg	Helse og velferd	Økonomi -budsjettering og rekneskap inkludert internkontroll/rolle/ansvar

8. Forvaltningsrevisjon – gjennomførte prosjekt

Forvaltningsevisjon – Kjøp av tenester frå andre kommunar.

Kontrollutvalet bestilte denne forvaltningsrevisjonen i møte 06.10.2022, og rapporten vart handama av kontrollutvalet i møte 12.10.2023. Innstillinga frå kontrollutvalet til heradsstyret vart samrøystes vedteke i møte 13.12.2023 (HST-133/23):

«Heradsstyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørgje for at Ullensvang kommune som vertskommune, legg fram dokumentasjon som viser samla drifts- og lønnsutgifter knytt til heile Hardanger Barnevern. Dette er også viktig dersom heradet skal krevja tilbake eventuelle midlar etter den stor kostnadsauken i 2021 og 2022. Vidare at det vert dokumentert eventuelle refusjonar frå statleg hald samt utgifter som skal dekkjast særskilt av ein part i vertskommune-samarbeidet. Dette er viktig for å sikra tilfredsstillande internkontroll.
2. Vurdera ulike alternativ for organisering av barnevernsarbeidet. Dette kan gi betre økonomi og styrka samarbeidet med skulen og PPT-tenesta.
3. Dersom Ulvik herad fortset i Hardanger Barnevern må kommunedirektøren sørgje for å få retta opp i feil og manglar i eksisterande vertskommuneavtale. Dette gjeld dei nye økonomiske føresetnadene med bortfall av Støtte frå Statsforsvaltaren og fordeling av driftsutgifter jf. Ullensvang kommune sitt behov.
4. Syta for at driftsbudsjettet for Hardanger Barnevern vert oppjustert i tråd med den nye finansieringsmodellen for drift av barnevernet sine stillingar/årsverk.

5. Sørgja for at gjeldande mangelfull praksis kring fast kontordag for barnevernet i Ulvik kjem på plass i høve vertskommuneavtalen med Hardanger Barnevern
6. Vurdera om ansvaret for det kommunale barnevernet bør leggjast til oppvekstsektoren jf. at dette tenesteområdet har meir direkte kontakt med barn og unge i Ulvik herad.
7. Heradsstyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til første møte i 2024, som viser kvar tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådinga i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Prioritert handlingsplan vert å senda kontrollutvalet sitt sekretariat innan 15.01.2024.»

Handlingsplan vart lagt fram og handsama i kontrollutvalet 16.02.2024. I kontrollutvalet sitt møte 05.09.2024 vart handlingsplanen vidare følgt opp og kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i PS 13/24:

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny status på handlingsplanen gjeldande kjøp av tenester frå andre kommunar til første møte i 2025

9. Plan for eigarskapskontroll 2024 - 2028

Heradet skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av heradet sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at heradsstyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen

Planen for eigarskapskontroll vart vedteken i heradsstyremøte 11.12.2024, PS 85/24

Her vart det gjort slikt vedtak samrøystes:

1. Forslag til plan for eigarskapsforvaltning for perioden 2024 – 2028 for Ulvik herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontroll til heradsstyret etter kvart.

Prioritering som er vedteke i plan for eigarskapskontroll i Ulvik herad 2024 – 2028:

	Selskap
1	Eigarskapsforvaltning

10. Rekneskap i Ulvik herad 2023

Oppsummering/tilråding frå kontrollutvalet

- Netto driftsresultat er på – 3,18 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Lånegjeld er berekna til 69,61 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er at ein ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene som lånegjeld.
- Gjeldsbelastning er berekna til 5,35 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 6,65 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%.

11. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Ulvik herad er medlem i FKT. Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

12. Opplæring

I februar 2024 deltok 3 av medlemmane i kontrollutvalet på felles folkevaldopplæring på Solstrand for kontrollutvala i kommunene i tidlegare Hordaland fylke. Kjernen i opplæringa er kontrollutvalsboka, og innleggshaldarar var i hovudsak frå sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og oppdragsansvarleg partner i Deloitte.

13. Andre saker / orienteringssaker

- Årsmelding 2023 for kontrollutvalet
- Årsmelding og rekneskap for Ulvik herad 2023
- Planarbeid
- Rapport etterlevingskontroll
- Behandling av henvendingar til kontrollutvalet
- Kommunaløkonomisk berekraft
- Henvendingar
- Budsjett 2025 for kontrollutvalet

14. Nytt frå heradet.

Dei siste åra har kontrollutvalet hatt ein fast post på alle møter med tittel «Nytt frå heradet» Kommunedirektør har møtt i dei fleste møta i 2024 og gjeve kontrollutvalet god og nyttig informasjon om stort og smått som skjer i heradet. Kontrollutvalet vil nytte siste punkt i årsmeldinga til å takke for god informasjon og godt samarbeid med administrasjonen i heradet også i 2024.

Ulvik, 13.02.2025

Anders Kristoffer Oppheim
leiar i kontrollutvalet

Ulvik herad

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

telefon: 05557

e-post: hogne.haktorson@vfk.no

e-post: stian.skar.ludvigsen@vfk.no

e-post: kjartan.haugsnos@vfk.no

e-post: helge.inge.johansen@vfk.no

e-post: einar.kare.ulla@vfk.no

e-post: kontrollutvalet@vfk.no

Fra: Tommy Aarethun[tommy.aarethun@vestlandsrevisjon.no]
Sendt: 14.01.2025 11:42:29
Til: Kjartan Haugsnes[Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no]
Tittel: Utkast til prosjektplan og uavhengighetserklæring for Ulvik 2025

Hei Kjartan,

Godt nytt år. Ser fram til samarbeidet også i år.

Vedlagt finn du

- Utkast prosjektplan forvaltningsrevisjon Ulvik
- Uavhengighetserklæring Ulvik 2025

I møtet kan eg innleie litt om prosjektplanen og presentere mitt framlegg til tidslinje for framdrift i prosjektet.

Eg skal ut i pappapermisjon i år, i perioden 05.05 til 15.09. I den anledning har eg lagt opp til at ein skal gjennomføre spørjeundersøkingar i prosjektet – men eg har eit par forhold eg gjerne vil drøfte knytt til prosjektet i Ulvik.

A) Kan vi førslå å flytte KU-møtet i Ulvik i september?

I Ulvik er det satt opp eit møte i KU i starten av september som eg vonar vi kunne løfta i neste KU-møte om kunne blitt flytta til slutten av september f.eks.? Då vil eg kunne orientere på ein god måte i dette møtet om ting som har skjedd i dette prosjektet medan eg er i permisjon, og eg trur det vil vera best for KU si involvering i det pågåande prosjektet.

I prosjektplanen legg eg opp til at det skal gjennomførast 1 eller 2 spørjeundersøkingar og at dette vil skjer i det aktuelle tidsrommet eg er i perm. Vi vil difor ha mykje nye data tilgjengelege når eg er attende i jobb 15.09.

B) Milepælsorientering i mai-møtet

På møtet i Ulvik i mai vonar eg ei god løysing kan vera å orientere skriftleg om framdrift i prosjekta som då vil vera starta opp (tidsmessig er vi i prosess på alle tre prosjekta på dette tidspunktet og det vil difor truleg vera lite fagleg å orientere om, men ein del praktisk knytt til framdrift som eignar seg godt til å orientere om skriftleg tenker eg).


Mvh, Tommy Aarethun
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor
Tlf: 95 16 75 02



Miltzowsgate 2, 5700 Voss

PROSJEKTPLAN

Forvaltningsrevisjon – rekruttering og kompetanse



14.01.24

Ulvik Herad

Bakgrunn

Framlegg til prosjektplan er utarbeidd med grunnlag i bestilling frå kontrollutvalet i Ulvik herad i sak 24/24 der det vart fatta følgjande vedtak:

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan rekruttering og kompetanse.
2. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Vestlandsrevisjon IKS levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 20.01.2025, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 13.02.2025

Vedtaket i kontrollutvalet og prosjektplanen byggjer på «Plan for forvaltningsrevisjon» som vart vedteke i heradsstyret i Ulvik i sak 086/24 i samsvar med krava i Lov om kommuner og fylkeskommune (Kommunelova) ¹ § 23-3.

Om forvaltningsrevisjon

Definisjonen av forvaltningsrevisjon følgjer av Kommunelova § 23-3 første ledd.

§ 23-3. Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Etter kommuneloven § 23-2 første ledd bokstav c skal kontrollutvalet sjå til at

«det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser»

Revisor skal etter kommuneloven § 24-2 gjennomføre forvaltningsrevisjon bestemt i lov eller i medhald av lov.

¹ Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>

Føremål, problemstillingar, og revisjonskriterier

Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke i kva grad Ulvik herad lukkast med å rekruttere og behalde naudsynt kompetanse i organisasjonen. Vidare er det ein del av føremålet å sjå på korleis Ulvik herad legg til rette for at folk vert verande i stillingane sine over tid.

Tilgang på nok og riktig arbeidskraft er kanskje den aller største utfordringa for norske kommunar, og framover vil kampen om arbeidskrafta truleg tetne seg enno meir til. I kampen om arbeidskrafta er det viktig å ha ei systematisk og kunnskapsbasert tilnærming til korleis ein arbeider med rekruttering for å sikre at ein greier å tileigne seg den naudsynte kompetansen.

Vidare er det viktig at kommunane har gode system, planar og rutinar for korleis ein følg opp og utviklar dei tilsette ein allereie har for å sikre at ein beheld og utviklar denne kompetansen. Og kva læringspunkt kan ein hente ut når ein tilsett vel å slutte til fordel for tilsvarande jobb ein annan stad?

Forvaltningsrevisjonen vil ha eit overordna blick på kompetansepolitikken i Ulvik herad – frå rekruttering, via oppfølging og utvikling av tilsette, til læring frå dei som vel å avslutte til arbeidsforhold i heradet.

Problemstillingar

1. *I kva grad lukkast Ulvik herad med å rekruttere naudsynt kompetanse til organisasjonen?*
2. *Kva system, rutinar og praksis har Ulvik herad for oppfølging og utvikling av tilsette i heradet, med mål om at desse skal vera motiverte til å halda fram i jobben?*
3. *Kva system, rutinar og praksis har ein for å fange opp læringspunkt frå tilsette som sluttar, og i kva grad nyttar ein dette til læring og utvikling i organisasjonen?*

Som ein del av arbeidet med å belyse desse problemstillingane vil revisjonen blant anna sjå på:

- Aktuelle rekrutteringsprosessar
- Medarbeidaroppfølging
- Avtale- og planverk
- Tillitsvalte si rolle i organisasjonen
- Skrifteleg rutinar, system, mm.
- Læringar

Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav, normer og/eller standardar som kommunen skal vurderast opp mot. Kriteria skal vere basert på autoritative eller anerkjente kjelder innanfor det reviderte området og skal vere relevante, konkrete og i samsvar med dei krav som kan stillast til kommunen.

Relevante kjelder for revisjonskriterium i samband med forvaltningsrevisjonsprosjektet kan vere:

- Relevant nasjonalt lovverk, retningslinjer mm.
- Lokale vedtak, planar og dokument knytt til kompetansepolitikk
- Hovudtariffavtale og anna avtaleverk

Tilnærming og gjennomføring

Metode

Etter kommunelova § 24-2 andre ledd skal revisor «*planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk*».

Vestlandsrevisjon IKS arbeider i tråd med «RSK 001 standard for forvaltningsrevisjon»² vedteken av Norges Kommunerevisorsforbund (NKRf) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonar. Dette er ein standard som definerer god kommunal revisjonsskikk for forvaltningsrevisjon innanfor rammene av kommunelova, og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon. Standarden byggjer vidare på internasjonale prinsipp og standardar fastsett av INTOSAI og IIA.

I samsvar med god kommunal revisjonsskikk vil det verta gjennomført oppstartsmøte med administrasjonen i kommunen. På oppstartsmøtet vil det bli gjort greie for bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen, problemstillingar, aktuelle kriterium, informasjonsbehov og gjennomføringa av kontrollen.

Vi vil samle inn data frå ulike kjelder. I dette prosjektet vil det verta gjennomført dokumentanalyse av sentrale dokument og dokumentasjon vi innhentar frå Ulvik herad. I tillegg vil vi gjennomføre intervju med nøkkelpersonar i organisasjonen, tillitsvalte og med utvalde tilsette. Alle intervju vil bli verifiserte.

Vidare meiner vi det i dette prosjektet vil vera naturleg å gjennomføre ei eller fleire spørjeundersøkingar retta mot tilsette i heradet for å bidra til ei breiare belysning av problemstillingane. Vi trur dette vil vera eit viktig bidrag og kan tilføre prosjektet nyttig informasjon. Vi vil som ein del av prosjektet også sjå på andre kommunar for å samanlikne tiltak og grep i Ulvik med desse.

Dei innsamla data vil bli vurdert og analysert for å svare på etablerte revisjonskriterium og problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Gjennomføring

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i Vestlandsrevisjon IKS er Tommy Aarethun. Prosjektet er estimert til ca. 300 timar, og revisor føreslår oppstart i februar 2025 med mål om ferdigstilling innan årsslutt og politisk handsaming i kontrollutvalet våren 2026.

Undervegs i prosjektet vil oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor orientere om framdrift, og avklare eventuell endringar i prosjektet.

² RSK 001 – Standard for forvaltningsrevisjon, revidert 08/20

https://www.nkrf.no/filarkiv/File/Publikasjoner/RSK_RevisjonsStandard_Kommune/RSK_001_Standard_for_forvaltningsrevisjon_200812.pdf

Til Kontrollutvalet i Ulvik

Stadfesting av forvaltningsrevisor sin uavhengigheit

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, gjer med dette underteikna oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av vår uavhengigheit til kontrollutvalet. Underteikna er kjend med at kravet til uavhengigheit og objektivitet også gjeld for revisor sine medarbeidarar. Krava til uavhengigheit og objektivitet gjeld for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I Vestlandsrevisjon IKS sine revisjonsplanar inngår ei vurdering av uavhengigheiten til kvar einskild revisor i verksemda sitt revisjonsteam som eit eige punkt i revisjonsplanen.

Ifylgje kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. Denne eigenvurderinga fylgjer nedanfor.

Oppdragsrevisor si eigenvurdering av krava

Forskriftskrav	Eigenvurdering
1. Krav til revisor si uavhengigheit, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Underteikna stadfestar at det ikkje føreligg særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisoren si uavhengigheit og objektivitet.
2. Revisor si tilknytning til den reviderte verksemda, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har ei slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte verksemda eller verksemda sine tilsette eller tillitsvalde at den er eigna til å svekke revisoren si uavhengigheit og objektivitet. Heller ikkje revisor sine nærstående har slik tilknytning.
3. Revisor sine stillingar, verv og tenester, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 a. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i kommunen
	§ 18 b. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i ei verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i, eller er eigar av utover at

	Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjon og er organisert som eit interkommunalt selskap
	§ 18 c. Underteikna stadfestar at revisor ikkje er medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i eller er eigar av, utover at revisor si verksemd utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
	§ 18 d. Underteikna stadfestar at revisor ikkje deltek i, eller har funksjonar i noko anna verksemd, som medfører at revisor sine interesser kjem i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på anna måte er eigna til å svekke tilliten til revisoren
	§ 18 e. Underteikna stadfestar at revisor ikkje utfører rådgjevingstenester eller andre tenester for kommunen eller fylkeskommunen, som er eigna til å svekke revisor sin uavhengigheit og objektivitet
	§ 18 f. Underteikna stadfestar at revisor ikkje yter tenester som høyrer inn under den reviderte verksemda sine egne leiings- og kontrolloppgåver
	§ 18 g. Underteikna stadfestar at revisor ikkje opptrer som fullmektig for den reviderte verksemda, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Voss, 14.01.2025

Tommy Aarethun
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Fra: Solberg, Trygve[Trygve.Solberg@ulvik.kommune.no]
Sendt: 09.01.2025 11:40:05
Til: Kjartan Haugsnes[Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no]
Kopi: Hopperstad, Thore[thore.hopperstad@ulvik.kommune.no];
Tittel: Sv: Frå kontrollutvalet

Hei, Kjartan

Vedlagt budsjett for 2025 for kontrollutvalet og rekneskap 2024

Vedlagt og totalbudsjettet for 2025

Det var noko politisk misnøye i fjor når me framskunda rekneskapshandteringa for 2023 til april/mai, så me tek nok sikte på at dette gjerast i dei ordinære møta 7.mai og 18. juni.

Med beste helsing

Trygve Solberg

Ulvik herad
Økonomisjef



56 52 70 28 / 400 07 128



www.ulvik.kommune.no



www.facebook.com/heradetulvik



[Sjå vår fine brosjyre](#)



Et bilde som inneholder tekst Auton
generert beskrivelse

«Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse;
både inngående og utgåande e-post vert vurdert for ev.
journalføring i vårt sak- og arkivsystem»

Frå: Hopperstad, Thore <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>

Sendt: torsdag 9. januar 2025 09:34

Til: Solberg, Trygve <Trygve.Solberg@ulvik.kommune.no>


Emne: Vs: Frå kontrollutvalet

Hei Trygve!

Fint om du svarar ut denne, med kopi til meg.

Thore Hopperstad

Ulvik herad
Kommunedirektør

 56 52 70 00 / 400 071 58

 www.ulvik.kommune.no

 www.facebook.com/heradetulvik



Et bilde som inneholder tekst Auton
generert beskrivelse

«Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse;
både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev.
journalføring i vårt sak- og arkivsystem»

Fra: Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugsnese@vlfk.no>

Sendt: torsdag 9. januar 2025 09:28

Til: Hopperstad, Thore <Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no>

Emne: Frå kontrollutvalet

Hei og godt nytt år.

To spørsmål ved starten av året:

1. Er det mogleg å få tilsendt rekneskap for kontrollutvalet 2024 og vedteke budsjett 2025?
2. Er det bestemt når rekneskap for Ulvik herad 2024 skal handsamast i formannskap og heradsstyre?

Kjartan Haugsnes
Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 402 03 664

www.vlfk.no

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.

Periode \$OB_PERIOD;\$END_PERIOD(GL)
Periode_from \$OB_PERIOD
Periode_to \$END_PERIOD(GL)
Teneste 1004
Konto 1*
Ansvar
Firma UH
period 0

Konto	Konto(T)	Rekneskap (1)	Budsjett vedtatt (1)	Budsjettjusteringer (1)	Revidert budsjett (1)	Avvik i kr	Forbruk i %
10502	Avg.pl. KM-godtgjersle	702,80	0,00	0,00	0,00	-703	0
10800	Godtgjersle til folkevalde	55 495,10	31 470,00	0,00	31 470,00	-24025	176
10802	Tapt arb.fort. folkevalde	5 470,43	8 400,00	0,00	8 400,00	2930	65
10990	Arbeidsgjevaravgift	6 536,85	0,00	0,00	0,00	-6537	0
11152	Komm. servering	11 280,00	2 000,00	0,00	2 000,00	-9280	564
11208	Diverse materiell	0,00	5 000,00	0,00	5 000,00	5000	0
11500	Opplæring / kurs	33 168,27	35 000,00	0,00	35 000,00	1832	95
11600	KM-godtgjersle	2 374,00	10 000,00	0,00	10 000,00	7626	24
11704	Reiseutlegg	1 429,86	0,00	0,00	0,00	-1430	0
11951	Kontingentar, lisensar, gebyr	6 625,00	4 000,00	0,00	4 000,00	-2625	166
12700	Konsulenttenester	161 320,02	152 600,00	0,00	152 600,00	-8720	106
13501	Distriktsrevisjonen	677 352,00	677 353,00	0,00	677 353,00	1	100
13703	Kjøp teneste frå private	0,00	20 000,00	0,00	20 000,00	20000	0
14290	Mva.komp.utgift i driftsrekneskapet	41 129,38	54 650,00	-13 151,00	41 499,00	370	99
17290	Mva.komp.inntekt i driftsrekneskapet	-41 129,38	-54 650,00	13 151,00	-41 499,00	-370	99
1004	Revisjon, kontrollutval	961 754,33	945 823,00	0,00	945 823,00	-15931	1494
210	Stab/støtte	961 754,33	945 823,00	0,00	945 823,00	-15931	1494
		961 754,33	945 823,00	0,00	945 823,00	-15931	1494

	Beskrivelse	Budsjett 2025
	210 Stab/støtte	
1004	Revisjon, kontrollutval	
10800	Godtgjersle til folkevalde	31 470
10802	Tapt arb.fort. folkevalde	8 400
11152	Komm. servering	3 000
11208	Diverse materiell	5 000
11500	Opplæring / kurs	10 000
11600	KM-godtgjersle	10 000
11951	Kontingentar, lisensar, gebyr	3 999
12700	Konsulenttenester	157 640
13501	Distriktsrevisjonen	717 992
13703	Kjøp teneste frå private	20 000
14290	Mva.komp.utgift i driftsrekneskapet	49 810
17290	Mva.komp.inntekt i driftsrekneskapet	-49 810
	Netto Revisjon, kontrollutval	967 501



Ulvik herad
Perla i Hardanger



Budsjett og økonomiplan 2025-2028

2025



Innholdsliste

1	Ulvik.....	4
2	Stab	35
3	Oppvekst.....	46
4	Helse og velferd	64
5	Samfunn og plan	74
6	Økonomiske oversikter	84

1 Ulvik

1.1 Heradsstyrevedtaket

Vedtaksstekst

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2025 og økonomiplan for 2026-2028 med disse føresetnadane:

1. Budsjett for 2025 og økonomiplan for 2026-2028 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, kommunedirektørnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av økonomiplandokumentet.
3. VA-avgifter på vatn og kloakk leggjast til faktisk sjølvkost i tråd med gebyrhefte.
4. Omsorgstunet endrar bemanning i samsvar med hst-vedtak 061/24 .
5. Næringslaget vert tildelt støtte i tråd med hst-vedtak 11.12.2024.
6. Skulen vart styrka med ein miljøterapeut i 100% frå 2022-2025, som ekstraløyving i tråd med satsing på skulen i planperioden. Kostnad på 740.000 løyvast frå disposisjonsfondet. 2025 er 4. året av 4.
7. Kyrkja tildelast midlar lik budsjettsats for 2024.
8. Lånestøtte til Ulvik idrottslag er avvikla pr utgangen av 2024, i tråd med inngått avtale.
9. Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader vert ikkje innført i 2024.
10. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2024 vert godkjent med ei totalramme på kr 61 151 125 og eit låneopptak på inntil kr 54 710 900. Av dette utgjer 20 mill startlånopptak gjennom Husbanken.
11. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
12. For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
13. Året 2024 var siste året heradet skriv ut skatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. 4 overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Ordninga er avvikla frå og med 2025.
14. Året 2024 var siste året det vart skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 fyrste ledd. Ordninga er avvikla frå og med 2025.
15. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 fyrste ledd.
16. Det vert gjennomført alminneleg taksering i 2025, jfr eigedomsskattelova §8A-3. Dette tilseier at alle eigedomsskattepliktige eigedomar, herunder nettanlegg, i Ulvik skal få ny takst gjeldande frå 2025.
17. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 11.12.2024 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2025, jfr. eigedomsskattelova §10.
18. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.

19. Det vert ein auke i betalingsattsane for kommunale tenester frå og med 1. januar 2025. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp. For avgifter - vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i BIR Voss-Hardanger.

- Betalingsattsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 3,0 %. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1.2025.
- Betalingsattsane for tenester på skulen vert auka med 3,0%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2025.
- Betalingsattsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.
- Husleigesattsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 3%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.
- Betalingsattsar for byggjesak og matrikkellov aukast i tråd med sjølvkostprinsipp i fylgje vedlagt oversikt. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2025.

20. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS som vedteke av styret i Hardanger Energi AS for 2025.

21. I tråd med HST-vedtak 035/22 er godtgjersle til ordførar for 2024 fastsett til 75% av godtgjersle for stortingsrepresentant, som per 01.05.2024 utgjer kr 878 300. Varaordførar får 10% av dette, kr 87 800.

22. Finansielle måltal, etter ny kommunelov §14-2 vedtakast i høve punkt 4.1 i økonomiplandokumentet.

23. Føresnadar for budsjettet, etter ny kommunelov §14-4 vedtakast i høve punkt 4.2 i økonomiplandokumentet.

24. Erstatningskraft seljast til spotpris og nyttast til finansiering av straumkostnadar på egne bygg.

25. Konesjonskraft for 2025 er førehandsseld til 72,3øre/kwt.

26. Løyving for 2023/24 vedk tilskotsordning til klima-/energitiltak i private bustader er brukt opp, og ordninga vert avvikla.

1.2 Innleiing

1.2.1 Uttale frå kommunedirektøren

Kommunedirektørens innleiing

I løpet av 2024, og særleg siste halvår har det vore meir og meir nasjonalt fokus på krevjande kommuneøkonomi i store delar av kommune-Noreg. Ulvik er ikkje noko unntak. Gjennom budsjett-

prosessen for 2025 og økonomiplanperioden 2025-2028 har dette vore særleg merkbart. Sjølv med tiltak for å ta ned drifta, så endar me ut med eit budsjett som i altfor stor grad krev bruk av ekstraordinære inntekter og i altfor liten grad opnar opp for avsetjing på fond. Manglande avsetjing til fond utfordrar behovet for finansiering av ei rekke naudsynte investeringar i åra me har framfor oss, mellom anna ny barnehage, sentrumsutvikling og ny brannstasjon.

Både politisk og administrativt har kommunane teke til orde for eit sterkt behov for auka råmer, og særleg det som gjeld finansiering av statleg innførde ordningar som minstenormar og bemanningsnorm har vore lagt vekt på. Dette har også riksmidia vist stor interesse for, og det har vore skreve mykje det siste året om utfordrande kommuneøkonomi. Regjeringa har svart på dette med å auka råma frå og med 2025 med 5 mrd kroner, der 4,3 av desse går til kommunane. Fordelinga av desse midlane er gjort kun etter folketal, med ei lik fordeling pr innbyggjar med kr 772, og ikkje ut frå den vanlege modellen for fordeling av råmeinntekter til kommunane, der òg utgiftsutjamning spelar inn. Ulvik får kr 845 340 i auka råme frå denne tilleggsøyvinga.

Ved framlegging av budsjett for 2024 var det mellom anna fokus på den store auken i kostnader, og då særleg på helse og velferd, der ein av dei store kostnadsdrivarane var dyrare kjøp av tenester frå andre kommunar. Etter gjennomført forvaltningsrevisjon konkluderte revisjonen i sin rapport med at slike innkjøp utgjør ein stor del av auken i kostnader, og særleg for barnevern og PPT. I tillegg viste forvaltningsrevisjonen at Ulvik herad i altfor liten grad fekk innsikt i desse tenesteområda, og difor heller ikkje hadde mogelegheit for lovpålagt kontroll med forsvarlegheita ved tenestene, både fagleg og økonomisk. Som fylgje av dette vart avtale med Ullensvang kommune om barnevernteneste og avtale med Voss herad om logoped og PPT sagt opp pr 31.12.2023, med eitt års oppseiingstid. Me har jobba i heile 2024 med å etablera eige tilbod innan barnevern, PPT og logopedi, med mål om å vera klare til oppstart 01.01.2025. Ei arbeidsgruppe har jobba med framdrifta og med det resultat at me har etablert eit nytt tenesteområde, kalla SPIRA barne- og familiekontor. Tenesteområdet femner dei nemde tenester, og i tillegg vil flykting og rus/psykiatri verta lagt inn under same paraply. Det er tilsett leiar for Spira og me er i rute med oppstart av Spira frå 01.01.2025, med unntak av barnevern, der me forlengjer avtalen med Ullensvang ein kortare periode, i påvente av integrasjon av naudsynt datasystem. Administrasjonen har stor tru på at me har gjort rett i å ta tilbake tenestene til Ulvik, og at me vil sjå positivt resultat av dette i løpet av kort tid. Me vil ikkje ha klare eigne lokale til Spira frå oppstart, men dette jobbast det med parallelt.

Ved framlegging av budsjett for 2025 og økonomiplan for perioden 2025-2028 har me allereie selt konsesjonskraft for 2025 og 2026. Prisen me har selt for er om lag lik i 2026, som den har vore i 2024 og oppnådd pris for 2025. Me får likevel ein nedgang i konsesjonskraftinntekter, noko som skuldast generelt mindre energiforbruk for Ulvik, slik at me difor har mindre konsesjonskraft å selja. Kva som er årsaka til nedgangen i energiforbruk er uvisst, men her spelar nok både energisparetiltak i form av tilskotsordning for varmpumper, høge prisar på straum til forbrukar og større fokus på å redusera energiforbruket inn. Prognosar me får presentert frå kraftbransjen tyder på at prisane på sal av kraft i marknaden vil halda seg høge i 10-20 år fram i tid, men dette er sjølvsagt likevel uvisst.

Som det har vore presentert tidlegare i haust, så kompenserer ikkje auken i råme for løns- og prisvekst og om ein ser på råmetildeling opp mot pris og lønsveksten sidan 2016, så har me i praksis hatt ein nedgang. Dette harmonerer særst dårleg med den kraftige auken i kostnader, både på kjøp av tenester

og varekostnad. Det er sjølvsagt til hjelp at me no får 845 340 i ekstra løyving frå 2025, men det

veg ikkje opp for det reelle behovet.

Me varsla i fjor at det var eit auka behov for styrking av drift, og at ein del av inntektene frå sal av konsesjonskraft måtte nyttast inn i drift. Denne tendensen har ikkje endra seg, og for 2025 har me vore nøydd å nytta store delar av konsesjonskraftinntektene inn i drift. Dette trass i at det også er gjort tiltak for å ta ned drifta på fleire område, særleg på helse. Me vonar sjølv sagt at me ved å ta tilbake tenester i eigen regi framfor å kjøpa vil medføre reduksjon i kostnad, men me vil neppe sjå konkrete tal på det før etter minst eit par års drift i eigen regi. Samstundes veit me at det ofte er enkeltsaker som «tippar lasset». Målet om redusert kostnade ved å drive i eigen regi gjeld både tenestene i Spira, konsulenttenester og delvis på juridiske tenester. Me har tru på at det vil vera eit potensiale i å få dette til, og å drifta rimelegare enn det me i dag gjer ved kjøp.

Den positiv utvikling med aukande folketal dei siste par åra har halde fram i 2024. Me har gått frå 1051 ved utgangen av 2022 til 1082 ved utgangen av 2023, og pr 2.kvartal i 2024 er folketalet auka til 1095. Då er flyktningar busett i 2022 og 2023 medrekna, men ikkje flyktningar busett i 2024.

Behovet for nye bustader har ikkje endra seg i 2024, og me står framleis med fleire uløyste prosjekt for bustadbygging. Både Skeie-tomta («Pallen») og bustadfelt på Hjelmavoll er det gjort vedtak om, men desse har ein ikkje kome vidare med i 2024. I tillegg har me i 2024 sett på moglegheit for å bygge ein 6-mannsbustad på Hjelmavoll 1 feltet. Her pågår det no konkretisering av slik bygging, og det vil koma sak om dette når klart. Det pågår reguleringsplanarbeid som må ferdigstillast før ein kan få fortgang på planane om bustadbygging på Skeie-tomta. Den gamle sjukeheimen har det heller ikkje skjedd noko med, før no på tampen av 2024, der ein av eigarane har trekt seg ut og den gjenverande eigaren har lagt fram konkret plan for kva som skal skje vidare. Det er framleis ombygging til leileg-heiter som er målet. Me har hatt dialog med både bustadstiftinga og med Husbanken i 2024, og held dialogen vidare med dei i 2025. Me har håp om at bustadprosjekta vert konkretisert i løpet av 2025. For å møte auka bustadbygging, og innbyggjarane sitt behov for å finansiera kjøp av bustad har me rådd til å auke opp låneramma for startlån med inntil 20 mill kroner. Låneopptaket utløyser ikkje kostnader for heradet før opplåninga skjer, så det ligg ingen driftskostnad for dette på heradet.

Som fylgje av busetjing av flyktningar frå Syria og sist frå Ukraina, så har me etter kvart ei ganske stor gruppe flyktningar busett i heradet. I tillegg kjem ein del arbeidsinnvandrarar frå andre delar av verda. Me har ei operativ flyktningsteneste, som bistår med både praktiske og formelle gjeremål, innkjøp, aktivitetar, m.v. Me kjøper vaksenopplæring frå Voss førebels, men har som mål at me på sikt skal kunne tilby slik teneste sjølve, i Ulvik. IMDI har førebels ikkje sendt oss oppmoding om busetjing av flyktningar i 2025. Dersom slik oppmoding kjem, vil ein politisk måtte ta stilling til dette.

Arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen er no i sluttfasen og vil verta ferdigstilt i første halvår av 2025. Den skal gi føringar på framtidige prioriteringar for heradet, og vil også vera grunnlaget for all anna planlegging.

Den nye møteromsfløyen i Sentrumsbygget har vore ein stor suksess. Den var særst etterlengta og har dekkja eit stort behov. Møteromma er dagleg i bruk og dei tekniske løysingane ser ut til å fungere godt. Me starta med streaming av heradsstyremøtene frå juni i år, og møta i heradsstyret vert no streama. Me reknar med at me også vil byrje streaming av formannskapsmøte, men tidspunkt for dette er ikkje sett.

Administrasjonen er tru tenarar av politisk leiing og innbyggjarane i heradet. Dei viktigaste måla våre er å levera gode tenester til innbyggjarane og å fylgja opp politiske vedtak. Dette er

ufråvikeleg. Me gjer feil, også i administrasjonen, men då skal me retta opp i desse så snart som råd. Råd og rettleiing,

gode saksframlegg og ryddige prosessar byggjer tillit. Å finne fram til ei løysing har me som mål, sjølv når den er anleis enn me eller innbyggjaren hadde tenkt. Me greier ikkje alltid å løysa alt, men me gir oss ikkje utan å ha prøvd.

Me kjem i hamn med budsjettet, også i år. Men ikkje utan justeringar. Me trur at dei fleste ikkje vil merke mykje til endringane i budsjettet, og me skal framleis levera dei tenester me er pålagde å ha eller som ein politisk ynskjer at me skal ha i Ulvik.

Me merkar ikkje heilt julestemninga på huset enno, sjølv om jula unekteleg nærmar seg i full fart, men kommunedirektøren har allereie pakka inn årets julegåve til administrasjonen sin julekalendar og han har byrja kladda på årets julebrev til dei tilsette. Som alltid oppmodar me kvar og ein til å rekke ut ei hand, enten det er til ein ny nabo, kor enn i verda hen kjem frå, eller ein sambygding som du veit sit aleine i jula. Me treng alle å bli sett og det skal så lite til å utgjera ein skilnad for eit medmenneske.

«Ingen kan varda den vegen du skal gå ut i det ukjende, ut i det blå.»

Olav H. Hauge

Utdrag frå diktet «Veg»

1.2.2Kommuneplan 2009-2020

Kommuneplanen

Kommuneplanen er heradet sin overordna plan for kommunen si utvikling. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen gjeld i ein 12 årsperiode. Ulvik herad vedtok samfunnsdelen i 2010, og arealdelen i 2016. Ut frå endra føresetnader vart arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen starta opp i 2021. Arbeidet med planen vil verta ferdigstelt i 2025 etter forseinkingar i 2024.

1.2.3Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

Handlingsprogrammet

Handlingsprogrammet er handlingsdelen slik den kjem fram i samfunnsdelen av kommuneplanen, og har eit 4-års perspektiv. Økonomiplanen skal forankrast i handlingsprogrammet, og viser heradet sine utgifter og inntekter i planperioden. Årsbudsjettet er fyrste året i økonomiplanen, og er juridisk bindande for heradet. Heradsstyret skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett som er i balanse. Økonomiplanen rullerast kvart år.

1.2.4Omstilling og utvikling

Omstilling

Det har i sidan 2018 vore fokusert på omstilling i heradet, men grunna hyppig omskiifting av leiarar, pandemi og aukande krav frå regjering og statsforvaltar har verknaden av tiltaka vore avgrensa. Heradet har som målsetjing å drifta innan rammane for faste, frie inntekter. Dvs eigedomsskatt,

rammetilskot, konsesjonsavgift og ei forutseibar dei av kraftsalet. Dette medfører ei merkbar omstilling frå 2024 til 2025, særleg innan områda Helse, Oppvekst og Samfunn. Kjernerdrifta er kutta med 10 millionar, men grunna overgangen til familieeininga Spira og merkbar auke i pensjonskostnadar har det ikkje vore råd å få til ei omlegging i tråd med intensjonen for 2025.

Heradet er til for å yta best mogelege tenester for innbyggjarane i Ulvik og det er difor viktig å både få til ei drift innan dei faste, føreseibare rammene, og samtidig koma i posisjon til å ikkje vera avhengig av svingningar i pensjonsavviket.

1.2.5 Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid

Over fleire år har regjeringa tildelt kommunane fleire oppgåver som tidlegare låg på statleg eller fylkesnivå. Oppgåvene og omfanget av dei krev samarbeid med andre for å sikra eit godt tilbod med rett kvalitet.

Heradet har, saman med Eidfjord, hatt eit godt samarbeid om IKT med Kvam. I tillegg er me med i eit større IKT-samarbeid med Bergen kommune. Dette handlar særskilt om digitalisering, der alle kommunane i Vestland er med, samt kjøp av personvernsombodsteneste. Me har samarbeid med Voss herad om brann og redning, legevakt og ØH-senger (øyeblikkeleg hjelp). (Frå og med 2025 er me ikkje lenger knytta til Voss for PPT eller til Ullensvang for barnevern og løyser desse tenestene sjølv.)

Samarbeidet med Eidfjord om sal av landbruksteneste held fram. Me kjøper revisjonsteneste frå Vestland Revisjon IKS. Renovasjonstenesta leverast av BIR Hardanger-Voss AS. Feiarteneste utførast gjennom ein avtale med Vestnorske Feiertjenester AS.

Me registrerer framleis store kostnadsauker som fylgje av kommunale samanslåingar. Dette skuldast dels færre brukarar å fordela kostnadar på, og dels at samanslåingskommunane aukar prisen på tenester me kjøper frå dei. Med bakgrunn i Forvaltingsrevisjon på kjøp av tenester frå andre kommunar gjennomført i 2023 vart avtalen med Ullensvang og Voss avvikla frå og med 2025.

1.3 Demografi og statistikk

1.3.1 Demografi

Befolkning



Folketallet
2. kvartal 2024


1 095 innbyggere

Kilde

[Befolkning, Statistisk sentralbyrå](#)

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Endringer i befolkningen



Fødte
2023
8 personer

Kilde
[Fødte, Statistisk sentralbyrå](#)



Nettoflytting[□]
2023
38 personer

Kilde
[Flyttinger, Statistisk sentralbyrå](#)



Døde
2023
13 personer

Kilde
[Døde, Statistisk sentralbyrå](#)



Vekst i befolkningen siste kvartal
2. kvartal 2024
1 personer

Kilde
[Befolkning, Statistisk sentralbyrå](#)

Forventet utvikling



Befolkning i 2030
2030
1 199 innbyggere

Kilde
[Regionale befolkningsframskrivinger, Statistisk sentralbyrå](#)



Befolkning i 2050
2050
1 215 innbyggere

1.3.2 KOSTRA

KOMMUNE- STATRAPPORTERING, eller KOSTRA, er den offentlige samanlikningsmodellen for kommunar, basert på rekneskap og statistikk. For å mogleggjera rett samanlikningsgrunnlag er kommunane gruppert i kostragrupper basert på inntekts- og kostnadsgrunnlag.

Etter kommunesamanslåinga i 2020 er Ulvik flytta frå gruppe 5 til gruppe 14. Gruppe 14 omfattar no alle kommunar med 699-1999 innbyggjarar og låge til middels korrigererte inntekter.

	2021	2022	2023
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)			
4620 Ulvik	3,9	-1,3	-3,2
Årets merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)			
4620 Ulvik	0,0	0,0	0,0
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)			
4620 Ulvik	26,6	24,9	10,1
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)			
4620 Ulvik	43,7	40,2	32,8
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)			
4620 Ulvik	77,5	75,2	80,1
Frie inntekter per innbygger (kr)			
4620 Ulvik	99 214	99 025	95 653
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)			
4620 Ulvik	11,6	11,2	6,7
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)			
4620 Ulvik	6,0	4,3	15,5
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)			
4620 Ulvik	34,0	-51,5	57,5

1.4 Økonomiplan 2025-2028 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

1.4.1 Finansielle nykkeltal

Kalkylerente for sjølvkostområde er inkludert i renter i økonomiske oppstillingar men ekskludert frå finansielle måltal for å skapa samanheng mellom mål av lånegjeld og lånekostnader. Lånegjeld

relatert til sjølvkostområde og startlån er ekskludert frå netto lånegjeld.

Type nykkeltal	2023	2025	2026	2027	2028	Mål
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-3,08%	1,71%	0,02%	0,71%	2,28%	1,75%
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	6,65%	7,30%	7,8%	9%	11,5%	>10%
Brutto renter* og avdrag i % av driftsinntekter	7,9%	7,65%	8,73%	9,05%	9,19%	<10%
Netto lånegjeld* i % av driftsinntekter	74,37%	79,22%	74,89%	71,54%	67,06%	<95%

1.4.2 Premisser for budsjett og økonomiplan

Eining	Årsverk	Føresetnad inntekt	Føresetnad kostnad	Handsaming av avvik
210 Stab	11,03		Prisvekst i avtalar 3%	Politisk handsaming i tertialrapport
220 Barnehage	14,2	45 plassar	4 avdelingar, sommarstengt i juli månad	Politisk handsaming i tertialrapport
230 Undervisning	30,83	140 elevar, 48 på SFO og 66 på kulturskulen	Fulldelt skule	Politisk handsaming i tertialrapport
240-270 Helse og velferd	46-48	Stenging av 1 avdeling, 1200 listeplassar fastlege, historisk gjennomsnitt for varierende inntekt.	Eigen drift av barnevern og PPT, kjøp av legevakt, krisesenter, jordmor og kommunepsykolog, kjøp av eksterne tenester etter enkeltvedtak	Politisk handsaming i tertialrapport
280-283 Samfunn og plan	17,95	100% sjølvkost med unntak av plan/bygg som er subsidierte	Kjøp av einskilde sakshandsamingstenester frå nabokommunar. Kjøp av feieteneste og brannmesterteneste.	Politisk handsaming i tertialrapport
290-291 Finans		Straumprisar på 0,6kr/kwh, førehandssal kraft 2025 og 2026	Lån: 50% til fastrente, resten flytande. Eigen lånetype for VA-lån. Prisvekst 2024: 3%, lønsvekst 4,6%, KLP: 23,3%, SPK: 11%	Politisk handsaming i tertialrapport

1.4.3 Inntekter i planperioden

Ulvik herad har fleire inntektskjelder, der nokre er stabile og nokre har større svingingar frå år til år. 2024 er eit år med mindretalsregjering og budsjettala for inntekter er difor ikkje heilt sikre ved tidspunktet for budsjettframlegg. Budsjettala er basert på regjeringa sitt gjeldande forslag per

11.11.2024.

1.4.3.1 Frie inntekter

Heradet sine frie inntekter kan delast i seks:

- Rammetilskot
- Inntektsskatt
- Formueskatt
- Naturressursskatt
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter

I rekneskapen vert inntekts-, formue- og naturressursskatt sett under eitt, så i tabellen under lister me berre opp rammetilskot, skatt, eigedomsskatt og kraftinntekter.

Rammetilskot og skatteinntekter er basert på KS og Telemarksforsking sine inntektsmodeller, justert for lokale høve. Ulvik herad har hatt nedgang i folketal mellom 2020 og 2022, med vesentleg auke i 2023. Nedgangen i rammetilskot i perioden og manglande kompensasjon for prisauke frå 2021 til 2022 gjer likevel at heradet sine lønskostnadar har auka meir enn statleg kompensasjon. Heradet legg opp til løns- og prisvekst på 4,1% i tråd med tal frå Statsforvaltaren.

Eigedomsskatt er vanlegvis basert på lister frå skattekontoret, men desse vert ikkje ferdige i 2024 før etter ferdigstilling av budsjettet og er difor basert på estimat. I 2025 er det lagt opp til nytaksering av kraftlinene i Ulvik herad. Estimat for dette per 11.11. er lagt inn som oppjustering. I tillegg er 2024 siste året heradet krev eigedomsskatt for det avvikla omgrepet "verk og bruk". Dette skattegrunnlaget er teke ut av estimatet for 2025.

Kraftinntektene for 2025 er basert på auksjonssal av konsesjonskrafta og spotprissal av erstatningskrafta og ligg begge inne med pris lik auksjonssalet på 72,3øre/kwh. I åra 2027-2028 er det nytta utgangspunkt i årskontraktar på Nasdaq og langtidsprognose frå NVE og lagt inn 62øre/kwt.

§5-6 Økonomisk oversikt

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik						
Rammetilskudd	-65 549 000	-67 902 000	-74 932 000	-75 022 000	-76 430 000	-77 869 000
Inntekts- og formuesskatt	-28 630 000	-30 742 000	-35 451 000	-39 879 000	-40 687 000	-41 717 000
Eiendomsskatt	-11 434 000	-11 593 000	-11 949 000	-11 949 000	-11 949 000	-11 949 000
Andre skatteinntekter	-16 686 000	-16 951 000	-16 951 000	-16 951 000	-16 951 000	-16 951 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-231 000	-160 000	-160 000	-160 000	-160 000	-160 000

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Overføringer og tilskudd fra andre	-49 891 000	-46 699 000	-18 001 000	-15 601 000	-15 601 000	-15 601 000
Brukerbetaling er	-6 521 000	-6 957 000	-6 156 000	-6 156 000	-6 156 000	-6 156 000
Salgs- og leieinntekter	-9 830 000	-11 231 000	-33 554 000	-32 728 000	-33 895 000	-34 770 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	-188 773 000	-192 235 000	-197 154 000	-198 447 000	-201 829 000	-205 174 000
Lønnsutgifter	91 679 000	90 155 000	88 474 000	86 916 000	86 997 000	87 110 000
Sosiale utgifter	20 870 000	23 346 000	23 202 000	28 452 000	29 477 000	28 881 000
Kjøp av varer og tjenester	61 739 000	48 906 000	52 280 000	51 016 000	51 016 000	51 016 000
Overføringer og tilskudd til andre	19 276 000	19 967 000	19 011 000	18 511 000	18 511 000	18 511 000
Avskrivninger	10 521 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	204 084 000	192 756 000	193 348 000	195 277 000	196 383 000	195 900 000
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	15 311 000	521 000	-3 806 000	-3 170 000	-5 446 000	-9 274 000
Renteinntekter	-4 844 000	-4 788 000	-4 675 000	-5 180 000	-6 230 000	-6 988 000
Utbytter	-6 325 000	-4 152 000	-2 152 000	-1 652 000	-1 652 000	-1 652 000
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	-2 574 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Renteutgifter	8 788 000	9 672 000	10 796 000	11 982 000	13 317 000	14 200 000
Avdrag på lån	6 166 000	6 965 000	8 851 000	10 356 000	10 966 000	11 414 000
NETTO FINANSUTGIFTER	1 211 000	5 697 000	10 821 000	13 506 000	14 401 000	14 974 000
Motpost avskrivninger	-10 521 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	6 001 000	-4 165 000	-3 368 000	-47 000	-1 428 000	-4 683 000
Overføring til investering	0	454 000	0	0	0	0

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Avsetninger til bundne driftsfond	17 974 000	9 170 000	8 951 000	8 974 000	8 982 000	9 326 000
Bruk av bundne driftsfond	-15 504 000	-9 704 000	-10 351 000	-10 110 000	-10 110 000	-10 110 000
Avsetninger til disposisjonsfond	11 442 000	7 455 000	6 009 000	1 182 000	2 556 000	5 467 000
Bruk av disposisjonsfond	-19 913 000	-3 211 000	-1 240 000	0	0	0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-6 001 000	4 165 000	3 368 000	47 000	1 428 000	4 683 000

1.4.4 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

§5-4 2. ledd - løyvingsoversikt drift per eining

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Stab						
Driftsinntekter	-3 290 000	-1 541 000	-1 516 000	-1 516 000	-1 516 000	-1 516 000
Driftsutgifter	33 759 000	32 045 000	33 855 000	33 865 000	33 865 000	33 865 000
Netto	30 469 000	30 504 000	32 338 000	32 348 000	32 348 000	32 348 000
Oppvekst						
Driftsinntekter	-7 158 000	-3 646 000	-2 555 000	-2 555 000	-2 555 000	-2 555 000
Driftsutgifter	50 619 000	45 013 000	42 286 000	41 503 000	41 503 000	41 503 000
Netto	43 461 000	41 367 000	39 731 000	38 948 000	38 948 000	38 948 000
Helse og velferd						
Driftsinntekter	-19 770 000	-13 721 000	-14 966 000	-12 566 000	-12 566 000	-12 566 000
Driftsutgifter	79 480 000	66 664 000	67 129 000	67 315 000	67 315 000	67 315 000
Netto	59 711 000	52 943 000	52 163 000	54 750 000	54 750 000	54 750 000
Samfunn og plan						
Driftsinntekter	-13 280 000	-10 743 000	-12 319 000	-13 559 000	-14 725 000	-15 601 000
Driftsutgifter	37 579 000	28 188 000	31 071 000	29 928 000	30 009 000	30 122 000
Netto	24 299 000	17 446 000	18 752 000	16 369 000	15 284 000	14 521 000

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Finans						
Driftsinntekter	-22 745 000	-35 237 000	-26 356 000	-24 290 000	-24 290 000	-24 290 000
Driftsutgifter	-7 874 000	10 463 000	8 625 000	12 283 000	13 308 000	12 712 000
Netto	-30 619 000	-24 773 000	-17 731 000	-12 007 000	-10 982 000	-11 578 000

1.4.5 Økonomiske tiltak

Budsjettramma til heradet avgrensar kva tiltak som er mogleg å gjennomføra i eit budsjettår og ein økonomiplan. Ramma kan berre aukast ved å kutta i drift, auka fondsbruk, redusera fondsavsetningar eller ved å auka inntektene.

Dette krev politiske prioriteringar for kva som er ynskjeleg å gjennomføra, og moglege tiltak presenterast i det fylgjande, med oversikt over kva som er prioritert i gjeldande planperiode og kva som ikkje er prioritert.

1.4.5.1 Tiltak til økonomiplanperioden

Med tiltak meinast konkrete endringar i drifta som ikkje kan klassifiserast som generell inntekts- eller kostnadsauke, eller reduksjon av desse. Tiltakslista gjev ein oversikt over moglegheiter eller behov administrasjonen har identifisert som kan prioriterast og inkludert i budsjett- og økonomiplanperioden. Grunna utfordrande økonomi i planperioden er ein rekkje sparetiltak alt lagt inn i grunnbudsjettet.

1.4.5.1.1 Prioriterte tiltak i 2025

1.4.5.1.1.1 Tiltak med ny kostnad

Friskus aktivitetskalendar vidareførast

Tom tiltaksliste 2024-2027

1.4.5.1.1.2 Sparetiltak

Spareliste lagt inn i budsjett 2025

Budsjettversjon for syning av kostnadstiltak	2025	2026	2027	2028
Betre tverrfagleg innsats - lisensar (002)	60 000	0	0	0
Cosdoc+ fagsystem (008)	200 000	0	0	0
Ekspedisjon omsorgstunet (004)	330 418	0	0	0

Budsjettversjon for syning av kostnadstiltak	2025	2026	2027	2028
OPV: Individuelt tilrettelagd undervisning (kostnadstiltak) (016)	300 001	0	0	0
OPV: Omorganisering (kostnadstiltak) (014)	500 001	0	0	0
Praktisk bistand/heimehjelp (003)	436 151	0	0	0

1.4.5.1.2 Ikkje-prioriterte tiltak til økonomiplanperioden

Tiltak som ikkje er tekne inn i budsjett- eller økonomiplan er opplista i dei fylgjande avsnitta, med skildring og oversikt over kostnadar eller inntekter.

1.4.5.1.2.1 Tiltak med ny kostnad

Tilvalliste kostnadsaukande tiltak

Budsjettversjon for syning av ikkje-innlagte kostnadstiltak	2025	2026	2027	2028
Betre tverrfagleg innsats - lisensar (002)	60 000	0	0	0
Cosdoc+ fagsystem (008)	200 000	0	0	0
Ekspedisjon omsorgstunet (004)	330 418	0	0	0
OPV: Individuelt tilrettelagd undervisning (kostnadstiltak) (016)	300 001	0	0	0
OPV: Omorganisering (kostnadstiltak) (014)	500 001	0	0	0
Praktisk bistand/heimehjelp (003)	436 151	0	0	0
STA: Arbeidsgjevpolitik (019)	150 000	0	0	0
STA: Beredsskap (018)	270 000	0	0	0
STA: Finsemøte (017)	180 000	0	0	0


1.4.5.1.2.2 Sparetiltak

Spareliste med tilval 2025-2028

Budsjettversjon for syning av sparetiltak	2025	2026	2027	2028
Barnekoordinator (001)	0	-325 867	0	0
Friskliv og meistring (011)	0	0	-150 000	0
Miljøretta helsevern (010)	-200 000	0	0	0
Samarbeid om klinisk ernæringsfysiolog (012)	-150 000	0	0	0

1.4.6 Lån, renter og avdrag i planperioden

Periode	Opplåning	Valuta	Avdrag	Valuta	Renter	Valuta
2025	-34 711 000	NOK	8 851 295	NOK	7 350 075	NOK
2026	-19 781 000	NOK	10 356 411	NOK	8 053 757	NOK
2027	-12 882 000	NOK	10 965 732	NOK	8 316 031	NOK
2028	-15 099 000	NOK	11 413 870	NOK	8 440 992	NOK



I oversikta over er det ikkje gjort skilnad på ordinære investeringar og investeringar som er finansiert over sjølvkostområda. For budsjettet for 2026 og framover leggjast det opp til at investeringar og tilhøyrande finanskostnader til vatn, avløp, septikk og andre sjølvkostområde skiljast ut i eigen oversikt og på eigne rekneskapsartar for å unngå samanblanding i analyser og måltal. Dette var planlagt for 2025 men er utsett til 2026 grunna byte til nytt økonomisystem i 2024-2025.

1.4.6.1 Sikring av låneportefølja

I tråd med Ulvik herad sitt finansreglement er deler av låneportefølja sikra med fastrente for å unngå for store svingingar i rentekostnadane.

Produkt	Fastrente		72 722 490,00	NOK	3,2931%
	KBN-20210359	KommunalBanken	48 722 490,00	NOK	2,2700%
	KBN-20240235	KommunalBanken	24 000 000,00	NOK	5,3700%

Øvrige lån har flytande rente med fordeling på 3-månadars NIBOR og PT-rente. Fordeling per 11.11.2024 er:

	Grupper	Motpart / Motpartsnavn	Restgjeld		Gjeldende rente
	Total		179 438 742,00	NOK	4,4214%
Produkt	3 mnd Nibor		84 353 720,00	NOK	5,2223%
	KBN-20120647	KommunalBanken	8 359 240,00	NOK	5,1900%
	KBN-20150485	KommunalBanken	23 480 250,00	NOK	5,1300%
	KBN-20200640	KommunalBanken	5 687 500,00	NOK	5,1900%
	KBN-20210373	KommunalBanken	20 830 990,00	NOK	5,1700%
	KBN-20220470	KommunalBanken	5 674 500,00	NOK	5,4300%
	KBN-20230412	KommunalBanken	10 571 240,00	NOK	5,3900%
	KBN-20240042	KommunalBanken	9 750 000,00	NOK	5,3000%
	Ordinært lån 2025 ex HB og VA for 2025-2028	Simulert motpart	0,00	NOK	0,0000%
	Ordinært lån 2026 ex HB og VA for 2025-2028	Simulert motpart	0,00	NOK	0,0000%
	Ordinært lån 2027 ex HB og VA for 2025-2028	Simulert motpart	0,00	NOK	0,0000%
	Ordinært lån 2028 ex HB og VA for 2025-2028	Simulert motpart	0,00	NOK	0,0000%
Produkt	Fastrente		72 722 490,00	NOK	3,2931%
	KBN-20210359	KommunalBanken	48 722 490,00	NOK	2,2700%
	KBN-20240235	KommunalBanken	24 000 000,00	NOK	5,3700%
Produkt	Husbanken flytende		10 312 532,00	NOK	4,6782%
	HUS-13559344-10	Husbanken	658 540,00	NOK	4,6570%
	HUS-13559976-10	Husbanken	969 505,00	NOK	4,6581%

	Grupper	Motpart / Motpartsnavn	Restgjeld		Gjeldende rente
	HUS-13559976-40	Husbanken	905 196,00	NOK	4,6582%
	HUS-13560887-10	Husbanken	2 368 530,00	NOK	4,6850%
	HUS-13561698-10	Husbanken	1 030 593,00	NOK	4,6850%
	HUS-13584025-10	Husbanken	1 718 164,00	NOK	4,6845%
	HUS-13584824-10	Husbanken	2 662 004,00	NOK	4,6850%
Produkt	P.t. rente		12 050 000,00	NOK	5,4054%
	KBN-20190572	KommunalBanken	2 550 000,00	NOK	5,4911%
	KBN-20230236	KommunalBanken	9 500 000,00	NOK	5,3824%
Produkt	Ingen		0,00	NOK	0,0000%
	VA-lån 2025 for 2025-2028	Simulert motpart	0,00	NOK	0,0000%
	VA-lån 2026 for 2025-2028	Simulert motpart	0,00	NOK	0,0000%
	VA-lån 2027 for 2025-2028	Simulert motpart	0,00	NOK	0,0000%
	VA-lån 2028 for 2025-2028	Simulert motpart	0,00	NOK	0,0000%

1.4.6.2 Oversikt gjeld og forpliktingar §5-7

§5-7 Oversikt gjeld og forpliktingar

Jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett m.m skal kommunen vise oversikt over utviklinga i gjeld og vesentlege forpliktingar for perioden. For Ulvik herad utgjør dette i hovudsak lån og pensjonsforpliktingar.

	2025	2026	2027	2028
Lånegjeld IB	166 926 780	193 445 211	203 559 534	206 198 231
Avdrag	8 192 569	9 666 677	10 243 303	10 657 425
Låneopptak	34 711 000	19 781 000	12 882 000	15 099 000
Lånegjeld UB	193 445 211	203 559 534	206 198 231	210 639 806
Startlån IB	10 253 684	9 594 958	8 905 224	8 182 795
Avdrag	658 726	689 734	722 429	756 445
Låneopptak	0	0	0	0
Lånegjeld UB	9 594 958	8 905 224	8 182 795	7 426 350
Samla lånegjeld UB	203 040 169	212 464 758	214 381 026	218 066 156

Om lag 44,8 mill. kr nye låneopptak i perioden omfattar sjølvkostområda vatn og avlaup. Derav 6,1 millionar i 2025.

I tillegg ligg det inne i investeringsplanen eit låneopptak i husbanken på 20 millionar i 2025. Dette opptaket skal fylgja ei ny ordning til støtte for fyrstegongskjøparar, der kommunen må ha vedtak om opplåning, men husbanken tek den fulle kostnaden ved finansieringa. Då lånet dermed ikkje har nokon kostnad for Ulvik herad er lånet ikkje inkludert i oversikta over.

Pensjonsforpliktinga skal spegla det økonomiske ansvaret heradet har påteke seg på utrekningstidspunktet for kvar einiskild tilsett som er med i pensjonsordninga. Ulvik herad har ei samla pensjonsforplikting på 235 261 725 kr kr ved inngangen av 2024. Forpliktinga er venta å auke i åra som kjem.

I tillegg hadde heradet per inngangen av 2024 10,1 millionar i netto premieavvik som amortiserast (kostnadsførast) over 7-15 år. I økonomiplanen varierer positivt premieavvik (som amortiserast over 7 år) mellom 8 og 5 millionar kvart år, i tråd med KLP sitt budsjett.

Fylgjande garantiar er gjeve av heradet:

PERSON, FIRMA,				GARANTIANSVAR PR		GARANTIANSVARETS UTLØP	
ORGANISASJON				31.12.2024			ÅR
Vestlandsrevisjon IKS			kr	31 365,00		År	Uttak av pensjon
	I ALT		kr	31 365,00			

1.4.7 Investeringar i planperioden

Frå og med 2024 er alle investeringar, med unntak av VA-investeringar, lagt inn med antaking om 25% meirverdiskompensasjon. Motposten er lagt til prosjekt 0 i oversikta under.

Meirverdiskompensasjon vert tillagt anleggsmiddel når desse aktiverast, så dette skapar betre samsvar mellom budsjett og rekneskap på prosjekt- og anleggsnivå sjølv om totalkostnad er upåverka.

§5-5 1. ledd - løyvingsoversikt investering

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik						

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Investeringer i varige driftsmidler	29 334 000	31 741 000	41 151 000	20 602 000	13 878 000	15 499 000
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 984 000	0	0	0	0	0
Utlån av egne midler	2 770 000	5 000 000	20 000 000	0	0	0
Avdrag på lån	4 730 000	0	0	0	0	0
SUM INVESTERINGS UTGIFTER	38 818 000	36 741 000	61 151 000	20 602 000	13 878 000	15 499 000
Kompensasjon for merverdiavgift	-5 621 000	-5 390 000	-6 440 000	-820 000	-996 000	-400 000
Tilskudd fra andre	-200 000	0	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	-278 000	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-1 836 000	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-15 226 000	-31 350 000	-54 711 000	-19 781 000	-12 882 000	-15 099 000
SUM INVESTERINGS INNTEKTER	-23 160 000	-36 741 000	-61 151 000	-20 602 000	-13 878 000	-15 499 000
Avsetninger til bundne investeringsfond	1 344 000	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-4 038 000	0	0	0	0	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	236 000	0	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	-13 200 000	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-15 658 000	0	0	0	0	0

§5-5 2. ledd - Løysingsoversikt investering per prosjekt 2025-2028

Beskrivelse	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik 0 (Ingen prosjekt)	-6 440 000	-820 000	-996 000	-400 000
Ulvik 2026 Nye serverar 2025	688 000	0	0	0
Ulvik 2104 IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall)	250 000	0	250 000	0
Ulvik 2105 IKT skule	579 000	313 000	500 000	538 000
Ulvik 2120 Ny trådløs infrastruktur 2019	188 000	188 000	0	0
Ulvik 2136 Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025	500 000	0	438 000	0
Ulvik 2195 Ny programvare E-admin 2024	125 000	0	0	0
Ulvik 2196 Faste IKT-investeringar Stab 2024-2027	188 000	188 000	188 000	0
Ulvik 2199 Nytt ERP-system 2023-2025	550 000	0	0	0
Ulvik 2236 Interact digitale skjema 2025	125 000	0	0	0
Ulvik 2237 Integrasjon Acos Websak	138 000	0	0	0
Ulvik 3017 Varmmat i barnehagen 2025-2028	313 000	0	0	0
Ulvik 3440 Omsorgsbustader Helse 2024-2027	5 000 000	0	0	0
Ulvik 3444 Spira barne og familieeining 2024	3 000 000	0	0	0
Ulvik 3445 Elektronisk pasientjournal 2025	1 563 000	0	0	0
Ulvik 3446 Pasientvarsling 2025	3 125 000	0	0	0
Ulvik 4534 Handlingsplan veg 2024-2027	693 000	778 000	1 348 000	0
Ulvik 4535 VA-plan vatn 2024-2027	4 450 000	12 700 000	7 150 000	6 650 000

Beskrivelse	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik 4536 VA-plan avløp 2024-2027	1 650 000	3 600 000	1 750 000	6 850 000
Ulvik 4537 Vedlikeholdsplan bygg 2024-2027	7 392 000	2 274 000	1 992 000	1 361 000
Ulvik 4538 Inventar Oppvekst 2024-2027	338 000	363 000	263 000	100 000
Ulvik 4539 Kyrkja og kyrkjegard 2025-2028	300 000	200 000	0	0
Ulvik 4540 Sentrumsutvikling 2024-2027	6 250 000	0	0	0
Ulvik 4542 Ny barnehage 2024-2027	3 750 000	0	0	0
Ulvik 9100 LÅN	-34 711 000	-19 781 000	-12 882 000	-15 099 000

Investeringsoversikt per tiltak

Investeringsbudsjett 2025-2028 fyrste utkast 061124	2025	2026	2027	2028
FIN: Lånefinansiering utlån husbanken (036)	0	0	0	0
FIN: Låneopptak VA-lån (038)	0	0	0	0
FIN: Låneopptak ordinære lån (037)	0	0	0	0
FIN: Utlån husbanken - statleg ordning (035)	20 000 000	0	0	0
HEL: Elektronisk pasientjournal (002)	1 562 500	0	0	0
HEL: Endringar omsorgstunet (003)	5 000 000	0	0	0
HEL: Etablering av Spira (005)	3 000 000	0	0	0
HEL: Pasientvarslingsanlegg (001)	3 125 000	0	0	0
HEL: Varmmat til barnehagen (004)	312 500	0	0	0
OPV: IKT-utstyr barnehage (017)	126 250	0	187 500	187 500
OPV: IKT-utstyr braknes skule (014)	452 500	312 500	312 500	350 000

Investeringsbudsjett 2025-2028 fyrste utkast 061124	2025	2026	2027	2028
OPV: Inventar barnehage (016)	75 000	112 500	37 500	37 500
OPV: Inventar brakanes skule (015)	262 500	250 000	225 000	62 500
SOP: Barnehagen (020)	1 212 500	93 750	93 750	93 750
SOP: Brakanes skule (021)	2 587 375	1 162 375	599 875	599 875
SOP: Forprosjekt grunnundersøking kyrkjebygg (034)	0	200 000	0	0
SOP: Forprosjekt minnelund (033)	300 000	0	0	0
SOP: Handlingsplan veg (032)	692 500	778 000	1 348 000	0
SOP: Haugesenteret (018)	81 250	81 250	350 000	81 250
SOP: Idrettsanlegg (028)	62 500	62 500	62 500	62 500
SOP: Kommunale bustader (026)	12 500	12 500	37 500	37 500
SOP: Parkanlegg (027)	12 500	12 500	12 500	12 500
SOP: Samfunnshus (023)	1 300 000	50 000	412 500	50 000
SOP: Sentrumsbygget (019)	1 836 250	636 250	261 250	261 250
SOP: Sentrumsutvikling 2024-2028 (031)	6 250 000	0	0	0
SOP: Ulvik omsorgstun (022)	250 000	125 000	125 000	125 000
SOP: VA-plan avløp (025)	1 650 000	3 600 000	1 750 000	6 850 000
SOP: VA-plan vatn (024)	4 450 000	12 700 000	7 150 000	6 650 000
SOP: Verkstad (029)	37 500	37 500	37 500	37 500
STA Ny programvare - E-admin (008)	125 000	0	0	0
STA: Digitalisering arkiv IKAH (006)	500 000	0	437 500	0
STA: Faste IKT- investeringar (013)	187 500	187 500	187 500	0

Investeringsbudsjett 2025-2028 fyrste utkast 061124	2025	2026	2027	2028
STA: IKT-investering Kvam (012)	250 000	0	250 000	0
STA: Interact (010)	125 000	0	0	0
STA: Intergrasjon Websak (011)	137 500	0	0	0
STA: Nye serverar (007)	687 500	0	0	0
STA: Nytt ERP-system (030)	550 000	0	0	0
STA: Utskifting trådløs infrastruktur (009)	187 500	187 500	0	0

1.4.8 Disponible fond

Ulvik herad har fire ulike typer fond, som kan nyttast i tillegg til vanlege inntekter:

- Disposisjonsfond (frie midlar som kan løyvast til både drift og investeringsføremål)
- Bundne driftsfond (midlar som berre kan nyttast til øyremerka driftsføremål)
- Ubundne investeringsfond (frie midlar som berre kan løyvast til investeringsføremål)
- Bundne investeringsfond (midlar som berre kan nyttast til øyremerka investeringsføremål)

Bundne drifts- og investeringsfond vil variera gjennom åra, avhengig av mottekne tilskot og er ikkje nytta i budsjettet. Det opplysast difor berre om tilgjengelege midlar per 11.11.24.

Disposisjonsfond og ubundne investeringsfond presenterast i økonomiplanperioden etter tiltenkt saldo ved årsslutt.

Bundne driftsfond består i 2024 i hovudsak av fond til flyktningar, næringsfond og løpande tilskotsmidlar som alle nyttast fortløpande.

Fond	2024	2025	2026	2027	2028
Disposisjonsfond (estimat)	-9 624 180	-14 393 009	-15 575 495	-18 131 575	-23 598 209
Ubundne investeringsfond per 11.11.24	-8 480 103				
Bundne driftsfond per 11.11.24	-19 960 635				
Bundne investeringsfond per 11.11.24	-2 830 088				


1.4.9 Næringsfondet

Næringsfondet	2025	2026	2027	2028
IB 01.01	-7 326 986	-6 652 945	-6 400 306	-6 400 306
Planlagt bruk	9 652 639	9 152 639	8 900 000	8 900 000
Tilførsel	-6 900 000	-6 900 000	-6 900 000	-6 900 000
Forventa avkasting	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
UB 31.12	-6 652 945	-6 400 306	-6 400 306	-6 400 306

1.5 Organisasjon

1.5.1 Organisasjonskart

Administrativ organisering pr. 01.01.2024



Heradet sin organisasjonsmodell er basert på delegert mynde frå rådmannen til kommunalsjefane, i tillegg til nokre fagspesifikke delegasjonar.

Einingane

Einingane i Ulvik herad er resultateningar, med kvar sin kommunalsjef. Desse har delegert fullt økonomi- og personalansvar, samt mynde innanfor eige budsjett, med eigne mål og rammer.

Ulvik herad si målsetting er å styrka rolla som samfunnsaktør, med effektiv ressursbruk, god

kvalitet på tenestene, høg grad av brukarmedverknad og lokaldemokrati.

Administrasjonen er oppteken av at heradet sine tilsette skal fungera som eitt lag, med fokus på korleis me kan møta innbyggjarane sine behov på best mogleg vis. Me skal og vera ein positiv tenesteleverandør, samarbeidspart, tilretteleggjar og saksførebuar.

1.5.2 Sjukefråvær

Ulvik herad har som mål å halda sjukefråværet på eit lågast mogleg nivå. Sjukefråværet har vore høgare dei siste åra på grunn av koronapandemi. Det er egne IA-program for barnehage og sjukeheimar som Ulvik må ta del i og bedriftshelsetenesta (BHT) er ein viktig samarbeidspartnar i sjukefråværsarbeidet. Me har intern opplæring i sjukefråværsoppfølging for å sikra at me har gode rutinar og lik praksis på dette viktige temaet. Sjukefråværet har auka vesentleg gjennom pandemiåra og einingane vil ha særskilt fokus på tiltak for å redusera dette i åra framover.

Sjukefråværs-utvikling	2020	2021	2022	2023
Totalt (eigenmelding og legemeldt kort- og langtidsfråvær	6,30%	6,78%	8,53%	8,10%

1.5.3 Kompetanseutvikling

Plan for kompetanseutvikling for Ulvik herad er frå 2007 og revisjon vart påstarta i 2023 i tråd med vedteken planstrategi. Målet var å få ferdig "Kompetanseplan for Ulvik herad" innan utgangen av juni 2024, men arbeidet har dessverre stoppa opp pga manglande ressursar til å utføra arbeidet. Arbeidet med plan for kompetanseutvikling vil starta opp att vinter 2025 med mål om å ferdigstilla planen i løpet av 2025.

Kompetanseutvikling av egne tilsette er viktig, og det må setjast av midlar til kompetanseutvikling for å kunna oppretthalda god kvalitet på tenestene våre. Det er krevjande å rekruttera til visse fagstillingar, og me må ha ein aktiv strategi for å få tak i nødvendig arbeidskraft. Gjennom arbeidet med "Kompetanseplanen" vil me identifisera tiltak som skal hjelpa oss å få tilgang på god arbeidskraft framover. Det er viktig med internopplæring av egne tilsette innan ulike fagsystem som me nyttar i arbeidskvardagen vår.

1.5.4 Helse, miljø og tryggleik - HMT

Det vert jamleg halde møte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og Administrasjonsutvalet.

AMU er eit reint administrativt organ der tre kommunalsjefar, to tillitsvaldrepresentantar, eitt hovudvernombod og ein representant frå bedriftshelsetenesta deltek. AMU handsamar aktuelle saker innan HMT-feltet og er AKAN-utval for Ulvik herad (AKAN har oppgåver relatert til

personalsaker som gjeld misbruk av alkohol, narkotika og andre former for avhengigheit). AMU er etablert som eit partsutval for å sikra gode faglege drøftingar og samarbeid mellom arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida.

Administrasjonsutvalet er eit politisk utval som handsamar saker av administrativ art som ikkje er delegerte til administrasjonen. I Ulvik herad er det meste delegert til rådmannen og tal saker til handsaming er lågt.

Det er egne arbeidsmiljøgrupper i einingane der tillitsvalde og verneombod har jamlege møte med leiinga.

Det vert utarbeidd ein overordna HMT-plan kvart år, som vert vedteken i AMU. Einingane utarbeidar egne lokale HMT-planar med aktuelle tiltak.

Det er årlege vernerundar på alle verneområda, der ein registrerer naudsynte tiltak. Det er sett av ein årleg pott som verneomboda fordeler etter gjennomførte vernerundar.

Ulvik herad har årleg trimaksjon, denne aksjonen pleier å vekke engasjement og god stemning. I tillegg sponsar Ulvik herad, etter søknad treningskort med inntil kr 600.

Det er god aktivitet på HMT-området i Ulvik herad og det er jamlege møter mellom administrasjon og hovudverneombod. I tillegg har einingane jamleg møte med lokale verneombod.

Arbeidet med revidering av Personalpolitiske retningslinjer vart påstarta i 2023, men har dessverre stansa opp pga manglande ressursar. Arbeidet med revideringa skal starta opp att vinter 2025 med mål om å ferdigstilla dei i løpet av 2025. I dette arbeidet deltek kommunalsjefar, hoveditllitsvalde og hovudverneombod.

Ulvik herad her gjennomført medarbeidarundersøkinga "10-faktor" og har starta arbeidet med å identifisera faktorar og tiltak som me skal jobba vidare med. Arbeidet har hatt og vil ha stort fokus framover. Me har nytta ekstern konsulent til å rettleia oss i dette arbeidet.

For perioden 2025 og framover er det fokus på:

- Overordna HMT-plan
- Einingsvise HMT-planar
- Registrering av avvik i Compilo og oppfølging av avvik
- Fortsatt utvikling av det digitale IK-systemet (Compilo). Digital dokumentasjon av rutinar, prosedyrer, instruksjer, retningslinjer, planar og strategiar.
- 10-faktor: Oppfølging av funn i medarbeidarundersøkinga, identifisera tiltak og gjennomføra desse
- Sjukefråvær og rutiner rundt dette
- Førebygging av "Vald mot tilsette" og korleis ein skal handtera truande åtferd
- Medarbeidarsamtale 1 gong i året for alle tilsette
- Oppfølging av Miljøfyrtårnordninga. Sentrumsbygget er sertifisert som Miljøfyrtårn og det blir årleg rapportert inn tal og miljøtiltak.

1.5.5 Likestilling

Ulvik herad er ein arbeidsplass med flest kvinnelege tilsette, tal fast tilsette per november 2024 er 173. *Av desse er 114 kvinner og 59 menn. (65,90% og 34,10%).* I tillegg til dei fast tilsette er det timeløna vikarar.

Ufrivillig deltid og heiltidskultur skal drøftast årleg med dei tillitsvalde. Ein del av deltidsstillingane er uønska deltid. Andre er ønska deltid med bakgrunn i at det vert søkt om redusert arbeidstid for omsorg av små born. Ønska deltid medfører auke i uønska deltid.

Tariffavtalen har eige punkt om korleis ein skal handtera uønska deltidsstillingar. Det vart gjennomført ein kartlegging blant tilsette i 2022, for å sjå omfanget av uønska deltid, der det vart funne at dette er eit lite utstrekt problem i Ulvik.

Det er jamleg møte med dei tillitsvalde der ein informerer om ledige stillingar, endringar i organisasjon og anna driftsrelatert informasjon. Samarbeidet mellom administrasjon og fagforeiningane fungerer godt.

1.5.6 Etikk

Etiske retningslinjer for Ulvik herad vart revidert i 2022 og gjeld for tilsette i Ulvik herad.

1.5.7 Klima og miljø

Miljøarbeid

Heradet arbeider målretta mot miljømåla stadfesta i Energi-, klima- og miljøplanen. Overgang til energisparande lyskjelder, opprusting av varmelegg og oppfølging av energikostnader er i fokus. Dette har vore stort fokus på i 2024, og vil verta vidareført i 2025 med blant anna overgang til led og større fokus på energibruk. Heradet praktiserar og ombruk av datautstyr.

Det er etablert ladepunkt for elbilar både ved sentrumsbygget, heradshuset, omsorgstunet og i Gili.

I tillegg til klimaplanen er fleire miljømål stadfesta i Kommunedelplan for vatn, avlaup og miljø. Mellom anna god kvalitet på drikkevatt og tilfredstillande resipientundersøking.

Miljøfyrtårn

Sentrumsbygget er Miljøfyrtårnsertifisert. Bygget må resertifiserast kvart tredje år. Siste gong det vart resertifisert var i 2022, slik at neste resertifisering må skje før 03.05.25.

Miljøfyrtårn er eit verktøy for å jobbe konkret med berekraft innan område som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport. Miljøgruppa på Sentrumsbygget har årshjul for dette arbeidet og leverer årleg inn klima- og miljørapport innan 1.april. Rapporten vert lagt fram som melding for politikarane.

Prosjektstillinga som vart oppretta i 2023 har jobba med mellom anna dette, trafikksikringsplan og kunnskapsgrunnlaget til kommuneplanen. Denne stillinga vart avslutta i 2024.

1.6 Internkontroll og tilsyn

1.6.1 Internkontroll

Internkontrollen skal sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre, og at me følgjer lover og reglar. I Ulvik herad har me starta digitalisering og utvikling av internkontrollsystemet vårt og er godt i gang med dette arbeidet. Me nyttar internkontrollsystemet Compilo, og me har allereie nytta avviksmodule til Compilo eit par år.

Desse vilkåra må på plass for å få internkontrollen på eit akseptabelt nivå: Formalisering, risikovurdering og kontrollaktivitetar. Målet vårt er at all dokumentasjon knytt til internkontroll skal vera strukturert, digitalisert og tilgjengeleg frå ei side som er tilgjengeleg for alle tilsette.

Tilstrekkeleg og oppdatert dokumentasjon er ein føresetnad for læring og utvikling, både i opplæring av nyttilsette og i vedlikehalds- og forbetningsprosessar. Pr i dag er me på god veg for å få eit slik system, men det gjenstår fortsatt ein del arbeid før me har fått ein fullgod base. Arbeidet med internkontrollsystemet er eit kontinuerleg arbeid som må ha høg prioritet framover.

Personvern - GDPR:

Ulvik herad er nøgd med personvernombodstenesta frå Bergen kommune og har signert ny avtale på dette. Me har fått på plass viktige styringsdokument innan arbeidet med personvern og har oppretta eit tryggleiksforum (leiargruppa) som møtest kvar 3.månad . Spesialkonsulent og Kommunedirektør har jamlege statusmøte med ombodstenesta. Alle tenesteområda har laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova. I november vart me med i Pilotprosjektet SkoleSec som rettar seg spesielt mot kompetanse innan personvern for merkantilt tilsette i skule. Ein viktig del av dette prosjektet er å bygge kompetansen ut i eiga organisasjon etter deltaking på seminar.

Vedtaksoppfølging:

Me kan enkelt kan hente ut status for politisk vedtekne saker. Sakshandsamarane og leiarane har korrigerer i sakssystemet som inneheld politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar sakshandsamar sjølv status.

Jamleg opplæring: Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet ca. kvar 6. veke, med ulike tema.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll:

Revisjonen har i 2020 utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020 til 2023. Dette er ei lovpålagt oppgåve som kommunestyret skal gjennomføra minimum ein gong pr. valperiode. Planane skal vedtakast første året etter kommunevalet og danna grunnlaget for kontrollutvalet sine prioriteringar.

I samband med gjennomføringa vart det utført ein analyse over moglege risikoområder knytt til kommunen sin tenesteproduksjon og drift. Denne analysen er omtalt i kommunelova som risiko- og vesentlegvurdering (ROV). Som ledd i dette arbeidet hadde revisjonen eit prosessmøte med den administrative leiinga, saman med ordførar, politiske gruppeleiarar, kontrollutval og sekretariat for Ulvik herad. Møtet vart og nytta for å få innspel til eigarskapskontrollen.

I møtet gjekk ein gjennom konkrete risikoområder i Ulvik herad, som ein bør ha fokus på og kva konsekvensar det kan få for den eller dei som vert råka. Det var særleg drøfta risiko og konsekvensar relatert til tre perspektiv;

- Innbyggarperspektivet
- Organisasjonsperspektivet
- Samfunnsperspektivet

På bakgrunn av gjennomført prosessmøte og utført analyse, la revisjonen fram "Plan for forvaltningsrevisjon" og "Plan for eigarskapskontroll" for Kontrollutvalet.

1.6.2 Tilsyn

Stab:

Det er 3 avvik som skal lukkast etter tilsyn på beredskapsfeltet, avvika skal lukkast i løpet av første halvår 2025. Det er ikkje varsla andre tilsyn pr. no.

Oppvekst:

Barnehagen:

Det har ikkje vore tilsyn med krav om oppfylgjing i 2024.

Det har vore kontroll på leikeutstyr på uteleikeklassen haust 2024.

Skulen:

Det vert gjennomført årleg brannteknisk tilsyn på alle særskilde brannobjekt etter §15. Dette er skulen, barnehagen, Finse skule, etc. Tilsynet vert gjennomført av Voss brann og redning, saman med respektive representantar frå einingane.

Helse:

Helse har hatt tilsyn frå arbeidstilsynet som resulterte i pålegg. I arbeidet med pålegget har det blitt utarbeida ny HMT-handbok og organisasjonsplan som legg føringar for HMT-arbeidet, og det er blitt gjennomført ei generell kartlegging av risikofaktorar for arbeidsmiljøet.

Samfunn:

Samfunn og plan har ikkje hatt tilsyn innan noko fagfelt i 2024.

2 Stab

2.1 Organisasjon

2.2 Tenesteproduksjon

2.2.1 Innleiing

Staben har fylgjande teneste på sitt budsjett:

1000	Heradstyre/formannskap
1001	Politiske råd og utval
1003	Val
1004	Revisjon, kontrollutval
1005	Politiske komiteer
1200	Felles administrasjon
1201	IKT
1204	Personal - felles
1804	Eldreråd
1805	Ungdomsråd
3250	Tilrettelegging næringsliv
3252	Drift av turistkontor
3650	Kulturminneforvaltning
3700	Ulvik folkebibliotek
3730	Kino
3750	Museum
3770	Kunstformidling
3800	Støtte idrettsorganisasjonar
3850	Kulturadministrasjon
3851	Lokalhistorisk arkiv
3852	Andre kulturaktivitetar
3900	Kyrkja

2.2.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

2.2.2.1 Økonomi

§5-4 2. ledd - løyvingsoversikt drift - einingsnivå

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Stab						
Driftsinntekter	-3 290 000	-1 541 000	-1 516 000	-1 516 000	-1 516 000	-1 516 000
Driftsutgifter	33 759 000	32 045 000	33 833 000	33 843 000	33 843 000	33 843 000
Netto	30 469 000	30 504 000	32 317 000	32 327 000	32 327 000	32 327 000

§5-5 2. ledd - løyvingsoversikt investering per prosjekt - einingsnivå

Beskrivelse	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Stab 2026 Nye serverar 2025	688 000	0	0	0
Stab 2104 IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall)	250 000	0	250 000	0
Stab 2120 Ny trådløs infrastruktur 2019	188 000	188 000	0	0
Stab 2136 Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025	500 000	0	438 000	0
Stab 2195 Ny programvare E-admin 2024	125 000	0	0	0
Stab 2196 Faste IKT-investeringar Stab 2024-2027	188 000	188 000	188 000	0
Stab 2199 Nytt ERP-system 2023-2025	550 000	0	0	0
Stab 2236 Interact digitale skjema 2025	125 000	0	0	0
Stab 2237 Integrasjon Acos Websak	138 000	0	0	0

Investeringar per tiltak - einingsnivå

Investeringsbudsjett 2025-2028 fyrste utkast 061124	2025	2026	2027	2028
STA Ny programvare - E-admin (008)	125 000	0	0	0

Investeringsbudsjett 2025-2028 fyrste utkast 061124	2025	2026	2027	2028
STA: Digitalisering arkiv IKAH (006)	500 000	0	437 500	0
STA: Faste IKT- investeringar (013)	187 500	187 500	187 500	0
STA: IKT-investering Kvam (012)	250 000	0	250 000	0
STA: Interact (010)	125 000	0	0	0
STA: Intergrasjon Websak (011)	137 500	0	0	0
STA: Nye serverar (007)	687 500	0	0	0
STA: Nytt ERP-system (030)	550 000	0	0	0
STA: Utsifting trådløs infrastruktur (009)	187 500	187 500	0	0

2.2.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
210	11,03	9,63	1,4

I tillegg står kommunedirektør, ordførar og varaordførar oppført på lønsarka til Stab, desse er ikkje innberekna i tal årsverk.

Midlertidig stilling er 100 % stilling for prosjektleiar for omstilling reiseliv, og 40 % stilling i 6md for innføring av nytt økonomisystem.

2.2.2.3 Mål for økonomiplanperioden

Faglege målsetjingar og strategiar:

1. IKT-struktur og IT-tryggleik i Ulvik herad

Det har vore stor utvikling innan IKT-fagområdet siste år: Møteromma har vorte oppdatert med nytt digitalt utstyr, nytt møterom på Sentrumsbygget med teknologi som tillet overføring av digitale møter. Oppgradering av møteromma har vore viktig då det er ei auke i digitale møte, noko som er svært positivt då det minskar reisekostnader og reisetid til tilsette, pluss at det er eit godt miljøgrep.

Dei tilsette har fått laptopar, slik at dei er mobile og kan nytta heimekontor ved behov.

Me har gått over til mobilt sentralbord, dette vil forbetra innbyggjarservicen då tenestetorget vil ha betre oversikt og betre digitale funksjonar i kommunikasjonen mellom innbyggjarar og tilsette.

IT-avdelinga har fokus på betre systemarkitektur, og me har eit mål om færre systemleverandørar og betre kunnskap om dei digitale systema me har.

Det er ei vesentleg auke i digitale truslar mot verksemdar og kommunar. Det er og har vore eit stort fokus på It-tryggleik både regionalt og nasjonalt den siste tida. Det kjem stadig nye krav/oppfordringar frå nasjonale myndigheiter på IT-tryggleik. For eit lite herad som Ulvik er det ikkje mogeleg å stetta alle desse krava åleine. Me må gjennom vore driftspartnarar og andre medlemskap søke bistand og hjelp:

- Driftssamarbeid med Kvam/Eidfjord
 - Dette samarbeidet gjekk i 2024 inn i eit større pilotprosjekt der ein ser på moglegheita for eit samarbeid med kommunane Voss og Sogndal
 - Her vil ein sjå på ulike samarbeidsområde, f eks innan IKT-tryggleiksarbeid, innkjøp, IT-drift og liknande.
- Digivestland
 - Ulike nasjonale prosjekt er gjennomført via dette medlemskapet
 - Ser og for seg eit større samarbeid innan IT-tryggleik på tvers av kommunane.
- Kommune C-sirt
 - Informerer om digital angrep, gjennomfører testar og bistår ved behov
- Helse C-sirt
 - Medlem via Norsk helsenett.

Det vil bli utarbeidd egne ROS-analyser og beredskapsplanar for IT-området, målet er å ferdigstilla dette i 2025.

Me går gradvis over til skybaserte løysingar hjå leverandørar for å minimera sårbarheten i egne system. Det er fokus på opplæring av tilsette i trygg digital kvardag og opplæring i kva som kan vera digitale truslar.

Me vil gå til innkjøp av ny programvare, E-adm, for å automatisera oppretting og sletting av tilsette, dette vil gje ein betydeleg effektiviseringsgevinst.

Det er behov for å bytta serverane for å oppretthalda IKT-tryggleiken, dette vil bli gjort i 2025.

Det er stadig aukande krav til digitalisering frå statlege organ, tilsette og brukarar, me jobbar kontinuerleg for å imøtekoma dette kravet.

2. Digitalisera arbeidsprosesser i Ulvik herad

Det har vore gjort mykje godt arbeid innan digitalisering i Ulvik herad og me jobbar heile tida for å møta dagens behov innan tilgjengelegheit og fleksibilitet, både for innbyggjarane og for oss tilsette. Sakssystemet må jamleg oppgraderast, og me gjekk over til skybasert versjon av saks- og arkivsystemet, møteportalen, digitale skjema m.m i 2024. Programvaren vart oppdatert og drifta i et heilnorsk skysenter, slik at me er sikre på at alle krav i arkivlova vert oppfylt. Ved Skydrift vil me til einkvar tid vera oppgradert til nyaste versjonar med maksimal stabilitet og ytelse.

Me innførte i 2024 ny innsynsmodul, frå innbyggjarperspektivet var dette eit stort løft for tilgang på informasjon. Nye innsyn er gjenkjennelig og lagt opp etter nettbutikk og finn.no- prinsippet med enkel filtrering og stort søkefelt. Ny funksjonalitet sikrar også internkontrollarbeidet for arkivet på ein betre måte.

Me arbeider kontinuerleg med å utvikla digitale skjema og signaturar for både tilsette og innbyggjarar. Det er eit omfattande arbeid å få alle dokument over på digitale flater. Det er alltid eit mål å få god flyt på alle skjema og innmeldingar i personal- og lønssystem. Dette arbeidet skal koplust mot nytt ERP-system (Økonomi, personal, rekneskap) som kjem i drift januar 2025.

Eit anna tiltak for å forbetra flyten i arbeidet er integrasjonar mellom ulike system. Me er i gang med integrasjonar frå fagsystem og inn mot saks- og arkivsystem.

Redaksjonsgruppa har møte ein gong i veka for å sikra at vår heimeside, kommuneapp og infoskjermar alltid er oppdatert. Dette er eit viktig og stort arbeid der me er avhengige av samarbeid med innbyggjarane våre.

Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å fornya, forenkla og forbetre. Det handlar om å tilby tenester som er enkle å bruka, effektive og pålitelige. Me må kontinuerleg utvikla fagkompetansen og halda oss oppdatert innan digitalisering slik at me kan:

- Ta gode avgjersler når det kjem til digitale behov både internt og eksternt.
- Auka kompetansen når det kjem til digital langtidsbevaring og tilgjengeleggjing.
- Fortsette arbeidet med å bygge inn nye og eksisterande rutinar og prosessar i våre digitale system

3. Internopplæring av tilsette i fag- og sakssystem

Staben har ei rolle inn mot resten av organisasjonen i opplæring i sakshandsaming- og økonomisystem.

Det vert jamleg halde kurs for kommunalsjefar i økonomi- og personalsystem. Me har fagdagar for leiarar, mellomleiarar, tillitsvalde og vernombod 2 - 4 gongar i året med ulike og relevante temaer.

Nytt personal-, løn og økonomisystem (ERP-system) vert innført og teke i bruk 01.01.2025. Det vil bli opplærng og kurs i det nye systemet i stort omfang første halvår 2025, og sikkert noko på hausten òg.

Me gjekk over til eit skybasert sakssystem i 2025, og systemet er meir brukarvennleg og intuitivt. Stab gjev nyttilsette innføring og opplæring i sakssystemet, og har kurs for andre tilsette med jamne mellomrom gjennom året.

Me har starta arbeidet med Kompetanseplan som skal sikra god kompetanse blant tilsette, rekruttering og rett kompetanse framover. Dette arbeidet har vore forsinka pga manglande ressursar, men me har mål om å ferdigstilla dette i løpet av 2025.

Me har knytta til oss ein juridisk rådgjevar innan arbeids- og personalrettfeltet, han held kurs for leiarar nokre gongar i året, pluss gjev råd i konkrete saker.

4. Rullering og vedtak av planverk og retningslinjer

Me har nesten henta inn att etterslepet på planar på stabsområdet, men dette arbeidet er tidkrevjande. Det er viktig å involvera tilsette og interessentar i prosessen slik at alle får eit eigarforhold til planen. På det viset sikrar me at vedtatte planar vert nytta i praksis.

Dei siste åra er det utarbeidd, revidert og oppdatert 25 planar/retningslinjer/reglement i Stabseininga. Dette arbeidet stoppa litt opp i 2024 pga mangel på ressursar og andre oppgåver som måtte prioriterast. Det er fortsatt nokre planar/retningslinjer/reglement igjen som må utarbeidast eller oppdaterast. Desse er:

- Personalpolitiske retningslinjer, revidering
- Kompetanse- og rekrutteringsplan, påstarta, ny plan

Desse planane er ikkje påstarta, men skal reviderast/utarbeidast:

- Rammer for arbeidsgjevpolitikken i Ulvik herad (2007). Starta i 2025/ 2026
- Nytilflyttarmappe, starta i 2025 / 2026
- Digitaliseringsstrategi for Ulvik herad, ny plan, 2025/ 2026
- ROS og beredskapsplan for IT-drifta i Ulvik herad, ny plan, 2025 / 2026

5. HMT

Me utarbeidar årleg ein overordna HMT-plan som blir vedteken av AMU. I tillegg utformar kvar eining sin HMT-plan med tiltak som er særskild relevante for dei. Me fokuserer på å involvera verneombod og mellomleiarar meir i HMT-arbeid, noko som og vil stå i sentrum i 2025 og i økonomiplanperioden. Ein tek sikte på å ha 1-2 fagdagar i året for denne gruppa. I tillegg er det oppretta arbeidsmiljøgrupper i alle einingar der verneombod og tillitsvalde deltek på drøftingar ilag med leiar.

Avvik: Me har no nytta digitalt avvikssystem i 3 år og ser ei jamn stigning i tal innmeldte avvik. Det er fokus på opplæring og å laga ein god kultur for innmelding av avvik.. Avviksmeldingar er eit godt verktøy for å gjera oss betre. Me må fortsatt ha stort fokus på dette.

Det er situasjonar der brukarar av kommunale tenester utøver vald, og me vil jobba særskild for å førebyggja dette, og å handtera dette på ein god måte når det oppstår. Bedriftshelsetenesta har halde kurs på temaet i alle einingane. Me har utarbeidd og vedtatt utarbeidd ein plan for å førebyggja vald mot tilsette og sikra at me har gode rutinar for oppfylgning i slike tilfelle.

Kvar vår er det trimaksjon for alle som arbeidar i heradet. Det er innført utdeling av julehelsing/gåve til alle tilsette. Me gjennomførte personalfest for heile organisasjonen på hausten og me vil halde fram med dette.

Me skal fortsetja arbeidet med å halda sjukefråvær lågt og ha gode rutinar rundt oppfylgning av sjukemeldte. Me kjem til å jobba meir med dei bransjespesifikke programma for barnehage og sjukeheimar i neste planperiode, og håper at desse programma kan vera gode verktøy.

Me har gjennomført medarbeidarundersøkinga "10-faktor" og har starta på arbeidet med å fylgja opp tiltak og gjennomføra organisasjonsutvikling i samsvar med 10-faktor metoden.

6. Beredskap

Det er ei voldsom auke innan beredskapsfeltet gjennom stadige innmeldingar, analyser, nye plankrav og auke i møteaktiviteten. Me har ikkje tilstrekkelege personalressursar til å møta denne auken. Me held fristar og leverer inn det me skal, men dette går då på bekostning av andre oppgåver som må løysast. Me hadde tilsyn på beredskapen vår i juni, me fekk god tilbakemelding på alt det gode arbeidet me har gjort sidan forrige tilsyn, men fekk 3 avvik som må lukkast. Det er ein del arbeid med å lukka desse avvika, og me held på å laga ein tidsplan for dette som skal godkjennast av Statsforvaltar. Lukking av avvik må gjerast 1. halvår 2025.

Det er ein veldig spent sikkerpolitisk situasjon i verda, og dette vil føra til at omfanget innan beredskapsfeltet vil halda seg høgt og truleg auka, det er lagt inn eit tiltak (tilval) på å auka beredskapsressursen, og det er det behov for.

Kommunikasjonsverktøyet Rayvn innan beredskap er innført og tatt i bruk. Opplæring og jamleg

bruk vil stå sentralt framover.

Me har 1 satelitt-telefon på Finse og 1 i Osa. Det er lagt inn jamleg testing av desse.

Me har kjøpt inn befolkningsvarslingssystem til bruk i beredskapssamanheng. I varslingssystemet er det òg lokasjonsvarsling, det vil seia at me kan nå alle personar med mobilar i eit geografisk område. Me vurderer dette som eit nyttig kommunikasjonsverktøy i ein krisesituasjon.

Me deltek på møte og samlingar i regi av Statsforvaltaren, dette er ein viktig arena for beredskapsarbeidet i kommunen. I tillegg deltek me på fagdagan innan beredskap som Statsforvaltar arrangerer kvar haust.

Me har delteke i "Eigenberedskapsveka" som DSB arrangerer kvar haust. Me har aktuelle nyhender på heimeside og FB denne veka, sender ut informasjonsbrosjyrer, m.m.

Me skal ha møte i Beredskapsrådet i første kvartal kvart år, dette er eit råd der alle aktuelle samarbeidsaktørar vert kalla inn til ei informasjonsutveksling.

Det regionale forumet for beredskapsarbeid for kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Voss har starta opp att og Ulvik deltek her. Me merkar eit auka fokus på beredskap frå politiet, Statsforvaltar og andre sentrale hold.

7. Kultur

Kinoen har visningar kvar søndag, og drifta er på veg tilbake til normal drift, pre-covid. Kinoutstyret vårt er utrangert: Det er fleire reperasjonar gjennom året og me får ikkje forsikringsavtale på dette gamle utstyret. Kinoen er eit viktig kulturtilbod i bygda og eit viktig moment i bukvaliteten til Ulvik. I tillegg til kino kvar søndag, viser kinoen film 17. mai, på julegateopninga og har filmframvisning for skuleklassar i samband med den kulturelle skulesekken.

Det vert årleg gjennomført fleire arrangement i lokal regi innafor ordninga Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Tilskotet frå fylkeskommune til Den kulturelle skulesekken vart vesentleg redusert i 2021, frå ca. kr. 28.000 til 17.000. Her går heradet inn med same beløp. Den kulturelle spaserstokken får ca. kr 38 000 i tilskot frå fylket. Me får til mange fine arrangement av desse midlane.

Tilskotsordningane kulturmidlar, kulturvernmidlar, kulturpris vert handsama på vårparten. Tilskot til ulike arrangement/kulturaktivitetar vert handsama fortløpande.

Hardanger kulturråd er eit samarbeidsorgan som bl.a. handsamar søknader til det regionale kulturfondet. Det er årleg tildeling av tilskot.

I tillegg er det handsaming av årleg søknadar til næringsfondet og utbetaling av årlege tilskot.

Me handterer spelemiddelsøknader kvart år, og har godt samarbeid med fylket på dette. Handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv er under revisjon.

Dagsturhytta vart opna desember 2021, og dagsturhytta har vorte ein veldig populær plass å besøkja for innbyggjarar og tilreisande..Ulvik turlag har tilsyn med hytta.

Finse forum har 2 årlege møter og Ulvik herad har sekretærfunksjon her.

Biblioteket har opent to dagar og to kveldar i veka. Kvart år får biblioteket om lag 500 nye bøker via innkjøpsordninga til kulturrådet, i tillegg kjøper biblioteket inn bøker på eiga budsjett for å fornye boksamlinga. Det er fokus på å ha eit godt samarbeid med barnehage og skule for å gjera biblioteket til ein god stad for born og unge.

Jamfør folkebiblioteklova blir det vektlagt at bibliotek skal vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Det er eit mål at alle i Ulvik skal kunna nytta seg av biblioteket, uavhengig av alder og funksjonsnivå. For å leggja til rette for arrangement på biblioteket er det kjøpt inn nye mobile bibliotekhyller. Biblioteket tar imot tilbod om arrangement frå fylkesbiblioteket og samarbeider med lokale aktørar som Haugesenteret. Det er eit satsingsområdet dei neste åra å utvikla biblioteket til å bli ein møteplass og ein debattarena for fleire aldersgrupper.

Nytt fokusområde neste år er presentasjon av Bagnstronde skule på biblioteket: På kontoret som er utforma som eit utstillingsvindauga. Stab, utedrift og Hjeltnes produksjonsskule, ilag med Arne Skjerven, har henta ut eit utval av gjenstandar, bøker og andre ting av kulturhistorisk verdi frå Bagnstronde skule. Kultureininga har vore i kontakt med Sogelaget, Haugesenteret, Hardanger og Voss museum, m.fl. og vil oppretta ei arbeidsgruppe som skal jobba med å dokumenta og formidla skulehistoria i Ulvik. Målet er å få ei skulestove som vil fungera både som "utstillingsvindauga i bygdebiletet" til glede for forbipasserande og som vil vera ein stad der skuleklassar og andre kan få kunnskap om skulehistoria til Ulvik og Bagnstronde skule (Jmf Kulturarvsplanen til Ulvik herad). Me har fått midlar frå Hardangerstiftinga til dette arbeidet, pluss at det er satt av ein sum på Næringsfondet til dette arbeidet.

8. Næring, reiseliv og bukommune

I 2023 vart rammeavtalen med Ulvik næringslag om leige av lokale til turistinformasjonen endra til ein 5-års avtale, samstundes som det er investert i nytt inventar. Huseigar og næringslag har og oppgradert lokala. Drifta av turistkontoret har funne ein form, men må utviklast kontinuerleg. Det er etablert eit godt samarbeid med Ulvik næringslag og Hardanger og Voss næringshage, noko som er viktig for utviklinga lokalt, og i den einskilde bedrift. Næringshagen har faste kontordagar i lokala til næringslaget.

Book Hardanger AS tilsette direktør i 2023 og er godt i gang med arbeidet for auka sal og omsetnad i lokale bedrifter. Selskapet er ein god samarbeidspartnar for fellesprosjektet med Eidfjord, «Omstilling i reiselivet», som starta opp våren 2023. Prosjektleiari har kontor i lokala til næringslaget, og prosjektet er eit viktig bidrag for å løfte reiselivet etter pandemien. Visit Hardangerfjord som felles marknadsføringsselskap for regionen, har jobba særskilt med digital marknadsføring. Ulvik har mykje igjen for det arbeidet, og har samordna webside.

Merking, skilting og vedlikehald av turstiar er eit attraktivt tilbod til turistar, og til innbyggjarane. Tiltaket er forankra i Strategisk nærings- og utviklingsplan, og prioriterte turstiar er nedfelt i Plan for turruter.

Bruken av næringsfondet er basert på politiske vedtak og avtaler som er gjort. I tillegg er det henta tiltak frå SNU-plan, Kulturminneplan, Reiselivsstrategi og Plan for turruter, **sjå eige notat og detaljbudsjett for bruk av Næringsfondet**

Tiltak i 2025:

1. Rullering av tiltaksdel i SNU-plan, kr. 70.000
2. SNU-plan: Merking av stiar, kr. 100.000
3. SNU-plan: Bukommune, marknadsføring og rekruttering kr 50.000
4. SNU-plan: Ulvik sentrum, detaljprosjektering kr 500.000
5. SNU-plan: Regionalt samarbeid, Hardanger og Voss næringshage, kr. 50.000
6. Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv: Dagsturhytta, kr. 25.000
7. Kulturminneplanen: Utstilling: Skulestove Bagnstronde skule, kr. 120.000

8. Kulturminneplanen: Forprosjekt Catharine Kølle, kr. 100.000
9. Reiselivsplan: Infoskilt, kr. 50.000
10. Reiselivsplan: Omstilling reiseliv, kr. 330.000

Det er satt av kr. 600.000 på næringsfondet som lokale verksemder kan søkja på.

Det er stort fokus på utvikling av sentrum, jmf SNU-plan. Det er utarbeidd eit skisseprosjekt for sentrum, og reguleringsplanarbeidet er snart fullført. Målet om å gjera Ulvik sentrum til eit meir attraktivt område er eit viktig grep for at me skal kunne tiltrekkja oss fleire innbyggjarar i framtida. Det er òg svært viktig å få realisert fleire bueningar i Ulvik, i ulike storleikar og kategoriar (leige/kjøp, einbustad/leilighet, etc), dette er ein nøkkel til folketalsutvikling.

9. Overordna styringssystem

Me har dei siste åra innført budsjettering- og rapporteringsystem (Arena + Stratsys), og dette fungerer fint. No har me starta overgangen til nytt personal-, løn og økonomisystem, og formell overgangsdato er 01.01.2025. Dette skal gje oss digitale arbeidsprosessar og fjerna dei fleste manuelle prosessar (papir) me har i dag. Det nye verktøyet skal gje meir flyt i arbeidsprosessane, setja leiarane i stand til å gjera betre økonomiske analyser og gjera organisasjonen mindre sårbar i forhold til sjukefråvær.

2.2.2.4 Tenesteproduksjon

TILLEGSINFORMASJON DRIFT STAB:

IT

Ulvik herad kjøper 40 % IT-ressurs frå Eidfjord kommune. Denne auken har vore nødvendig for å drifra IT-eininga på ein god måte, i tillegg til å gjennomføra digitaliseringsprosjekt og ivareta IT-tryggleiken.

Næring

Det har vore godt kontakt med Næringshagane på Voss og i Hardanger, dette har resultert i fleire nye utviklingsprosjekt, moglege etableringar og faste kontordag i Ulvik. Dette samarbeidet er viktig framover.

Arbeidet med merking og rydding av turstiar vert vidareført og er ei viktig satsing for Ulvik.

Cittaslowrådet har jamlege møte og er ein viktig samarbeidsorgan i Cittaslow-arbeidet. Ulvik har vore Cittaslow-medlem i 10 år i 2025, og me planlegg ei markering av dette.

Politisk

Stab har ein samordningsfunksjon for politisk aktivitet og har ansvar for innkalling, referat og anna arbeid kring den politiske aktiviteten. Det er laga eit oppsett for politisk rekneskap og dette er viktig å ha fokus på og vidareutvikla dei neste åra.

Økonomi

Me har starta prosessen med å gjennomgå Kostra-standardar og fordeling av kostnad på ulike kategoriar, dette arbeidet vil ha fokus i økonomiplanperioden.

Vigsel

Ulvik herad tilbyr vigsel i Ulvik, og vigselslokalet er på Haugesenteret. I tillegg kjem det

førespurnader om vigsel på andre lokasjoner i Ulvik som Finse, og andre stadar.

Ungdomsråd

Ulvik ungdomsråd har medlemmer frå grunnskulen og vidaregåande skule. Ungdomsarbeidaren har ei viktig rolle for å engasjera ungdomane i aktuelle politiske saker. I tillegg deltek leiar (+vara av og til) i Hardanger Ungdomsråd.

Tv-aksjonen

Dette er ein årleg innsamlingsaksjon som Ulvik herad har ansvar for å organisera.

17. mai

Ulvik herad initierer og set i gang 17. mai komiteen, og har i tillegg oversikt over økonomiske disposisjonar.

2.2.3 Internkontroll og tilsyn

Internkontrollen skal sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre, og at me følgjer lover og reglar. I Ulvik herad har me starta digitalisering og utvikling av internkontrollsystemet vårt og er godt i gang med dette arbeidet. Me nyttar internkontrollsystemet Compilo, og me har allereie nytta avviksmodule til Compilo eit par år. Det er stort fokus på å digitalisera alle rutiner, planar og prosedyrer i Compilo, dette arbeidet vil ha stort fokus i 2025. Målet vårt er at all dokumentasjon knytt til internkontroll skal vera strukturert, digitalisert og tilgjengeleg frå ei side som er tilgjengeleg for alle tilsette.

Tilstreккеleg og oppdatert dokumentasjon er ein føresetnad for læring og utvikling, både i opplæring av nyttilsette og i vedlikehalds- og forbetningsprosessar. Pr i dag er me på god veg for å få eit slik system, men det gjenstår fortsatt ein del arbeid før me har fått ein fullgod base. Arbeidet med internkontrollsystemet er eit kontinuerleg arbeid som må ha høg prioritet framover.

Personvern - GDPR:

Ulvik herad kjøper personvernombodstenesta frå Bergen kommune og dette fungerer fint. Me har fått på plass viktige styringsdokument innan arbeidet med personvern og har oppretta eit tryggleiksforum (leiargruppa) som møtest kvar 3.månad . Spesialkonsulent og Kommunedirektør har jamlege statusmøte med ombodstenesta. Alle tenesteområda har laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova. Me har deltatt i Pilotprosjektet SkoleSec som rettar seg spesielt mot kompetanse innan personvern for merkantilt tilsette i skule. Ein viktig del av dette prosjektet er å bygge kompetansen ut i eiga organisasjon etter deltaking på seminar.

Alle tenesteområder har laga behandlingsprotokollar jf. lovkrav i personopplysningslova. Ulvik herad har kjøpt inn og brukar GDPR-systemet DraftIt.

Vedtaksoppfølging:

Me kan enkelt kan hente ut status for politisk vedtekne saker. Sakshandsamarane og leiarane har korgar i sakssystemet som inneheld politisk vedtekne saker. Når sakene er effektuert endrar sakshandsamar sjølv status.

Jamleg opplæring: Tenestetorget held verkstadar i sakssystemet, med ulike tema.

Arkivplan:

Heradet har ein oppdatert nettbasert arkivplan som del av vår internkontroll for dokumentasjonsbehandling. Arkivplanen er tilgjengeleg for både interne og eksterne brukarar.

Arkivplanen gjev bindande retningsliner for behandling av all informasjon og dokumentasjon i heradet. Arkivlova med føresegner ligg til grunn for prosess- og rutineskildringar.

Avvikssystem, Compilo:

- ALLE tilsette har tilgang
- Alle tilsette kan følge status på sine innmeldte avvik.
- Leiarane gjer avvikshandteringa her
- Leiarane hentar ut rapportar og statistikk
- Verneomboda har lesetilgang på avvik meldt inn i kategorien HMT

Tilsyn

Det er 3 avvik som skal lukkast etter tilsyn på beredskapsfeltet, avvika skal lukkast i løpet av første halvår 2025. Det er ikkje varsla andre tilsyn pr. no.

3 Oppvekst

3.1 Tenesteproduksjon

3.1.1 Innleiing

Oppvekst

Saman om ein inkluderande og god oppvekst.

Ulvik herad skal ha gode grunntenester samt gode støtte- og hjelpetenester innanfor oppvekstfeltet. Tenestekområdet skal ha eit særleg fokus på førebygging og tidleg innsats for å hindra utanforskap.

Tenestene skal vera prega av heilskap og samanheng. Born og unge skal oppleva å bli møtt med gode felles verdiar og haldningar frå tenester og tilsette i heradet gjennom heile oppveksten.

Oppvekst skal samhandla og byggja gode lag for å finna berekraftige løysningar på dagens og framtidens samfunnsutfordringar, saman med born og unge. Borns beste skal alltid vega tyngst. I

Ulvik skal born og unge oppleva at dei blir lytta til og tekne på alvor.

Tilsette i alle ledd skal bidra til kvalitet i tiltak og leggja tilrette for samhandling og innsats på tvers av einingar og profesjonar, i dialog med born, unge og føresette.

Oppvekstområdet skal bruka digitale løysningar for å forenkla, fornya og betra tenestene sine.

Kommunen som barnehagemynde

Frå 1. januar 2021 trådte lovendring, som skil kommunen som barnehagemynde og kommunen som barnehageeigar frå kvarandre, i kraft.

Styrrar i barnehagen er barnehageeigar og kommunalsjef for oppvekst er barnehagemynde.

Heradet skal organisera oppgåvene den har som barnehagemynde fråskilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar, for å ivareta tilliten til heradet sin upartiskheit som barnehagemynde.

At kommunen som barnehagemynde skal sjå til at barnehagen driv etter gjeldande regelverk, tyder at den har eit meir omfattande ansvar enn det som elles gjeld for eit ordinært tilsynsorgan.

3.1.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

3.1.2.1 Økonomi

§5-4 2. ledd - løyvingsoversikt drift - einingsnivå

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Oppvekst						
Driftsinntekter	-7 158 000	-3 646 000	-2 555 000	-2 555 000	-2 555 000	-2 555 000
Driftsutgifter	50 619 000	45 013 000	42 286 000	41 503 000	41 503 000	41 503 000
Netto	43 461 000	41 367 000	39 731 000	38 948 000	38 948 000	38 948 000

Målsetnaden er halda seg innafor ramma på 38 000 000 kr, men for 2025 vil det truleg ikkje være mogeleg på grunn av ulike utfordringar i skulen som krev ekstra ressursar 1. del av 2025.

Sjølv om det vert flytta delar av stillingar frå barnehage og skule til Spira, omorganisering den individuelt tilrettelagde opplæringa og reduksjon av utgifter til kjøp av tenester frå andre kommunar, har oppvekst framleis nokre utfordringar som krev ekstra bemanning. Målsetnaden pr 1. august er at utfordringane er redusert og ressursar kan trekkjast ut, slik at ein ha større sjans til å halda ramma. Midlertidige stillingar på skulen vert tekne bort frå 1. august 2025.

Det er politisk vedtak på at skulen skal vere 10 delt, ressurs til 1 ekstra kontaktlærer, barnehagen skal vere 4 delt og at elevane får severt varmmat frå omsorgstunet. Vedtaka krev ekstra ressursar, men gjev eit betre tilbod. Konsekvensar ved å gjera om på vedtaka kan få konsekvensar for kvaliteten på opplæringa og trivselen. Det vart gjort politisk vedtak på å løyva ressursar til miljøterapeut i skulen i perioden 2022 og ut 2025. Miljøterapeuten gjer ein stor forskjell i miljøarbeidet på skulen, og det vil vera eit tap for utviklinga av skulemiljøet dersom denne ressursen fell bort i 2026. Andre oppgåver som ikkje er lovpålagde er stillinga som koordinerer ungdomsrådet, som utgjer 20%.

§5-5 2. ledd - løyvingsoversikt investering per prosjekt - einingsnivå

Beskrivelse	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Oppvekst 2105 IKT skule	579 000	313 000	500 000	538 000
Oppvekst 4538 Inventar Oppvekst 2024-2027	338 000	363 000	263 000	100 000

Investeringar per tiltak - einingsnivå

Investeringsbudsjett 2025-2028 fyrste utkast 061124	2025	2026	2027	2028
OPV: IKT-utstyr barnehage (017)	126 250	0	187 500	187 500
OPV: IKT-utstyr brakanes skule (014)	452 500	312 500	312 500	350 000
OPV: Inventar barnehage (016)	75 000	112 500	37 500	37 500
OPV: Inventar brakanes skule (015)	262 500	250 000	225 000	62 500

Det er naudsynt å investera i oppgradering av inventar i klasseromma, lærarkontor og i fellesareala på skulen.

Skulen har trong for m.a. garderobeskåp til elevane på grunn av branntryggleik. I tillegg er det trong for nye elevstolar, hyller og skåp til kontor, klasserom og til fellesområdet.

I det største klasserommet på skulen er det trong for ein skyvevegg til fleksibel bruk av rommet.

Barnehagen har trong for oppgradering av personalrom og anna aktuelt utstyr og inventar i barneareal. Fornyng kontorplass for ped leiarar/ barnehgelærarar vil også vere aktuelt i planperioden.

Digitalisering er eit viktig satsingsområde både nasjonalt, men også lokalt.

Skulen har interaktive tavler på alle klasserom, men det vil vere trong for investering i nye tavler i perioden. Elev- og lærar PC-ar/I-pad-ar, samt ladeskåp og anna tilbehør treng fornyast med jamne mellomrom. I planperioden er det trong for å investera i digitalt utstyr til barnehagen. Det er naudsynt trong for fornying av PC ar til dei tilsette og Ipad til borna. Det er behov for auke i budsjett til investering i digitalt utstyr for å kunna gje elevane dei grunnleggjande digtale dugleikane dei har trong for i utviklinga si.

3.1.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige	Sal av teneste til andre kommunar
220				
Ulvik Barnehage	14,2	14,2	0	
230				
Brakanes Skule	24,55	23,7	0,85	
SFO	2,59	2,59		
Kulturskulen	2,085	1,8	0,29	0,28
Ungdomsklubben Ameron	0,4	0,4	0	
Koordinator ungdomsråd	0,2	0,2	0	
Kommunalsjef oppvekst	1	1	0	

Organisering av tenesteområdet

Under tenesteområde ligg Ulvik barnehage og Brakanes barne- og ungdomsskule, SFO, kulturskulen, ungdomsklubben, ungdomsråd med koordinator. Spira barne – og familieeining som dekkjer PPT, barnevern, familierettleiing og skulehelseteneste ligg fagleg under oppvekst og økonomisk under helse og velferd. Vaksenopplæringa ligg under oppvekst og tenesta vert pr no kjøpt frå Voss herad.


Budsjett for 2025 på 38 mill.

Ulvik barnehage har 45 born og 16 tilsette fordelt på 14,2 årsverk.

Brakanes barne- og ungdomsskule har 140 elevar og 48 born på SFO.

Kulturskulen har 93 elevplassar fordelt på 66 søkjarar.

Jmf SSB - 2023 ser det ut til at elevtal i økonomiplanperioden vert synkande medan tal barnehageborn ser ut til å vera stabil.



3.1.2.3 Mål for økonomiplanperioden

Oppvekst

Mål for økonomiplan 2025-2028

Saman om ein inkluderande og god oppvekst.

Hovudsatsinga i oppvekst er inkluderande oppvekstmiljø

Ulvik herad skal gje gode oppvekstsvilkår for born og unge ved å:

Auka læringsutbytte:

- Barnehagen skal utarbeida ein plan for språkutvikling.
- Det skal implementerast tiltak for å betra resultat på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng.
- Skulen skal utarbeida leseplan
- Tidleg innsats, gje intensiv opplæring tidlegast råd.
- Sikra tilstrekkelege ressursar og støttepersonell for born/elevvar med spesielle behov.
- Tilpassa undervisninga for å møte individuelle læringsbehov.

Styrkja læringsmiljøet og auka trivsel:

- Barnehagen skal utarbeida ein plan for sosial kompetanse.
- Skapa trygge og inspirerande læringsmiljø med fråvær av mobbing og krenking i barnehage og skule. Oppvekst skal fygja dei lokale planane i arbeidet.
- Førebyggja og fylgja nærværplan for elever som står i fare for å droppa ut av skulen. Oppvekst skal fygja den lokale nærværplanen.
- Auka samarbeidet med foreldre og lokalsamfunnet for å støtta born og unge.
- Setja standardar for eit godt læringsmiljø i barnehagen og skulen.

Fremja inkludering og mangfold:

- Implementera tiltak for å sikra at alle born og unge, uavhengig av bakgrunn, har lik mogelegheit til å lukkast.
- Involvera foreldre i barnehagen, skulen, SFO og ungdomsklubben sitt arbeid med inkludering.
- Auka medvit og kompetanse for tilsette og innbyggjarane i Ulvik herad.

Medverknad:

- Barnehageborna skal medverka gjennom faste barnesamtalar.

- Elevane skal involverast i avgjerder som påverkar skulekvardagen deira, gjennom mellom andre elvrådet.
- Det er også eit mål å skapa eit aktivt og engasjert ungdomsråd, som bidreg til å påverka politiske avgjerder
- Gjennom stor grad av medverknad frå ungdommane sjølv, skal me skapa eit godt og variert tilbod til ungdommane i bygda. Dette gjeld både på ungdomsklubben og gjennom andre aktivitetar.

Etablering av tverrfagleg hjelpetjeneste:

- **Frå 1. januar, 2025** vert Spira barne- og familieeining etablert. Spira skal bidra inn i det førebyggjande arbeidet i tillegg til å utføra andre lovpålagde oppgåver til born, unge og familiane deira.

Foreldresamarbeid:

- Eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for å skapa eit inkluderande og støttande læringsmiljø. Det er eit mål å auka oppmøte på foreldremøter og vidareutvikla eit godt samarbeidsklima mellom barnehage/skule og føresette, som er til det beste for born og elevar.

Fritid og kultur:

- Ein vil halda fram med å ha eit godt og variert tilbod i Kulturskulen.
- Oppvekst via Spira skal etablera behovsprøvd støtte til for alle born/unge mellom 6-18 år i låginntektsfamilie. Voss sparebank har løyvd midlar, etter søknad, til deltaking i fritidsaktivitetar for born og ungdom i låginntektsfamiliar.
- Ungdomsklubben skal gjennom stor grad av medverknad frå ungdommane sjølv, skapa eit godt og variert tilbod til ungdommane i bygda. Dette gjeld både i ungdomsklubben og gjennom andre aktivitetar.

Rekruttering av- og behalda kompetanse:

- Det vert truem tilbod om desentralisert barnehagelærerutdanning frå 2025, det er eit mål at 2-3 av innbyggjarane i Ulvik , søker og gjennomfører utdanninga.
- Leggja tilrette for eit godt arbeidsmiljø i barnehage og skule for evt å få ned fråvær.
- Leggja tilrette for at 2-3 lærarar får. pr år, tilbod om vidareutdanning gjennom UDIR. Skulen sitt kompetanseoversyn styrer kva fag som skal prioriterast.

Utbeiring av bygg:

- Barnehagen er ikkje godkjend etter miljøretta helsevern og det er ein målsetnad at det i økonomiperioden vert starta rehabilitering av eksisterande barnehage eller at det vert påbegynt arbeid med å byggja ny barnehage.
- Skulebygninga og uteområdet har trong for oppgradering. Bygg har trong for fornying av fasadar. Når det gjeld uterom ligg det føre teikningar som Norconsult saman med heradet har utarbeidd. Det er eit mål i perioden at arbeid med uterområdet vert sett i gang.

IKT- Digitalisering:

- Arbeida for at alle born og unge får ein trygg digital oppvekst, noko som kan synast att i resultat frå elevundersøkinga ved at tal elevar som kjenner seg mobba på digitale flater vert redusert.

- Barnehagen og skulen skal ha digitalt utstyr og lisensar slik at alle born og elevar si utvikling av den grunnleggjande dugleiken vert vareteken.

Resultat frå ulike undersøkingar og kartleggingar er grunnlag for målsetnadane i oppvekst.

Resultat foreldreundersøking barnehage 2023

Kategorier - Spørsmål	Alle fylker ?		Vestland ?			
	Alle kommuner ?		Alle kommuner ?		Ulvik ?	
	Alle barnehager ?		Alle barnehager ?		Alle barnehager ?	
	Snittsvar ?	Antall svar ?	Snittsvar ?	Antall svar ?	Snittsvar ?	Antall svar ?
+ Ute- og innemiljø	4,2	133 045	4,1	17 316	3,3	20
+ Relasjon mellom barn og voksen	4,5	133 032	4,5	17 315	4,3	20
+ Barnets trivsel	4,7	133 002	4,8	17 309	4,5	20
+ Informasjon	4,3	132 967	4,3	17 303	3,4	20
+ Barnets utvikling	4,7	133 002	4,7	17 312	4,4	20
+ Medvirkning	4,3	133 018	4,3	17 311	4,1	20
+ Henting og levering	4,4	133 022	4,4	17 311	4,2	20
+ Tilvenning og skolestart	4,5	86 700	4,5	11 122	4,4	14
+ Tilfredshet	4,5	132 193	4,5	17 255	3,7	20

Elevundersøking Brakanes skule 2021, 2022, 2023

7. trinn og 10. trinn

Indikator - Spørsmål	2021-22 ?				2022-23 ?				2023-24 ?			
	Brakanes barne- og ungdomsskule ?				Brakanes barne- og ungdomsskule ?				Brakanes barne- og ungdomsskule ?			
	7. årstrinn ?		10. årstrinn ?		7. årstrinn ?		10. årstrinn ?		7. årstrinn ?		10. årstrinn ?	
	Alle grupper ?		Alle grupper ?		Alle grupper ?		Alle grupper ?		Alle grupper ?		Alle grupper ?	
	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?	Snitt ?	Antall besvart ?
- Trivsel	4,1	7	2,8	11	3,7	13	3,6*	7*	3,3	7	3,0	15
- Støtte fra lærer	4,1	7	2,9	11	3,8	12	3,7	7	3,0	6	2,6	15
- Støtte hjemmefra	3,9	7	3,7	11	4,1	13	4,0*	7*	3,6	6	3,1	14
- Vurdering for læring	*	*	2,7	11	3,5	13	2,8	7	2,4	7	2,2	13
- Læringskultur	3,8	7	2,9	11	3,5	12	3,6*	7*	2,8	7	2,4	15
- Mestring	3,8	6	3,3	10	3,6	13	3,7*	7*	3,3	7	2,9	12
- Motivasjon	3,4	7	2,6	10	3,5	13	3,0*	7*	3,0	7	2,0	15
- Elevdemokrati og medvirkning	3,8	6	2,8	11	3,2	13	2,8*	7*	2,3	7	2,5	13
- Felles regler	4,3	6	3,2	11	4,1	13	3,5	7	3,6	7	2,5	13
- Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)			3,1	11			4,2*	6*			1,9	14
- Faglig utfordring	4,4	7	3,7	11	3,5	13	*	*	3,4	7	3,1	15

Mobbing 7.- 10. trinn. *

	2021-22 [?]			2022-23 [?]			2023-24 [?]		
	Hele landet [?]			Hele landet [?]			Hele landet [?]		
	Vestland [?]			Vestland [?]			Vestland [?]		
	Ulvik [?]			Ulvik [?]			Ulvik [?]		
	Ulvik [?]			Ulvik [?]			Ulvik [?]		
	7. årstrinn [?]	10. årstrinn [?]		7. årstrinn [?]	10. årstrinn [?]		7. årstrinn [?]	10. årstrinn [?]	
	Alle eierformer [?]	Alle eierformer [?]		Alle eierformer [?]	Alle eierformer [?]		Alle eierformer [?]	Alle eierformer [?]	
	Alle kjønn [?]	Alle kjønn [?]		Alle kjønn [?]	Alle kjønn [?]		Alle kjønn [?]	Alle kjønn [?]	
Indikator - Spørsmål	Andel mobbet [?]	Andel mobbet [?]		Andel mobbet [?]	Andel mobbet [?]		Andel mobbet [?]	Andel mobbet [?]	
- Mobbing på skolen	*	*		*	*		*	*	53,3
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?	*	*		*	*		*	*	42,9
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene?	*	*		*	*		*	*	*
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	*	*		*	*		*	*	42,9

Spørsmålene i Elevundersøkelsen [?]


Nasjonale prøver skule 2023

2022-23 [?]									2023-24 [?]								
Engelsk [?]			Lesing [?]			Regning [?]			Engelsk [?]			Lesing [?]			Regning [?]		
5. årstrinn [?]			5. årstrinn [?]			5. årstrinn [?]			5. årstrinn [?]			5. årstrinn [?]			5. årstrinn [?]		
Alle eierformer [?]			Alle eierformer [?]			Alle eierformer [?]			Alle eierformer [?]			Alle eierformer [?]			Alle eierformer [?]		
Alle kjønn [?]			Alle kjønn [?]			Alle kjønn [?]			Alle kjønn [?]			Alle kjønn [?]			Alle kjønn [?]		
Skalapoeng [?]	Usikkerhet [?]	Antall elever deltatt [?]	Skalapoeng [?]	Usikkerhet [?]	Antall elever deltatt [?]	Skalapoeng [?]	Usikkerhet [?]	Antall elever deltatt [?]	Skalapoeng [?]	Usikkerhet [?]	Antall elever deltatt [?]	Skalapoeng [?]	Usikkerhet [?]	Antall elever deltatt [?]	Skalapoeng [?]	Usikkerhet [?]	Antall elever deltatt [?]
50	0.1	55 704	50	0.1	56 230	50	0.1	55 245	50	0.1	56 875	49	0.1	56 408	50	0.1	56 887
50	0.2	6 838	50	0.2	6 948	51	0.2	6 816	50	0.2	6 770	49	0.2	6 706	50	0.2	6 777
45	5.3	17	49	5.3	18	45	5.3	18	*	*	*	*	*	*	*	*	*
45*	5.3*	17*	49*	5.3*	18*	45*	5.3*	18*	54*	5.9*	9*	50*	5.8*	9*	47*	5.7*	9*
45	5.3	17	49	5.3	18	45	5.3	18	54*	5.9*	9*	50*	5.8*	9*	47*	5.7*	9*

Grunnskulepoeng 2018-2024

Skilling i grunnskolepoeng

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskolepoeng kun basert på standpunktkarakterer. NB: Y-aksen starter ikke på null.




Ulvik, Alle eierformer


Ungdata 2024


5.-7. trinn


NØKKELTAL

Noreg versus kommune













Ungdata 2024
8.-10.trinn


■ Ulvik ■ Vestland ■ Norge





■ Ulvik ■ Vestland ■ Norge





Brakanes skule

Undersøkingar 2023-2024, syner at elevane har låg motivasjon for læring, høg grad av digital mobbing, låg skåre på læringskultur og at dei eldste elevane trivst under snitt for Vestland og for landet.

Grunnskulepoenga for 2024 ligg under gjennomsnitt for landet, men har betra seg siste året. Når det gjeld leseugleik må det setjast inn tiltak for å auka dugleik, sjølv om det i 5. klasse 2023 synte resultat snitt over Vestland og nasjonalt. Ein større del av elevtalet får individuelt tilrettelagd opplæring (spesialped hjelp/undervisning), noko som må reduserast ved omorganisering av undervisninga og intensive kurs og tilpassa opplæring.

3.1.2.4 Tenesteproduksjon

3.1.3 Internkontroll og tilsyn

Oppvekst

- **Barnehage**

Det har ikkje vore tilsyn med krav om oppfylgjing i 2024.

Det har vore kontroll på leikeutstyr på uteleikeplassen haust 2024.

- **Undervisning**

HMT-arbeid:

Brakanes skule har revidert ein del planar, instruksar og rutinar med omsyn til HMT og brannvern. Kvar haust får dei tilsette opplæring i HLR av ein godkjent instruktør. Dei som skal ha symjeundervisning får opplæring i livredning i vatn av same instruktør.

Samfunn og plan har gjort fleire utbetringar i 2024.

TILSYN

Det vert gjennomført årleg brannteknisk tilsyn på alle særskilde brannobjekt etter §15. Dette er skulen, barnehagen, Finse skule, etc. Tilsynet vert gjennomført av Voss brann og redning, saman med respektive representantar frå einingane.

Rutineskildring i høve røykutvikling og brann, branninstruksar:

Branninstruksen vert gjennomgått kvar haust, og personale får opplæring på branntavlene og øving med Evacstol. I 2024 har det vore fleire brannøvingar, både melde og umelde. Kvar år skal det vera ein meld og ein umeld brannøving. Barnehagen har hatt brannvernopplæring.

Felles avvikssystem i Ulvik herad der tilsette melder avvik på nett. Hausten 2020 vart det innført bruk av avvikssystemet Compilo. Dette verktøyet har heile personalet fått opplæring i å bruka.

Rutinar og system for handsaming av personvernopplysningar GDPR. Skulen har utarbeidd

eigen protokoll med oppsett av rutineoversikt i høve lagring og handsaming av personopplysningar.

Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, gjeldande for Ulvik herad. Denne er under revidering og skal koplast til ein førebyggjande plan.

Rutineskildring i høve mobbing og krenking. Me har ein handlingsplan, mal for meldeskjema og aktivitetsplan.

Plan for alvorlege hendingar i Ulvik barnehage og Brakanes skule vart ferdigstilt i 2024.

Anna planverk som skulen har:

* Nærværspan

4 Helse og velferd

4.1 Tenesteproduksjon

4.1.1 Innleiing

Det er ikkje endå vedteke ein ny kommuneplan for Ulvik herad. For økonomiplanen 2025-2028 blir det derfor frå administrasjonen si side lagt vekt på dei føringane som framgår av lovpålagte oppgåver, vedteke planstrategi, vedteke plan for berekraftig omstilling helse og velferd, pågåande samarbeid med kringliggande kommunar, strategi for helsefelleskapet i bergensområdet, og sentrale reformar som set kursen for dei kommunale tenestene.

Budsjettframlegget vil og ta sikte på å møte dei utfordringane som kjem fram av kunnskapsgrunnlaget for samfunnsdelen og folkehelseoversikta som var del av dette.

Samstundes må budsjettet balanserast mot dei økonomiske realitetane i kommunen. Det vil seie at sjølv om me ynskjer å satse på enkelte ting, må me spare meir. Netto driftskostnader må ned om me skal halde dei rammene det blir lagt opp til.

Budsjettforslaget inneheld derfor fleire kuttforslag som er teken inn i budsjettet, samt satsingar som er teken inn. Administrasjonen har forsøkt å legge fram fleire tilval som dei folkevalde kan velje å ta inn eller stryke frå budsjettet, men handlingsrommet utan å avvikle lovpålagte tenester er avgrensa.

I 2023 hadde eininga eit stort meirforbruk, og i år fekk me lagt fram ein rapport frå vestlandsrevisjon med ei rekke tilrådingar. Plan for berekraftig omstilling vart lagt fram i september som oppfølging av dette, og me har lukkast med å bremse forbruket gjennom tiltak i 2024. Tiltaka i planen er likevel ikkje nok for å komme ned på ynskja ramme, og planen har ikkje omfatta Spira: barne- og familieeininga der mykje framleis er uavklart. Om rammene for 2024 vil halde er framleis usikkert. Før det vart gjennomført tiltak sommaren 2024 såg det ut til å gå mot nytt overforbruk. Tiltaka har hatt effekt, og me er per i dag i balanse, men med ein god del usikkerheit framleis.

For 2025 må altså budsjettet strammast inn meir enn det som vart lagt opp til i vedteke plan for berekraftig omstilling om me skal nærme oss dei rammene som er førespegla.

Med årets budsjettforslag er eininga i stor grad redusert til eit minimum for å drifte kommunale tenester. Me vil har store utfordringar med å innfri nasjonale krav til kommunale helse og velferdstenester i åra som kjem, med gjeldande ressursituasjon har me svært liten kapasitet ut over drift av kjerneoppgåver.

Kostra-tal for 2023 syner at kostanden for tenesteområdene i helse og velferd totalt sett var nokolunde lik gjennomsnittet for kostra-gruppa. Om me lukkast med rammene for 2024 vil me i realiteten ha fått til ein vesentleg reduksjon i kostnader, sjølv om rammene til eininga vart auka for 2024.

For 2025 blir det lagt opp til at eininga skal redusere rammene sine vesentleg. Nominelt er det eit ikkje ubetydeleg kutt i ramme som i stor grad tek vekk den auken eininga fekk frå -23 til -24. Reelt må ein ta høgde for auke i lønskostander, prisvekst, auke i pensjonskostnader etc. og kuttet vert vesentleg større enn det. På toppen ligg dei kutta som er gjennomført for å komme ned til ramma for -24, som skuldast ei underfinansiert drift over fleire år.

Nasjonale forventninger til kommunale helse, omsorg- og velferdstenester:

Frå 2020 er det komen over 10 stortingsmeldingar som er relevante for eininga.

Minst 11 NOU'ar som kan knyttast til kommunale helse- og omsorgstenester.

Det er komen fleire nye lovkrav gjennom oppvekstreforma.

Lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet stiller strengare krav til kommunane i dette arbeidet.

Ein større del av det totale helse og velferdstilbodet til innbyggjarane skal bli ytt gjennom dei kommunale tenestene enn det som historisk har vore tilfelle. Det blir statsa stort på samhandling og pasientflyt. Kommunane må skal bli rigga for å møte demografiutfordringane og ein synkande tilgang på helsepersonell, og me skal drive førebyggjande arbeid og syte for god folkehelse i befolkninga.

Finansiering for alt dette er i stor grad gjennom tilskotsordningar. Innovasjon skal løyse utfordringane, ikkje meir ressursar. Teknologi, betre organisering, hardare prioriteringar og auka bruk av frivillige er ledestjernene me skal navigere etter.

Det blir stilt store krav til samarbeid mellom sektorar – spesielt plan, oppvekst og helse for å utvikle lokalsamfunn som er rigga for demografiske endringar og behov for tenester.

Kva er eininga helse og velferd i Ulvik herad, og kva er heradet sine lovpålagte oppgåver som helse og velferd har ansvaret for?

Pleie og omsorg:

- Sjukeheim
- Omsorgsbustader og tilrettelagte bustader
- Praktisk bistand
- Dagaktivitetstilbod
- Heimesjukepleie
- «Øyeblikkeleg hjelp» døgnoppahld - ØHD

Velferd og arbeid:

- Sosialhjelp
- Introduksjonsstønad
- Kvalifiseringsprogram
- Økonomisk råd- og rettleiing
- Bustøtteordninga
- Bustadsosialt arbeid
- Krisesenter

Helse:

- Legevakt
- Fastlege

Rehabilitering og habilitering:

- Fysioterapi
- Ergoterapi

- Koordinerende eining og individuell plan
- Rehabiliteringstilbod i kommunen

Psykisk helse og rus:

- Rådgjevande eining for russaker
- Kommunepsykolog
- Individuelt tilpassa oppfølging av personar med ulik grad av problemstillingar

Barn og unge (budsjett og personal i helse og velferd) – fagleg leiing frå oppvekst:

- Barnevern
- Helsestasjon- og skulehelseteneste
- Barnekoordinator
- PPT
- Psykisk helse
- Forebygging
- Foreldrerettleiing

Folkehelse:

- Smittevern
- Miljøretta helsevern
- Helsefremjande arbeid
- Forebygging

Menneske med nedsett funksjonsevne:

- Brukarstyrt personleg assistent
- Individuelt tilpassa heilskapelege tilbod, inkludert bustad .

Kommuneoverlege

Kommunepsykolog

4.1.2 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

4.1.2.1 Økonomi

§5-4 2. ledd - løyvingsoversikt drift - einingsnivå

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Helse og velferd						
Driftsinntekter	-19 770 000	-13 721 000	-14 966 000	-12 566 000	-12 566 000	-12 566 000
Driftsutgifter	79 480 000	66 664 000	67 129 000	67 315 000	67 315 000	67 315 000
Netto	59 711 000	52 943 000	52 163 000	54 750 000	54 750 000	54 750 000

§5-5 2. ledd - Løysingsoversikt investering per prosjekt - einingsnivå

Beskrivelse	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Helse og velferd 3017 Varmmat i barnehagen 2025-2028	313 000	0	0	0
Helse og velferd 3444 Spira barne og familieeining 2024	3 000 000	0	0	0
Helse og velferd 3445 Elektronisk pasientjournal 2025	1 563 000	0	0	0
Helse og velferd 3446 Pasientvarsling 2025	3 125 000	0	0	0

Investeringar per tiltak - einingsnivå

Investeringsbudsjett 2025-2028 fyrste utkast 061124	2025	2026	2027	2028
HEL: Elektronisk pasientjournal (002)	1 562 500	0	0	0
HEL: Etablering av Spira (005)	3 000 000	0	0	0
HEL: Pasientvarslingsanlegg (001)	3 125 000	0	0	0
HEL: Varmmat til barnehagen (004)	312 500	0	0	0

4.1.2.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige	
240 - 1209	1	1		Kommunalsjef
240 - 1210	1	1		Tildelingskontor
240 - 2345	0,6	0,6		Dagavdeling
240 - 2410	5,7	4,7	1	Legekontor og kommunelege
240 - 2412	2	2		Fysioterapi
240 - 2420	0,5	0,5		NAV
240 - 2421	1,3	1,3		Integrering
240 - 2530	?			Turnus sjukeheim
240 - 2531	5,79	4,79	5,79	Kjøkken

240 - 2571	1,05	1,05	Omsorgsbustader
240 - 2580	?	?	Turnus HSPL
240 - 2581	1	1	Praktisk bistand
240 - 2584	1	1	Psykisk helse og rus
240 - 2582	0,6	0,6	Ergoterapi
240 - 2530	1,4	1,4	Sjukeheim adm.
240 - 2580	1	1	Heimebaserte adm.
241 - Spira	4,1	4,1	
Totalt	28,04		

I tråd med plan for berekraftig omstilling helse og velferd har eininga jobba for å få ned tal årsverk.

I budsjettet for 2025 var målet å komme ned til 45 årsverk, ikkje inkludert dei nye funksjonane i Spira.

Budsjettet som vert lagt fram omfattar 28,04 årsverk utanom turnusdrift på sjukeheim og i heimesjukepleien. Arbeidet med turnus er ikkje i mål når dette budsjettet blir lagt fram, og det har vore store endringar der. Tala er derfor for usikre til å legge fram, men me siktar på 18-20 årsverk for dei to tenesteområda og landar då mellom 46 og 48 årsverk, sjølv om ein inkluderer Spira.

4.1.2.3 Mål for økonomiplanperioden

- Rasjonalisering av drift
- Teknologi og IT
- Oppfølging av sentrale reformar og føringar
- Samarbeid og samhandling
- Tidleg inn og førebygging
- Overordna utfordringsbilete: førebuing og rigging av tenestene
- Mobilisering av frivillige

4.1.2.4 Tenesteproduksjon

Korleis blir tenestene organisert i 2025?

Omsorgstunet

Det blir lagt opp til sjukeheimdrift med 14 plassar i tråd med plan for berekraftig omstilling, og bemanning i tråd med TØRN-prosjektet der noko bufferbemanning inngår som del av grunnbemanninga. Dette er tiltak primært for å redusere sjukefråvær, redusere behovet for innleige av vikarar, og redusere overtidsbruk. Det blir satsa på langvakter på helg for å redusere tal tilsette,

og auke/oppretthalde større/fulle stillingar. Dette bidreg til kvalitet og kontinuitet. Redusert behov for småstillingar og vikarar på helg vil bidra til å lette helgebelastninga for dei fast tilsette og redusere behovet for innleige. Samla vil me ha ein pleiefaktor (årsverk/plassar) på over 1, noko som er høgt samanlikna med kommunar med den lågaste bemanninga. Dette skuldast at det er buffer mot fråvær jamt over. Alternativet er konstant drift på minimumsbemanning som truleg vil få ein høgare kostnad i praksis grunna fråvær og dyr innleige.

Det er lagt inn kutt i stilling til ekspedisjonen. Det betyr at me for det meste ikkje vil ha nokon tilgjengeleg i ekspedisjonen på omsorgstunet og telefontider vil bli redusert til eit minimum.

Budsjettframlegget inneheld ein vesentleg redusasjon i lønskostander for sjukeheim. Dette er delvis grunna stenging av skjerma, men me er avhengig av å lukkast med TØRN-arbiedet om me skal få dette til innanfor foreslåtte rammer.

Omsorg-pluss

Det er sett av nokon årsverk til drift av omsorg-pluss plassane. Det må være noko bemanning knytt til tiltaket for å ta seg av tilrettelegging og praktiske oppgåver. Tilbodet er under utvikling, og det er uvisse kring kva tid me får tilbodet i drift. Det er og avhengig av eksterne faktorar som godkjenning frå husbanken og statsforvaltar. Det er sett av investeringsmidlar i budsjettet til endringar på omsorgstunet. Dette handlar om diskusjonane som var i HST i september då plan for berekraftig omstilling vart vedteke. Med endringane ynskjer me å sikre eit kvalitetstilbod til personar med demens på 4 tilrettelagte plassar inne på same fløy av omsorgstunet som dei somatiske plassane er, og tilbodet blir ein del av dei 14 plassane.

Dagaktivitetstilbod for personar med demens:

Med stenging av skjerma eining er det blitt høgaktuelt å reetablere dagaktivitetstilbodet. Det er etablert demenskoordinatorfunksjon i haust, og det blir jobba med å bygge opp eit tilbod i tråd med plan for berekraftig omstilling.

Heimebaserte tenester:

Det er tilsett ny leiar for heimebaserte tenester som tiltrer stillinga i februar 2025. Ho vil få ansvaret for tildelingskontoret, ergoterapi og fysioterapi, heimesjukepleie og heimehjelp. Målet med slik organisering er å knytte tettare bånd mellom fysio/ergo, heimesjukepleien og koordinerande eining. Det blir jobba med etablering av førebyggjande heimebesøk til alle eldre og dei heimebaserte tenestene blir sentrale i å tilrettelegge for meistring og livskvalitet for heimebuande, og drive førebyggjande arbeid for å redusere framtidig tenestebehov. Satsing på dette området vil være heilt naudsynt for å imøtekomme forventningar i blant anna bu trygt heime-reforma.

Fysioterapi, ergoterapi og hjelpemiddelsentral

Fysioterapitilbodet fungerer godt. Det er 2 stillingar der ein fysioterapeut har eit hovudansvar for institusjon og har sett av 20% stilling til det. Den andre stillinga har eit større ansvar for folkehelse og barn/unge, gjennom oppfølging av friskliv og meistring, deltaking i koordinerande eining og deltaking i ressursteam, skulehelseteam og samarbeid med helsestasjon. Begge stillingane tilbyr individuell oppfølging i institutt. Eigendelar og helfo-refusjonar er ein stor del av finansieringsgrunnlaget for tenestene. Me legg opp til å oppretthalde denne drifta.

Ergoterapitilbodet har blitt styrka gjennom etablering av tildelingskontoret som har letta noko av trykket på sakshandsaming, og frigjort ressursar til klinisk arbeid.

Hjelpemiddelsentralen fungerer ikkje optimalt. Ergoterapeut tildeler hjelpemiddel og samfunn og plan stiller med montering. Ordninga blir utfordra av auka kompleksitet i hjelpemidlane, og auka krav til kompetanse hos montør. Me har ikkje finansiering til å tilføre ressursar til dette, og har per i

dag ikkje planar om ei ny løysing.

ØHD

Heradet driv i dag eit ØHD-tilbod i interkommunalt samarbeid med Voss herad som vertskommune. Tilbodet blir føreslått avvikla, med effektar for budsjettet i 2026. Eiga sak på dette.

Fastlegekontor og daglegevakt

Ulvik har 2 kommunalt tilsette legar som dekkjer fastlegeliste med 1200 plassar, tilsynslegefunksjon på sjukeheimen, og daglegevakt. Legane inngår i vaktordning for interkommunal legevakt. På legekontoret er det og 3 tilsette i 50-80% stilling. Dei har ei rekke oppgåver knytt til drift av legekontoret som inkluderer pasientarbeid, merkantile funksjonar og ekspedisjon. Me har 1 lege i eit «ALIS-løp» (allmennlege i spesialisering) som me mottek tilskot for, og me mottek kvar halvår LIS1-lege (lege i spesialisering) som er på kontoret i 6mnd. Legekontoret fungerer godt, og er ein bærebjelke i vår helseberedskap.

Kommuneoverlege

Kommuneoverlegen i Ulvik har varsla at ho går av med pensjon. Dette kan få stor betydning for tenestene. Me kan ikkje løyse dette med allereie tilsette personalressursar, og må vurdere kva alternativ med har. Det er dialog med andre kommunar om eit mogleg samarbeid rundt kommuneoverlege. Det er kjem ny rettleiar frå sentralt hald om kommuneoverlegefunksjonen som truleg vil tydeleggjere roller og ansvar, og gjere det lettare for oss å avgrense rolla. Kva ei ny løysing vil koste er stor usikkerheit rundt, men me legg opp til å løyse det innanfor gjeldande midlar til funksjonen.

Psykisk helse og rus

Hausten 2024 vart det tilsett spesialvernepleiar i full stilling. Dei siste åra har me hatt tilskotsfinansierte stillingar på feltet som har bidrege til ei utvikling på tenesteområdet. Prosjektet er no avslutta, og me ser ikkje at me kan oppretthalde tilsvarande ressursbruk. Lågterskel dagtilbod blir avvikla hausten 2024, og det er ikkje planlagt eit opplegg som erstattar dette. Opptappingsplan for psykisk helse 2023-2033 må følgjast opp. Det kjem ny rettleiar for feltet i nær framtid.

NAV, integrering og sosiale tenester

Portefølgja for sosialsaker er på rundt 30-35 personar i Ulvik herad. Hausten 2024 har området vert løyst gjennom bistand frå Voss. NAV-vestland har eit pågåande prosjekt saman med kommunane for å utgreie eit mogleg vertskommunesamarbeid for tenestene.

For 2025 blir det lagt opp til 2 stillingar, med 1,8 årssverk knytt til områda som skal ivareta dei kommunale oppgåve både på sosialfeltet og flyktningsfeltet. Dette erstattar tidlegare 2 årsverk pluss 0,6 mellombels stilling.

Heradet har gått inn på eit samarbeid med Steinkjær kommune om økonomisk- råd og rettleiing gjennom tilknytting til kompetansesenteret der. Tilbodet er oppe å går frå hausten -24 og er ei god løysing for å sikre kvalitet i denne delen av tenestetilbodet.

Spira: Barne- og familieeininga

Eininga skal omfatte barnevern, PPT, helsestasjon- skulehelseteneste, og barnekoordinator. Fokus skal være på førebygging og tidleg innsats. I 2025 vil etableringa av Spira være eit investeringsprosjekt i delar av året, slik at faktiske driftskostnader ikkje vil være klart før i budsjettet for 2026. Det er per no tilknytt 6 personar i ulike stillingar og hybridstillingar til Spira.

Krisesenter er organisert i samarbeid med Bergen kommune.

Folkehelse og forebygging

For å ivareta kommunen sitt ansvar blir det jobba med fleire samarbeid på dette feltet.

Voss, Eidfjord, Vaksdal og Ulvik har eit samarbeid om friskliv- og meistringstilbod på Voss. Det er eit tilbod med fleire kurs- og gruppetilbod. I eit kost-nytteperspektiv er dette eit svært godt tiltak som truleg vil redusere tenestebehovet på sikt.

Me har eit samarbeid med Kvam, Eidfjord, Voss og Vaksdal om 2 stillingar som klinisk ernæringsfysiolog. Etter at plan for berekraftig omstilling vart vedteke i haust, har me signalisert at me ynskjer å delta i samarbeidet framover. Ressursane skal nyttast for å styrke førebyggjande arbeid og folkehelsearbeid knytt til ernæring både inn mot born- og unge, men og eldre heimebuande og bebuarar på institusjon.

Eininga er i dialog med fleire andre kommunar om å etablere ein stilling knytt til miljøretta helsevern. Dette er eit område der me manglar kompetanse og er ein viktig del av det kommunale ansvaret. Kommuneoverlegar i fleire kommunar har fått/teke på seg ansvar for dette og har i mange år etterlyst betre løysingar.

Friskus aktivitetskalender har vore eit satsingsområde for å auke deltaking og oversikt over ulike fritidsaktivitetar i bygda. Kalenderen har fungert greit, mein eininga har ikkje finansiering til lisens eller personalressursar til å følgje opp løysinga og den er kutta i budsjettframlegget.

Institusjonskjøkken

Kjøkkenet er ein intregert del av fleire tenester. Her lagar me mat som blir del av tilbodet til heimebuande. Det blir lagt opp til at kjøkkenet skal tilby mat til bueningane på omsorg-pluss, og det skal være god mat til bebuarane på sjukeheim.

I tillegg skal kjøkkenet satse på auka inntekter gjennom kantinedrift og catering.

Skulemåltid er eit veldig godt tiltak som skapar liv og røre på omsorgstunet, og som skal bidreg til eit godt kosthold for skuleborna. Det er sett av investeringsmidlar til utstyr som kan gjere det mogleg å levere varmmat til barnehagen frå kjøkkenet i 2025, gjennom såkalla kok-og-kjøøl løysing. Med ei slik løysing vil me kunne tilby dette på ein rasjonell måte utan auke i bemanning. Dersom skulemåltid blir avvikla må ein tenkje nytt rundt kjøkkenet. Ein kan då truleg ikkje gjennomføre tiltak som tenkt og må redusere bemanninga.

Leiing og administrasjon

Plan for berekraftig omstilling helse og velferd la opp til ein leiarstruktur med god dekning for å sikre alle tilsette tilgjengelege leiarar med kapasitet til både administrative oppgåver, fagutvikling, oppfølging av HMT-arbeid. Dei økonomiske rammene har tvinga eininga til å redusere ambisjonsnivået. Det vil primært gå ut over kapasiteten til fagleg utvikling, oppfølging av sentrale reformar og strategisk arbeid. Eininga kjem i 2025 til å ha : kommunalsjef, avdelingsleiar omsorgstunet, leiar for heimebaserte tenester, kjøkkenleiar og leiar for Spira. Fleire av stillingane går delvis i drift. Leiar for legekontoret er per i dag ein funksjon kombinert med kommuneoverlege, som vil gå av med pensjon i 2025. Det er ikkje avklart korleis dette skal løysast, og det er ikkje budsjettmidlar til noko større leiarfunksjon der. Det er ikkje økonomisk rom for å tilsette eigen leiarfunksjon for sosiale tenester og integrering.

Me har ingen rein merkantil funksjon i budsjettet for 2025, i nokon del av eininga.

Tildelingskontoret har til saman 1 årsverk fordelt på 2 stillingar som tek seg av skjenkesaker, sakshandsaming, og vederlagsberekning.

Prosjekt med tilskotsfinansiering

I 2024 har me hatt fleire pågåande prosjekt, og det er framleis mykje finansiering å hente gjennom

prosjektmidlar. Me har avvikla ordninga med fast tilsett prosjektleiar då dette førte til eit for stort tal prosjekt som var for lite forankra i drift. For framtida må me søke på prosjekt der det passar drifta og der me ha kapasitet til å drifte prosjekt på ein god måte, og der det er realistisk å drifte tiltak vidare i framtida.

Drift av prosjekt er også ei utfordring ved at det legg beslag på administrative ressursar og reduserer kapasitet til anna viktig tenesteutvikling og leing.

Driftstilskot/faste tilskot

Det er fleire tilskot som er sentrale for drift av tenestene. Det gjeld fastlønstilskot for fysioterapeutar, tilskot til LIS og ALIS, helfo-refusjonar, og kompensasjonsordning for særleg ressurskrevjande tenester.

IT, teknologi og GDPR

Arbeid med velferdsteknologi er ein føresetnad for å lukkast med dei kommunale tenestene framover. Det vil være eit behov for gode løysingar. I tråd med plan for berekraftig omstilling ynskjer me å satsse på dette. Det blir og viktig i oppfølging av bu-trygt heime og andre sentrale føringar, og for å møte eit auka tenestebehov utan auke i ressurstilgangen.

Det er derfor lagt inn investeringsmidllar til nytt pasientvarslingsanlegg (PVA) i budsjettet. Eit slik anlegg må fungere som hub for velferdsteknologi, med integrasjon mot journalar. Det må være eit system som er rigga for moderne løysingar. Gjeldande løysing er ikkje god nok, og har i tillegg vore eit av dei største problemstillingane for arbeidsmiljøet på omsorgstunet grunna utfordringar med anlegget.

Eininga ligg bakpå med GDPR-arbeidet og må jobbe meir systematisk med dette om me skal imøtekomme dagens krav på området. Det er krevjande grunna ressurstilgangen og mange system som eininga driftar.

I 2025 får me fleire nye system for å rasjonalisere drift og grunna etablering av nye tenester. Barnevern og PPT treng fagsystem. Me har teke i bruk KI for å lette turnusarbeidet og me tek i bruk KI for å lette journalskriving for legeressursane våre slik at det blir frigjort tid der.

Me oppgraderer ressursstyringsprogramvaren i 2024 for å få til betre flyt i dette arbeidet i 2025, samt god integrasjon mot nytt økonomisystem. Dette vil lette administrasjonen i eininga.

Det er foreslått kutt i lisensar me meiner me klarar oss utan, og som ikkje bidreg til kostnadsbesparingar. Dette inkluderer friskus, assistert selvhjelp, stafettlogg, BTI-rettleiar.

Vårt største jorunalsystem er cosdoc - elektronisk pasientjournal. Dette er eit system nytta i heile pleie og omsorg, samt rus og psykisk helse. Det er nytta til rapportering og sakshandsaming. Systemet vil gå ut av drift innan få år, og me må få på plass ei ny løysing. Det er derfor lagt inn midlar til dette i investeringsbudsjettet.

Det er fleire sentralt utarbeida digitale løysingar, særleg gjennom fiks-plattformen til KS. Me har delteke i innføringsløp og har no på plass digi-helsestasjon, digital bekymringsmelding til barnevernet, og me har innført kjernejournal for sjukeheim og heimeteneste. Me har førebels avslått å delta i innføringsløp for digi-helse då me håpar å få tilsvarande funksjonalitet som integrert del av ny EPJ-løysing.

Samhandling

Strategi for helsefellesskapet i bergensområdet vart vedteke i 18 kommunar våren 2024. Samarbeidet er regulert gjennom ein partnerskapsavtale og strategien legg føringar for korleis partane skal arbeide kommande periode. Ulvik er representert i strukturen gjennom kommunalsjef i områdeutvalet og representatar frå tenestene i dei 5 underutvala. I tillegg er det eit samarbeid mellom kommunane i Voss lokalsjukehusområde om ein ressurs frå kommunane i samhandlingssekretariatet. Helsefellesskapet er ein viktig arena for utvikling av samhandling og satsing på prioriterte målgrupper. Med nasjonal helse og samhandlingsplan 2024-2027 kom det egne samhandlingsmidlar som skal bli forvalta gjennom fellesskapet.

Det er egne kommunalsjefnettverk og kommuneoverlegenettverk på utsida av fellesskapet som bidreg til godt samarbeid mellom kommunane og styrkar vår posisjon inn i den større strukturen.

4.1.3 Internkontroll og tilsyn

Helse og velferd har gjennom 2024 arbeida godt med etablering av nytt internkontrollsystem som no er heildigitalt.

Det har vore tilsyn frå arbeidstilsynet som resulterte i pålegg. I arbeidet med pålegget har det blitt utarbeida ny HMT-handbok og organisasjonsplan som legg føringar for HMT-arbeidet, og det er blitt gjennomført ei generell kartlegging av risikofaktorar for arbeidsmiljøet. Me har no eit godt utgangspunkt for vidare arbeid og ei klar organisering av arbeidet der partane er godt representert.

5 Samfunn og plan

5.1 Tenesteproduksjon

5.1.1 Økonomisk oversikt og mål for planperioden

5.1.1.1 Økonomi

§5-4 2. ledd - løyvingsoversikt drift - einingsnivå

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Samfunn og plan						
Driftsinntekter	-13 280 000	-10 743 000	-12 319 000	-13 559 000	-14 725 000	-15 601 000
Driftsutgifter	37 579 000	28 188 000	31 071 000	29 928 000	30 009 000	30 122 000
Netto	24 299 000	17 446 000	18 752 000	16 369 000	15 284 000	14 521 000

Vedlikehaldsplanen for bygg og for veg, samt VA-planen er førande for investeringane i 2025.

Minimalt med generelt vedlikehald gjer at det ikkje vert stort rom for innhenting av etterslep. Likevel kan ein sei at bygningsmassen og andre tekniske installasjonar i Ulvik er generelt god stand, sett vekk frå enkelte bygg.

Ut over dette er følgjande investeringar påbyrja/ikkje påbyrja i 2024, og som difor må vidareførast i 2025:

	Prosjekt	Sum løyvd (eks mva)	Brukt pr 10.11.24	Kommentar
029	Carport til 2 bilar omsorgstunet	300000	0	I planleggingsfase. Omdisponering av midlar i slutten av 2024 gjer at den kan byggjast i 2025 sidan kostanden er noko høgare enn først budsjetert
045	Møblering av beredskapsbustad, samt kvitevarer til alle utleigebustader	230000	60000	Vert utført når leilegheiter står tomme
035	Opprusting av trafikkskilt	150000	0	Ikkje gjennomført
034	Garderobe legekantor	1000000	0	Pågåande prosjekt
019	Ombygging sentrumsbygget			Sluttfaktura i 2025
017	Sikringstiltak for promenaden, jfr. HST 029/21	500000	0	Knytt til sentrumsplanen
	Garderobe basseng			Sluttfaktura i 2025

Omsorgstunet

I samband med omlegging av drift er det behov for å gjera endringar i bygget og utearealet for å få

til ei optimal drift for den nye bruken av bygget.

Det har etter ekstremværet Jakob vorte oppdaga lekkasje fleire plasser i taket på omsorgstunet. Grunnen er enno ikkje heilt avklart, men slik det ser ut no må heile skifertaket få nytt sutak. Kostnaden, og kven som må ta den - er enno uavklart.

Veg, vatn og avløp

VA-planen er ferdig og vedteken politisk. Fram til den vert rullert vil ein følgja den i samband med framlegging av budsjett.

Innan veg, bruer, kaiar osv. må det lagast ein eigen tiltaksplan for bruer og kaiar i 2025. Dette er eit arbeid som er vorte skubba fram i tid ei stund. Det vert for tida jobba med ei ny kartlegging, men ein veit frå tidlegar at:

Dampskipskaia 1 har kritiske skadar. Her er det observert skadar og manglar av kritisk betydning for bereevne og trafikktryggleik, mellom anna:

- svært omfattande armeringskorrosjon,
- avskalling og sprekkdanning på hovudbjelker og tverrbærarar.
- ny spesialinspeksjon anbefalast snarast.

Osa bru 2 har kritiske skadar: Det er observert skadar av betydning for brua sin bereevne og trafikktryggleik.

Osa bru 2 og 1: Det er observert mellom anna:

- betongplateelement har avskalling med armeringskorrosjon (bru 1 mindre enn bru 2),
- rekkverket reknast ikkje som køyresterkt,
- tilstøytande vegrekkverk manglar.

Tiltaksplan for bruer og kaiar vil verta lagt fram som eie eige sak i 2025.

Sentrumsutvikling

Så snart reguleringsplanen for sentrum er klar kan ein gå vidare og koma i gang med sentrumsutvikling. Slik det ser ut må ein ta høgde for samfinansiering med fylkeskommunen på dei punkta som gjeld offentleg veg, og eventuell endring av denne.

Brannstasjon

Det er kjøpt tomt til brannstasjon. Planlegging av ny stasjon er så smått i gang, og ein vil koma tilbake med ei sak kring denne investeringa så snart ein har noko konkret å forhalda seg til. Det er difor ikkje lagt inn noko sum i budsjettet, men vert varsla verbalt her at det kjem ei sak i 2025.

Kyrkja

Det er lagt inn midlar til forprosjekt minnelund i investeringsbudsjettet til samfunn og plan for 2025. Dette er eit prosjekt kyrkja ynskjer å gjennomføra, Målet med prosjektet er å få etablert ein

minnelund, noko som kan gjera behovet for kistegraver mindre på sikt. Gravplassmeldinga viser at det er naudsynt å nytta færre kistegraver i framtida. Det er og i 2026 lagt inn ein post for grunnundersøking etter tilråding frå Akasia som har utført ein vurdering av Ulvik kyrkje . Dette skal nyttast til å avklara om kyrkja sig, sidan det kan sjå ut som om den sig på sørsida i følgje rapporten. Desse investeringane kjem i tillegg til det ordinære tilskotet kyrkja får til drift.

§5-5 2. ledd - løyvingoversikt investering per prosjekt - einingsnivå

Beskrivelse	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Samfunn og plan 3440 Omsorgsbustader Helse 2024-2027	5 000 000	0	0	0
Samfunn og plan 4534 Handlingsplan veg 2024-2027	693 000	778 000	1 348 000	0
Samfunn og plan 4535 VA-plan vatn 2024- 2027	4 450 000	12 700 000	7 150 000	6 650 000
Samfunn og plan 4536 VA-plan avløp 2024- 2027	1 650 000	3 600 000	1 750 000	6 850 000
Samfunn og plan 4537 Vedlikehaldsplan bygg 2024-2027	7 392 000	2 274 000	1 992 000	1 361 000
Samfunn og plan 4539 Kyrkja og kyrkjegard 2025-2028	300 000	200 000	0	0
Samfunn og plan 4540 Sentrumsutvikling 2024-2027	6 250 000	0	0	0
Samfunn og plan 4542 Ny barnehage 2024- 2027	3 750 000	0	0	0

Av tiltak i vedlikehaldsplan bygg er tak Elvatun det mest omfattande tiltaket i 2025. Andre tiltak er relativt mindre tiltak, sjølv om Brakanes skule samla sett har ei høgare ramme.

Målet for 2025 og vidare framover var å få alle investeringstiltak inn i planen slik at løyvingane vert meir oversiktlege og samla i større planar framover. Dette har ein ikkje lykkast med i 2025 sidan det mellom anna vil koma eigne saker for fleire tiltak utover året slik som varsla andre stader i budsjettdokumentet.

Investeringar per tiltak - einingsnivå

Investeringsbudsjett 2025-2028 fyrste utkast 061124	2025	2026	2027	2028
HEL: Endringar omsorgstunet (003)	5 000 000	0	0	0
SOP: Barnehagen (020)	1 212 500	93 750	93 750	93 750
SOP: Brakanes skule (021)	2 587 375	1 162 375	599 875	599 875
SOP: Forprosjekt grunnundersøking kyrkjebygg (034)	0	200 000	0	0
SOP: Forprosjekt minnelund (033)	300 000	0	0	0
SOP: Handlingsplan veg (032)	692 500	778 000	1 348 000	0
SOP: Haugesenteret (018)	81 250	81 250	350 000	81 250
SOP: Idrettsanlegg (028)	62 500	62 500	62 500	62 500
SOP: Kommunale bustader (026)	12 500	12 500	37 500	37 500
SOP: Parkanlegg (027)	12 500	12 500	12 500	12 500
SOP: Samfunnshus (023)	1 300 000	50 000	412 500	50 000
SOP: Sentrumsbygget (019)	1 836 250	636 250	261 250	261 250
SOP: Sentrumsutvikling 2024-2028 (031)	6 250 000	0	0	0
SOP: Ulvik omsorgstun (022)	250 000	125 000	125 000	125 000
SOP: VA-plan avløp (025)	1 650 000	3 600 000	1 750 000	6 850 000
SOP: VA-plan vatn (024)	4 450 000	12 700 000	7 150 000	6 650 000
SOP: Verkstad (029)	37 500	37 500	37 500	37 500

5.1.1.2 Årsverk

Årsverk

Ansvar	Totalt antall årsverk	Faste	Midlertidige
280	4,05	4,05	

281	0,5	0,5
282	2,15	2,15
283	11,25	11,25

Det har i 2024 ikkje vore gjort endringar i organisasjonsstrukturen på samfunn og plan. Ein har no på slutten av året fått tilsett ein ny medarbeidar, som tek til 01.01.2025. Målet er å ta tilbake fleire tenester og utføra dei sjølv. Denne stillinga skal vera sjølvfinansierande sidan ein då får redusert konsulentbruken.

280 teknisk administrasjon har i 2024 4,05 årsverk

Administrativt fagområde 150 %

Kommuneplan 100 %

Rådgjevar landbruk 60%

Rådgjevar skogbruk, vilt og fiske 60 %

Kommunale veg 35 %

281 brann, redning og førebyggjande har totalt 0,5 årsverk

Eininga er dimensjonert i tråd med ny dimensjoneringsforskrift frå 2022.

Brannvernkoordinator 18% stilling

16 brannkonstablar i 2% stilling kvar, kor av 4 utrykningsleiarar

Ulvik herad kjøpar brannsjef teneste frå Voss (interkommunalt samarbeid).

282 Vatn og avløp, har 2,15 årsverk

VA-ingeniør 65 % stilling

Driftspersonell VA 150% stilling

283 bygningsavdeling har 11,25 årsverk

Byggansvarleg 50 % stilling

Vaktmeister og parkanlegg 495 % stilling

Reinhald 5,8 % stilling inkludert leiande reinhaldar.

5.1.1.3 Mål for økonomiplanperioden

Mål i økonomiplanperioden

Samfunn og plan har eit stort fokus på kostnadseffektiv drift, og har ein stabil stab med dyktige medarbeidarar. Det vert og jobba med omdøme både internt og eksternt. Spesielt utedrift er den delen av kommunen som ofte er mest synleg i det offentlege rom.

Med stadig høgare krav til planlegging og dokumentasjon, er det viktig å oppretthalde fagleg sterke medarbeidarar, noko som krev kurs og vidareutdanning av personale. Kursing er og noko som er ein faktor innan 10-faktor som Samfunn og plan skal jobba med.

Mål i økonomiperode 2025-2028 Samfunn og plan		
Mål	Tidsaspekt	vilkår
å levera gode tenesta med kortsakshandsamingstid innanfor dei gitte råmar	kontinuerleg	tilstrøkeleg bemanning og tilstrøkeleg kompetanse
å få betre kontroll over økonomi i eininga og halde økonomiske resultat innanfor gitte råmar, via auka internkontroll og periodisk tertialrapportering	kontinuerleg i økonomiplanperioden	realistisk budsjettering, alternativt redusera mål og bemanning
å gjennomføre vedlikehaldsprosjekter i tråd med vedteken revidert vedlikehaldsplan for kommunale bygg	2025-2026	Prosjektera tidlegare på året, samt ha interne ressursar til å halda tråden i prosjekta
Ferdigstilla regulering av området Holmen, Syslandet og sentrum	Innan 01.05.2025	Tilstrøkeleg bemanning og økonomi
å skaffe nytt drift- og overvåkingssystem på VA	Innan 1.06.2025	Halda press på framdrifta i prosjektet
å gjennomgå og evt. reforhandle avtalar innan drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg	innan 31.12.2025	Tilstrøkeleg med ressursar
Kommuneplanarbeid	Heile 2025	Tilstrøkeleg med ressursar
Laga ein oversikt over oppgåver/bygg ein utfører/eig som ikkje er naudsynt eller lovpålagt med tanke på kommunal drift	Heile 2025	Tilstrøkeleg med ressursar

5.1.1.4 Tenesteproduksjon

Generelt er tilrådinga å prøva å utføra fleire oppgåver sjølv, slik at ein kan redusera bruken av konsulent og anna innleigd hjelp.

Ansvarsområde 280 (administrasjon) Kurs prioritert jamfør 10 faktor undersøking.

Ansvarsområde 281 (brann) Normal drift om lag som i 2024

Ansvarsområde 283 (Bygg) Kurs prioritert jamfør 10 faktor undersøking.

Gebysatsar

Det er ikkje satt som mål å oppnå sjølvkost for gebyr innan byggesak og plan. Auken for 2025 er satt i 3 %. Målet er likevel reduserte kostander ved mindre bruk av konsulent innan fagfeltet. Det er ikkje lagt opp til auka betaling for folkehelseiltak som bruk av folkebadet, Finse skule og Osafjellsvegen.

Gebyra på vatn- og avløp er styrt av kommunedelplan for avløp og vert justert i samsvar med denne. Feiring får og ei eige justering som er større enn auken i andre avgifter.

Husleige for kommunale bustadar vert indeksregulert kvart år pr. 1.mai.

Plan, byggjesak, kart og oppmåling

Handsaming av søknadar innan område byggesak og oppmåling vert utført av ekstern firma, men det fritar ikkje heradet heilt for arbeid likevel. I 2025 skal ein ta fleire tenester tilbake, og utføra dei i eigen regi. Sjølv om ein klarar å redusera kostandane vil ein neppe oppnå sjølvkost innan denne tenesta. Oppmåling må framleis leigast 100 %, då ein mangla både personell og utstyr til å utføra dette arbeidet.

Heradsstyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Den er no ute på høyring. Den vil leggja føringar for det kommunale planarbeidet i perioden fram til 2027.

Klima og miljøarbeid

Klima ein sentral del av risikobiletet i framtida. Me kan venta auka nedbør, meir ekstremvêr, temperaturendringar og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk, reiseliv, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. Dette gjev nye utfordringar for planlegginga og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagslivet til folk. Samstundes vil det vera eit stort potensial for auka verdiskaping og næringsutvikling i utvikling av gode løysningar for klimatilpassing. Eksisterande leidningsnett for overvatn vil i framtida vera ei utfordring sidan den no ikkje er dimensjonert for dei nedbørsmengdene som vil komma.

Samfunnsdelen av kommuneplanen gjev klare føringar på at me skal bidra til å nå berekraftsmåla. Me skal handla no for å motverka klimaendringane og konsekvensane av desse.

Det grøne skiftet krev omstilling med vekst, innanor naturens tålegrensar og overgang til tenesteyting som gjev mindre negative konsekvensar på klima. Dette er omfattande og ressurskrevjande tverrsektorielt arbeid.

Dette har vore eit prosjektarbeid fram til tidleg 2024. Det så langt ikkje er funne midlar til arbeida vidare med no.

Landbruk/jordbruk/skogbruk

Innanfor *jordbruk* er det no 40 % stilling i Ulvik herad, og 20 % stilling vert leigd ut til Eidfjord kommune. I 2017 var stillinga på 80 % innanfor jordbruk i Ulvik herad, altså det dobbelte av det den er i dag, medan jobben er den same. Innanfor produksjonstilskot vert det handsama om lag 60 søknadar, med 2 søknadsfristar kvart år. I tillegg kjem det mellom anna søknadar om regionalt miljøtilskot, tilskot om avlingssvikt, tilskot til tiltak i beiteområder, tilskot til spesielle miljøtiltak og tilskot til drenering av jordbruksjord. Heradet uttalar seg og i søknadar som går til Innovasjon Norge. Sakshandsaming innan jordlov og konsesjonslov, er og arbeidsoppgåver landbrukskontoret gjer.

Fagområdet «skog» dekker kommunale ansvarsområde og arbeidsoppgåver innan skogbruk, tilskotsforvaltning, utmarksforvaltning, motorferdsel i utmark og på Rallarvegen, vilt- og

fiskeforvaltning, sekretariat for viltnemnda, vassmiljø, regionalt planarbeid knytt til Hardangervidda og Nordfjella, og anna prosjektarbeid mv. Aktuelle døme på det siste er regionale sti- og løypeplaner og kommunedelplan for naturmangfald finansiert med tilskot frå Miljødirektoratet. Kontoret har dei seinaste åra hatt redusert bemanning grunna permisjonsavvikling og vassområdeforvaltning, noko som har medført eit lite etterslep på planoppgåver knytt til skogbruk og viltforvaltning. Skrantesjuka (CWD) har òg medført endra rutinar og meir arbeid innan viltforvaltninga.

Fagfeltet er breitt samansett med kontinuerleg behov for fagleg påfyll/oppdatering.

Heradet har og lovpålagde oppgåver innanfor veterinærtenester. Veterinærvaktordninga er eit samarbeid med kommunane Eidfjord, Vaksdal, Modalen og Voss herad. Sistnemnde har vertssrolla. Dei statlege tilskota innan denne ordninga varierer år for år, difor varierer og summen heradet må setja av.

Tenestene ved landbrukskontoret er i hovudsak finansiert med overføringar frå næringsfondet.

Ulvik kaianlegg og gjestehamn

Ulvik herad har anløp av passasjerbåtar, særleg i sommarsesongen, på kaien ved Heradshuset. Heradet har begynt å krevja inn avgift for slike anløp, for å dekke kostnader med å drive eiga/eigne hamn(er) på ein forsvarleg og god måte. Inntektsnivå i 2024 har som i 2023 har vore lågt. Me forventar difor ingen auke i inntektsnivå i Ulvik gjestehamn i 2025.

Kva som er høvleg avgift innan er vanskeleg å sei, men dette er eit viktig tilbod med tanke på anna næringsliv i heradet. For den kommunale økonomien har desse inntektene mindre betydning. Avgifta kan justerast årleg, men ein har ikkje lagt opp til justering i år. Dessa midlane skal igjen nyttas til vedlikehald/utvikling av gjestehamna.

Administrasjon foreslår difor å vidareføra gebyrsatsar for 2024 og i 2025:

Hamneavgift: kr 150.- per døgn

Hamneavgift + straum: kr 180.- per døgn

Servicebygg (toalett og dusj) kr 30.-

Hamneavgift + straum + servicebygg: kr. 200.- per døgn.

Vatn og avløp

Heradet har ein gjeldande kommunedelplan for vann, avløp og miljø frå 2024 til 2030, med handlingsplan for perioden. Prosessen med anskaffing av nytt driftsovervåkingssystem pågår fortsatt.

Ulvik herad har eit kommunalt vassverk (i Osa). Vassverket blei etablert i 2001. Vassverket har god kapasitet og leverer godt drikkevatt. Vassbehandlinga består av desinfisering med UV-bestråling og dosering av vassglas for pH-justering. UV-aggregatet fungerer fint, råvatnet er reint utan turbiditet og med berre litt innhald av kalk. Utfordring er at pumpane bør bli skifta etter ca. 20 år, dvs. i 2021.

Delar av heradet har per i dag ikkje ei tilfredsstillande vassforsyning. Det gjeld både drikkevassforsyning og til sløkkevatn.

Delar av leidningsnettet må skiftast ut. På Prestegardsfeltet er det behov for sanering både av vass- og avløpsleidningar. Vassleidningane på feltet har til dels små dimensjonar og vert oppgradert for å

kunne sikre tilstrekkeleg brannvassdekning. Sanering vert utført med ein del av årlege avsette midlar til utskifting av leidningsnett. Tiltak innan VA følgjer i hovudsak VA-planen.

På avløpssida er det framleis stadig behov for nye tiltak på nettet. Tiltak som vert jobba med inn i 2025 er luktreduksjon på Hjeltnes. Ein vonar å få dette utført for ein relativt liten kostnad. Det er og ein lekkasje på ein sjøleidning som vert tetta i slutten av 2024 eller tidleg 2025.

Kommunale vegar

Heradet har gjeldande vedlikehaldsplan for oppgradering av kommunale vegar, denne planen følgjast i planperioden. Vegdekke er i grove trekk relativt bra i heradet. Ein legg opp til ein nøktern bruk av midlar til asfaltering i 2025.

Kommunale bygg og anlegg

Straumforbruk

Me har eit mål å ha betre kommunale bygg og redusera straumforbruk, og er i gang med overgang til LED lys i fleire bygg. Dette, saman med andre tiltak og tett oppfølging av forbruket vonar ein skal gje ein gevinst på sikt.

S-bygget og storsal

Nytt møterom/storsal er ferdig, og prøvedriftperioden går fram til sommaren 2025.

Ulvik Omsorgstun

Det var forventa minimalt behov for vedlikehald dei næraste åra på Ulvik omsorgstun, men drifta av bygget har forholdsvis høge løypande kostnader, grunna mange ulike system og anlegg som skal samkøyrast. Det har vore store problem med å få frys til å fungera slik den skal, men dette fekk ein stort sett orden på i 2024. Det var i 2024 først lekkasje på fleire flate tak om omsorgstunet, noko ein har fått utbetra. I November 2024 var det og lekkasje i skifertaka på bygget. Grunnen til dette er så langt ein har avklart at duken nytta som suttak ikkje er tett. Som kjent er Leigland bygg AS som stod for bygging av omsorgstunet konkurs, og forsikringa dekkar ikkje lekkasje gjennom tak på kommunale bygg. Heradet er no i dialog med leveradør av sutaksduken sidan det framleis er garanti på denne duken.

Skule og barnehage

Her har me framleis fokus på tryggleik og utbetringar slik som tidlegare år, samt oppgradering av bygningsmassen. Overgang til LED vert det også jobba med. Oppgradering av garderobane til symjehallen skal vera klare til årskifte 2024/25, og bassenget kjem i drift kort tid etter dette.

Kostnadane med utbetring etter hærverk er høge, og det vert jobba med å redusera desse utgiftene i lag med skulen.

Ny barnehage på dagens tomt er ei eige sak det vert jobba med, der administrasjonen, etter vedtak i heradsstyre, går vidare med planlegging av nybygg for 4 eller 5 avdelingar. Administrasjonen vil ha stort fokus på brukarinvolvering i planleggingsprosessen.

Brann/brannstasjon

Me opprettheld vårt lokale brannkorps, men kjøper brannsjef-funksjon, varabrannsjef-funksjon, branntilsyn, førebyggjande og anna overordna brannfagleg kompetanse frå Voss herad.

Me fortsett med lovpålagde kurs og kompetanse for brannmannskapane etter behov.

Det er kjøpt tomt til brannstasjon, og arbeidet med planlegging av ny stasjon vil skje i 2025.

Det er kjøpt tomt til brannstasjon, og det vert jobba vidare med ny stasjon i 2025. Dette vil koma som ei eige sak når kostnaden med ny stasjon er klar.

Utedrift/vaktmeistereneste

Det er ikkje lagt opp til ekstraordinære tiltak på utedrift i 2025. Målet er å redusera kostnader ved å utføra flere oppgåver sjølv. Kursing er nøkkelen til å få dette til.

5.1.2 Internkontroll og tilsyn

Samfunn og plan har ikkje hatt tilsyn innan noko fagfelt i 2024.

Internkontroll er eit kontinuerleg arbeid. Det kjem inn ein del avvik gjennom avvikssystemet compilo, noko som viser at systemet fungerer. Truleg er det likevel ein del hendingar som ikkje vert registrert i systemet slik dei skal. Dette må ein jobba med å forbetra i 2025.

Arbeid med stoffkartotek er og noko ein må jobba vidare i 2025.

6 Økonomiske oversikter

§5-4 1. ledd - løyvingsoversikt drift 2025-2028

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik						
Rammetilskudd	-65 549 000	-67 902 000	-74 932 000	-75 022 000	-76 430 000	-77 869 000
Inntekts- og formuesskatt	-28 630 000	-30 742 000	-35 451 000	-39 879 000	-40 687 000	-41 717 000
Eiendomsskatt	-11 434 000	-11 593 000	-11 949 000	-11 949 000	-11 949 000	-11 949 000
Andre generelle driftsinntekter	-16 917 000	-17 111 000	-17 111 000	-17 111 000	-17 111 000	-17 111 000
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	-122 530 000	-127 348 000	-139 443 000	-143 961 000	-146 177 000	-148 646 000
Sum bevilgninger drift, netto	127 321 000	117 486 000	125 255 000	130 409 000	130 349 000	128 989 000
Avskrivninger	10 521 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	137 841 000	127 869 000	135 638 000	140 792 000	140 732 000	139 372 000
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	15 311 000	521 000	-3 806 000	-3 170 000	-5 446 000	-9 274 000
Renteinntekter	-4 844 000	-4 788 000	-4 675 000	-5 180 000	-6 230 000	-6 988 000
Utbytter	-6 325 000	-4 152 000	-2 152 000	-1 652 000	-1 652 000	-1 652 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-2 574 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Renteutgifter	8 788 000	9 672 000	10 796 000	11 982 000	13 317 000	14 200 000
Avdrag på lån	6 166 000	6 965 000	8 851 000	10 356 000	10 966 000	11 414 000
NETTO FINANSUTGIFTER	1 211 000	5 697 000	10 821 000	13 506 000	14 401 000	14 974 000
Motpost avskrivninger	-10 521 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	6 001 000	-4 165 000	-3 368 000	-47 000	-1 428 000	-4 683 000
Overføring til investering	0	454 000	0	0	0	0

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Avsetninger til bundne driftsfond	17 974 000	9 170 000	8 951 000	8 974 000	8 982 000	9 326 000
Bruk av bundne driftsfond	-15 504 000	-9 704 000	-10 351 000	-10 110 000	-10 110 000	-10 110 000
Avsetninger til disposisjonsfond	11 442 000	7 455 000	6 009 000	1 182 000	2 556 000	5 467 000
Bruk av disposisjonsfond	-19 913 000	-3 211 000	-1 240 000	0	0	0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-6 001 000	4 165 000	3 368 000	47 000	1 428 000	4 683 000

§5-4 2. ledd - løyvingsoversikt drift - per eining 2025-2028

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Stab						
Driftsinntekter	-3 290 000	-1 541 000	-1 516 000	-1 516 000	-1 516 000	-1 516 000
Driftsutgifter	33 759 000	32 045 000	33 855 000	33 865 000	33 865 000	33 865 000
Netto	30 469 000	30 504 000	32 338 000	32 348 000	32 348 000	32 348 000
Oppvekst						
Driftsinntekter	-7 158 000	-3 646 000	-2 555 000	-2 555 000	-2 555 000	-2 555 000
Driftsutgifter	50 619 000	45 013 000	42 286 000	41 503 000	41 503 000	41 503 000
Netto	43 461 000	41 367 000	39 731 000	38 948 000	38 948 000	38 948 000
Helse og velferd						
Driftsinntekter	-19 770 000	-13 721 000	-14 966 000	-12 566 000	-12 566 000	-12 566 000
Driftsutgifter	79 480 000	66 664 000	67 129 000	67 315 000	67 315 000	67 315 000
Netto	59 711 000	52 943 000	52 163 000	54 750 000	54 750 000	54 750 000
Samfunn og plan						
Driftsinntekter	-13 280 000	-10 743 000	-12 319 000	-13 559 000	-14 725 000	-15 601 000
Driftsutgifter	37 579 000	28 188 000	31 071 000	29 928 000	30 009 000	30 122 000
Netto	24 299 000	17 446 000	18 752 000	16 369 000	15 284 000	14 521 000
Finans						
Driftsinntekter	-22 745 000	-35 237 000	-26 356 000	-24 290 000	-24 290 000	-24 290 000
Driftsutgifter	-7 874 000	10 463 000	8 625 000	12 283 000	13 308 000	12 712 000
Netto	-30 619 000	-24 773 000	-17 731 000	-12 007 000	-10 982 000	-11 578 000

§5-5 1. ledd - løyvingsoversikt investering 2025-2028

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik						
Investeringer i varige driftsmidler	29 334 000	31 741 000	41 151 000	20 602 000	13 878 000	15 499 000
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 984 000	0	0	0	0	0
Utlån av egne midler	2 770 000	5 000 000	20 000 000	0	0	0
Avdrag på lån	4 730 000	0	0	0	0	0
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	38 818 000	36 741 000	61 151 000	20 602 000	13 878 000	15 499 000
Kompensasjon for merverdiavgift	-5 621 000	-5 390 000	-6 440 000	-820 000	-996 000	-400 000
Tilskudd fra andre	-200 000	0	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	-278 000	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-1 836 000	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-15 226 000	-31 350 000	-54 711 000	-19 781 000	-12 882 000	-15 099 000
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	-23 160 000	-36 741 000	-61 151 000	-20 602 000	-13 878 000	-15 499 000
Avsetninger til bundne investeringsfond	1 344 000	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-4 038 000	0	0	0	0	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	236 000	0	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	-13 200 000	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-15 658 000	0	0	0	0	0

§5-5 2. ledd – prosjektoversikt investering 2025-2028

Beskrivelse	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik 0 (Ingen prosjekt)	-6 440 000	-820 000	-996 000	-400 000
Ulvik 2026 Nye serverar 2025	688 000	0	0	0
Ulvik 2104 IT maskinvarer Kvam (evig - 2-års intervall)	250 000	0	250 000	0
Ulvik 2105 IKT skule	579 000	313 000	500 000	538 000
Ulvik 2120 Ny trådløs infrastruktur 2019	188 000	188 000	0	0
Ulvik 2136 Avhending av fysisk arkiv til IKAH 2023-2025	500 000	0	438 000	0
Ulvik 2195 Ny programvare E-admin 2024	125 000	0	0	0
Ulvik 2196 Faste IKT-investeringar Stab 2024-2027	188 000	188 000	188 000	0
Ulvik 2199 Nytt ERP-system 2023-2025	550 000	0	0	0
Ulvik 2236 Interact digitale skjema 2025	125 000	0	0	0
Ulvik 2237 Integrasjon Acos Websak	138 000	0	0	0
Ulvik 3017 Varmmat i barnehagen 2025-2028	313 000	0	0	0
Ulvik 3440 Omsorgsbustader Helse 2024-2027	5 000 000	0	0	0
Ulvik 3444 Spira barne og familieeining 2024	3 000 000	0	0	0
Ulvik 3445 Elektronisk pasientjournal 2025	1 563 000	0	0	0
Ulvik 3446 Pasientvarsling 2025	3 125 000	0	0	0
Ulvik 4534 Handlingsplan veg 2024-2027	693 000	778 000	1 348 000	0
Ulvik 4535 VA-plan vatn 2024-2027	4 450 000	12 700 000	7 150 000	6 650 000
Ulvik 4536 VA-plan avløp 2024-2027	1 650 000	3 600 000	1 750 000	6 850 000

Beskrivelse	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik 4537 Vedlikehaldsplan bygg 2024-2027	7 392 000	2 274 000	1 992 000	1 361 000
Ulvik 4538 Inventar Oppvekst 2024-2027	338 000	363 000	263 000	100 000
Ulvik 4539 Kyrkja og kyrkjegard 2025-2028	300 000	200 000	0	0
Ulvik 4540 Sentrumsutvikling 2024-2027	6 250 000	0	0	0
Ulvik 4542 Ny barnehage 2024-2027	3 750 000	0	0	0
Ulvik 9100 LÅN	-34 711 000	-19 781 000	-12 882 000	-15 099 000

§5-6 Økonomisk oversikt drift - 2025-2028

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Ulvik						
Rammetilskudd	-65 549 000	-67 902 000	-74 932 000	-75 022 000	-76 430 000	-77 869 000
Inntekts- og formuesskatt	-28 630 000	-30 742 000	-35 451 000	-39 879 000	-40 687 000	-41 717 000
Eiendomsskatt	-11 434 000	-11 593 000	-11 949 000	-11 949 000	-11 949 000	-11 949 000
Andre skatteinntekter	-16 686 000	-16 951 000	-16 951 000	-16 951 000	-16 951 000	-16 951 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-231 000	-160 000	-160 000	-160 000	-160 000	-160 000
Overføringer og tilskudd fra andre	-49 891 000	-46 699 000	-18 001 000	-15 601 000	-15 601 000	-15 601 000
Brukerbetaling	-6 521 000	-6 957 000	-6 156 000	-6 156 000	-6 156 000	-6 156 000
Salgs- og leieinntekter	-9 830 000	-11 231 000	-33 554 000	-32 728 000	-33 895 000	-34 770 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	-188 773 000	-192 235 000	-197 154 000	-198 447 000	-201 829 000	-205 174 000
Lønnsutgifter	91 679 000	90 155 000	88 474 000	86 916 000	86 997 000	87 110 000
Sosiale utgifter	20 870 000	23 346 000	23 202 000	28 452 000	29 477 000	28 881 000
Kjøp av varer og tjenester	61 739 000	48 906 000	52 280 000	51 016 000	51 016 000	51 016 000
Overføringer og tilskudd til andre	19 276 000	19 967 000	19 011 000	18 511 000	18 511 000	18 511 000
Avskrivninger	10 521 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000	10 383 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	204 084 000	192 756 000	193 348 000	195 277 000	196 383 000	195 900 000
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	15 311 000	521 000	-3 806 000	-3 170 000	-5 446 000	-9 274 000
Renteinntekter	-4 844 000	-4 788 000	-4 675 000	-5 180 000	-6 230 000	-6 988 000
Utbytter	-6 325 000	-4 152 000	-2 152 000	-1 652 000	-1 652 000	-1 652 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-2 574 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Renteutgifter	8 788 000	9 672 000	10 796 000	11 982 000	13 317 000	14 200 000

Beskrivelse	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Avdrag på lån	6 166 000	6 965 000	8 851 000	10 356 000	10 966 000	11 414 000
NETTO FINANSUTGIFTER	1 211 000	5 697 000	10 821 000	13 506 000	14 401 000	14 974 000
Motpost avskrivninger	-10 521 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000	-10 383 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	6 001 000	-4 165 000	-3 368 000	-47 000	-1 428 000	-4 683 000
Overføring til investering	0	454 000	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	17 974 000	9 170 000	8 951 000	8 974 000	8 982 000	9 326 000
Bruk av bundne driftsfond	-15 504 000	-9 704 000	-10 351 000	-10 110 000	-10 110 000	-10 110 000
Avsetninger til disposisjonsfond	11 442 000	7 455 000	6 009 000	1 182 000	2 556 000	5 467 000
Bruk av disposisjonsfond	-19 913 000	-3 211 000	-1 240 000	0	0	0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	-6 001 000	4 165 000	3 368 000	47 000	1 428 000	4 683 000

§5-7 Oversikt gjeld og forpliktingar

Jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett m.m skal kommunen vise oversikt over utviklinga i gjeld og vesentlege forpliktingar for perioden. For Ulvik herad utgjør dette i hovudsak lån og pensjonsforpliktingar.

	2025	2026	2027	2028
Lånegjeld IB	166 926 780	193 445 211	203 559 534	206 198 231
Avdrag	8 192 569	9 666 677	10 243 303	10 657 425
Låneopptak	34 711 000	19 781 000	12 882 000	15 099 000
Lånegjeld UB	193 445 211	203 559 534	206 198 231	210 639 806
Startlån IB	10 253 684	9 594 958	8 905 224	8 182 795
Avdrag	658 726	689 734	722 429	756 445
Låneopptak	0	0	0	0
Lånegjeld UB	9 594 958	8 905 224	8 182 795	7 426 350
Samla lånegjeld UB	203 040 169	212 464 758	214 381 026	218 066 156

Fra: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]
Sendt: 21.01.2025 09:29:28
Til: Kjartan Haugsnes; Helge Inge Johansen; Einar Kåre Ulla; Stian Skår Ludvigsen; Jacob Edeko Davila Andreassen[Kjartan.Haugsnos@vlfk.no; Helge.Inge.Johansen@vlfk.no; Einar.Kare.Ulla@vlfk.no; Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no; Jacob.Edeko.Davila.Andreassen@vlfk.no]
Tittel: VS: FKT - medlemsinformasjon januar 2025

Til orientering.

HH

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Sendt: mandag 20. januar 2025 14:45
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Emne: FKT - medlemsinformasjon januar 2025

Til FKT sine medlemmer v/leder kontrollutvalget og daglig leder sekretariat

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er glade for å kunngjøre at Nina Herland tiltrer som ny generalsekretær fra 1. april.

[Les mer om ansettelsen på vår hjemmeside](#)

Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen
Generalsekretær

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no / +47 414 71 166 / www.fkt.no

[Hold deg oppdatert med vårt nyhetsbrev](#)



Saksframlegg

Saksnr: 2023/503-15
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	7/25	13.02.2025

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.